

Årsrapport 2019



Trygg og framtidsretta
time.kommune.no



Time kommune

Framsidebilete: Opning av nye Trollongane barnehage i 2019. Foto: Time kommune.

VISJONEN VÅR

TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

VERDIANE VÅRE

Ansvaret

Me har evne til å sjå, mot til å handla
Me ser og forstår heilskapen
Me er opne og direkte i samhandlinga

Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive
Det me vil, det søker me å få til
Me er i utvikling

Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko
Alle skal ha reell medverknad på eigen
arbeidssituasjon
Tilsette skal sikrast deltaking i
avgjerdss prosessar

LEVEREGELEN VÅR

Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheter
- heia fram gode idéar

«*Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»*
Arne Garborg

Innhold

Rådmannen si innleiing	6
Framlegg til vedtak.....	8
Forklaringar	8
Planhierarki	8
1 Utviklingstrekk.....	9
1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....	9
1.2 Folketalsutvikling.....	10
1.3 Næringsutvikling	11
2 Økonomiske hovudtal	13
2.1 Driftsrekneskapen.....	13
2.2 Finans- og finansforvaltning	16
2.3 Balanse per 31.12.2019	17
2.4 Økonomiske nøkkeltal.....	20
3 Fornya, forenkla og forbetra.....	22
3.1 Vurdering og oppsummering av driftsåret	22
4 Folkehelse.....	23
5 Tenester	27
5.1 Hovudtal per tenesteområde.....	27
5.2 Oppvekst.....	27
5.3 Omsorg	44
5.4 Samfunn	53
5.5 Stabstenester, næring og trussamfunn	69
6 Kommunen som arbeidsgjevar.....	75
6.1 Rapportering om tiltak 2019	75
6.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret	76
6.3 Utfordringar framover	79
7 Investeringar	81
7.1 Administrasjon og fellesprosjekt.....	82
7.2 Skular og barnehagar.....	83
7.3 Omsorg	84
7.4 Samfunn	85
7.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2019	90

8 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	93
9 Status politiske vedtak og planstrategi	96
9.1 Politiske vedtak 2019	96
9.2 Politiske vedtak før 2019.....	98
9.3 Planstrategi 2016-2020.....	104
10 Nøkkeltal	105
10.1 Oppvekst.....	105
10.2 Omsorg	111
10.3 Samfunn	115
10.4 Administrasjon	126

Rådmannen si innleiing

Årsrapporten for 2019 er ei tilbakemelding frå rådmannen til dei folkevalde i Time kommune på resultat og bruk av ressursar. Her peikar me også på utfordringar som må løysast i framtida. Rekneskap 2019 er kommunen sin offisielle rekneskap.

Året 2019 starta med framlegging av ein rekneskap for 2018 som viste meirforbruk i tenestene på 21 millionar kroner. Budsjettet for 2019 hadde teke høgde for nokre av desse kostnadane, men langt frå alle. Det vart derfor iverksett ein revisjon av budsjettet for 2019 slik at det skulle vera realistisk og mogleg å styra etter økonomisk. Det reviderte budsjettet vart vedtatt av kommunestyret 2. april 2019.

Etter fleire år med stor nettoinnflytting og høge fødselstal, har me i åra 2016-2018 hatt netto utflytting og fødselstala er betydeleg reduserte. Pågangen av nye flyktningar og arbeidsinnvandrarar er også liten. Bustadbygginga er låg. Dette påverkar inntektsnivået til kommunen og etterspørselet etter tenester først i barnehagane, plan og forvaltning, Bryne kompetansesenter og etter kvart i skulen. Gamle framskrivingar vert justerte. Tenestetilbodet må tilpassast endra behov. I 2019 har kommunen tilpassa bemanninga i kommunale barnehagar og på Bryne kompetansesenter slik at kostnadane samsvarer med nytt inntektsnivå og lågare etterspørsel.

Skatteinntektene til Time kommune sakka akterut samanlikna med utviklinga i landet. Etter seks år med låge inntekter ser det ut som kommunen sine skatteinntekter ikkje kjem tilbake på nivået før oljenedturen. Me må for framtida budsjettera tenestenivået ut frå eit lågare forventa inntektsnivå. Kostnadane på fleire område er reduserte i 2019, men kommunen må ytterlegare ned i tida framover for å tilpassa seg det nye inntektsnivået.

Netto driftsresultat for 2019 var på 25,2 millionar kroner (1,7 %) mot 5,1 millionar kroner (0,4 %) i 2018. Det gode resultatet kjem frå meirinntekter på skatt og skatteutjamning og ein samla tenesteproduksjon som klarte å ha ei god drift også med reduserte midlar vedtatt i «Revidert budsjett 2019». Tenesteproduksjonen viste i 2019 eit meirforbruk i forhold til budsjett på 3,1 millionar kroner medan fjarårsresultatet var eit meirforbruk på 21 millionar kroner. Meirforbruket i 2019 er knytt til svikt i inntektene frå Bryne kino og ressurskrevjande tenester. I 2019 har heile organisasjonen Time kommune, dratt i lag for å koma på eit driftsnivå som samsvarer med dei ressursane kommunen har tilgjengelege.

Sjølv om Time kommune sitt netto driftsresultat på 1,7 % er bra, er det likevel ikkje så bra som nabokommunane sitt. Hå kommune landa på eit resultat på 3,1 % medan Klepp fekk eit resultat på 3,9 %.

På stadig fleire område innfører staten normer for bemanning og kompetanse. I 2019 har me full økonomisk effekt av pedagognorm og norm for grunnbemanning i barnehage og lærarnorm for skule. Innføringa av desse normene har auka det kommunale utgiftsnivået til tenestene. Ressursane som må brukast til normbemanning må hentast frå andre delar av den kommunale tenesteproduksjonen.

Sjukefråværet er redusert med 0,2 prosentpoeng til 7,1 % i 2019.

Trass i at 2019 var eit utfordrande år for Time kommune, er det positive utviklingstrekk som me håper skal gje utslag i framtida. Regionen har låg arbeidsløyse og god vekst i arbeidsplassar. Færre mottek sosialhjelp og utbetalinga er redusert med 4 millionar kroner eller 20 % frå 2018. Netto kostnadane til sjukeheimane er reduserte med 1,4 millionar kroner.

Rådmannen ønsker å trekka fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidarane i Time kommune, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2019. Året har vore økonomisk utfordrande og heile organisasjonen har dratt i lag for kome i mål. Dei tilsette har under dei stramme økonomiske rammene levert gode tenester og god økonomistyring og gitt sitt bidrag til at kommunen i 2019 kjem ut med betre resultat enn i 2018.

Etter rekneskapsåret 2019 er avslutta og årsrapporten er under fullføring, har koronakrisa ramma landet. Ei nedstenging av heile landet og opptrapping av helsetiltak, rammar kommunen både på kostnadssida og ved reduserte inntekter, og då spesielt skatteinntekter. Det er for tidleg å stipulera kva dette vil kosta for Time kommune. Det er alt for mange ukjente faktorar som kor kraftig vert landet ramma av epidemien, kor lenge vil han vara, korleis slår dette ut på næringslivet, kor høg vert arbeidsløysa og ikkje minst korleis går det elles i Europa og verda. Ein god del av kommunen sine tap vil nok staten dekka, men også dette er ukjente tal.

Årsrapporten er ei oppsummering og vurdering av den kommunale drifta per 31. desember. Store delar av rapporten er òg skriven før koronapandemien slo til for fullt i Norge. Dokumentet må lesast i lys av dette.



Trygve Apeland

Rådmann

Framlegg til vedtak

1. Driftsrekneskapen for 2019 vert godkjent. Mindreforbruket på 7,96 millionar kroner vert avsett til disposisjonsfond.
2. Investeringssrekneskapen for 2019 vert godkjent.
3. Årsrapporten for 2019 vert godkjent.
4. Utfordringar som årsrapporten peikar på vert vurderte i arbeidet med ny økonomiplan.


Forklaringsar

KOSTRA-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2019. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Hå, Klepp, Sandnes og kommunegruppe 8. Me tek atterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2020.

Rekneskap for 2019 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2019». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringssrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

Årsrapporten skal gjera tydeleg greie for i kva grad tiltaka i økonomiplanen er utførte. Alle tiltak frå økonomiplanen er gjevne fargekodar som viser om tiltaket er utført (grønt/U), delvis utført (gult/D), eller ikkje utført (raudt/I). Delvis utførte tiltak og ikkje utførte tiltak vert kommenterte. Utførte tiltak vert i hovudsak ikkje kommenterte.

Planhierarki



1 Utviklingstrekk

1.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk økonomi har utvikla seg bra dei siste åra. Etterspørselen i oljesektoren er snudd frå nedgang til vekst. Det har også vore vekst i verdsøkonomien og norsk økonomi har betra konkurranseseevna på grunn av svak krone og moderate lønnsoppgjer. Avstanden mellom lønnsnivået i industrien i Norge og våre konkurrentland er halvert på fem år.

Utviklinga i norsk økonomi i 2019 viser god aktivitet innan oljesektoren og resten av norsk næringsliv. Arbeidsløysa har stabilisert seg på eit lågt nivå og arbeidsstyrken aukar.

Arbeidsstyrken aukar, då folketalet i arbeidsdyktig alder stig og fleire som i lågkonjunkturen trekte seg ut av arbeidsmarknaden vender tilbake til arbeidslivet.

Det er teikn som tyder på at konjunkturutviklinga har nådd toppen. Dei siste månadane i 2019 viste ein svak reduksjon i etterspørselen etter varer og tenester frå hushaldningane.

Investeringane og dermed aktiviteten i oljesektoren var høgare enn forventa i 2019 og veksten er forventa lågare framover. Den norske krona har fortsatt svekka seg i 2019 – noko som er positivt for eksportbedriftene. Konjunkturane hos dei viktigaste handelspartnerane våre viser svak negativ utvikling i 2019.

Rentene er fortsatt låge, men har stige noko. Auka rentenivå kan føra til redusert forbruk, noko som kan påverka etterspørselen etter varer og tenester og dermed konjunkturane framover. Ei svekka krone er positivt for eksportbedriftene, men betyr også auka prisar på importvarer som er innsatsfaktorar for norske bedrifter. Dette fører igjen til auka prisvekst innanlands.

Lønnsveksten frå 2018 til 2019 var på 3,4 %. Prisveksten var på 2,2 % og det betyr reallønnsvekst for hushaldningane i 2019.

Kommunesektoren hadde i 2019 som dei siste åra, høgare skatteinntekter enn forventa. Den viktigaste grunnen er den gode arbeidsmarknaden i landet. Arbeidsmarknaden har vist størst forbetring i Rogaland og i 2019 har dette slått ut i høgare skattevekst enn landet. Kommunane samla hadde ein skattevekst på 4,7 % og kommunane i Rogaland hadde ein vekst på 6,1 %. Det er først og fremst dei skatterike kommunane Stavanger og Sola som dreg opp gjennomsnittet.

Det ser ikkje ut til at skatteinntektene i Rogaland vil nå nivået før oljenedgangen. Dei fleste har nå fått jobb igjen, men inntektene ligg nok på lågare nivå enn tidlegare. Dei siste åra har skatteinntektene for landet vorte høgare enn forventa. Då det nå er liten arbeidskraftsreserve er det lite truleg at skatteinntektene fortsatt skal verta høgare enn forventa.

1.2 Folketalsutvikling

Folketal, fødslar, døde, inn- og utflytting 2016-2019

	2016	2017	2018	2019
Folketal per 1.1.	18 572	18 656	18 699	18 795
Fødde	265	244	247	208
Døde	98	97	105	104
Fødselsoverskot	167	147	142	104
Innflyttarar	983	909	994	947
Utflyttarar	1 064	1 012	1 040	930
Flytteoverskot	-81	-103	-46	17
Samla tilvekst	84	43	96	121
Folketal 31.12.	18 656	18 699	18 795	18 916
Fødselsoverskot i %	0,90	0,79	0,76	0,55
Flytteoverskot i %	-0,44	-0,55	-0,25	0,09
Folkevekst i %	0,45	0,23	0,51	0,64


Kjelde: SSB

Folkeveksten dei fire siste åra ligg godt under det kommunen har hatt tidlegare.

Fødselsoverskotet for åra 2012 til 2014 var i gjennomsnitt på 1,05 %. Fødselsoverskotet i perioden 2016 til 2019 er redusert kvart år og med ein markert nedgang i 2019 til 0,55 %.

I åra 2016-2018 hadde kommunen netto utflytting og i 2019 ei lita netto innflytting. Dette er ei stor endring frå alle dei åra me hadde store netto innflyttingar. Nedgang i fødselstal og endra flyttemønster gjev avvik i kommunen sine tidlegare prognosar for folkevekst.

Folkeveksten i landet i 2019 var på 0,73 %.



Folketal 2016-2019 per aldersgruppe

	2016	2017	2018	2019	Endring 16-19
0	266	246	247	209	-21,4 %
1-2	538	510	510	490	-8,9 %
3-5	864	841	806	787	-8,9 %
6-12	1 885	1 932	1 977	2 000	6,1 %
13-15	722	719	712	719	-0,4 %
Sum 0-15	4 275	4 248	4 252	4 205	-1,6 %
16-19	994	999	1 008	971	-2,3 %
20-66	11 277	11 279	11 275	11 411	1,2 %
Sum 16-66	12 271	12 278	12 283	12 382	0,9 %
67-79	1 517	1 548	1 619	1 668	10,0 %
80-89	497	517	535	556	11,9 %
90+	96	108	106	105	9,4 %
Sum 67+	2 110	2 173	2 260	2 329	10,4 %
Sum	18 656	18 699	18 795	18 916	1,4 %

Folketalsutviklinga viser stor nedgang i talet på barn i forskulealder og toppar seg med ein nedgang på 21,4 % for 0-åringar. Små barnekull i aldersgruppe 0-5 år viser nå igjen i etterspørseren etter barnehageplassar. I barneskulen kan me forventa nedgang frå 2021 og i ungdomsskulen vil me først få ein oppgang før nedgangen startar om 4-5 år dersom denne utviklinga held fram.

Talet på eldre over 67 år har auka med 10,4 %. Når det gjeld talet på eldre over 90 år så har det auka med berre 5 % sidan 2014.

Kommunen hadde ein samla folkevekst på 1,4 % for perioden 2016-2019. Kommunen hadde til samanlikning ein vekst for perioden 2012-2015 på 9,2 %.

1.3 Næringsutvikling

Bedrifter etter talet på tilsette i Time per 31. des.

	2015	2016	2017	2018	2019
Ingen tilsette	1 194	1 277	1 271	1 217	1 252
1-4 tilsette	301	314	336	343	325
5-19 tilsette	258	244	240	247	252
20-49 tilsette	70	69	71	66	67
50-99 tilsette	14	14	14	18	17
100 tilsette og meir	9	10	8	8	8
Sum	1 846	1 928	1 940	1 899	1 921

Kjelde: SSB


Det er auke i talet på bedrifter siste året, men det er bedrifter utan tilsette som aukar. Dei siste åra har me hatt 14 bedrifter med mellom 50-99 tilsette. Dette er nå auka til 17 bedrifter – ein liten nedgang frå 2018.

Arbeidsplassar og pendling i Time kommune per 31. des.

	2015	2016	2017	2018	2019
Arbeidsplassar	7 529	7 473	7 416	7 714	7 560
Innpendling	3 773	3 759	3 726	3 976	3 909
Utpendling	6 103	6 011	6 044	6 167	6 305
Konkursar	8	11	13	13	18
Nyetablerte føretak	169	204	186	156	

Kjelde: SSB

Talet på arbeidsplassar i Time viser fin utvikling i 2018 med ein vekst på 298 arbeidsplassar eller 4 %, men i 2019 er talet på arbeidsplassar redusert med 154 eller 2 %. Det har i 2019 vore flytting av bedrifter mellom kommunane Klepp og Time, og dette ser ut til å slå ut i statistikken. Negativ utvikling i talet på arbeidsplassar fører til auka utpendling til andre kommunar.



Arbeidsløysa i Rogaland og landet viser i 2019 svak nedgang. Når det gjeld Time kommune har arbeidsløysa stabilisert seg på eit lågt nivå på 1,8 %. Arbeidsløysa for Rogaland er på landsgjennomsnittet medan Time kommune dei to siste åra igjen har kome under landsgjennomsnittet.

2 Økonomiske hovudtal

I årsrapporten presenterer me eit utdrag av rekneskapstala for 2019 (i heile tusen) og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2019» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gjev utfyllande informasjon, presentert. Alle referansar i kapittel 2 viser til dette dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, mens investeringane vert omtala under kapittel 7.

2.1 Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt - drift note	Rekneskap 2019	Budsjett m/endringar	Budsjett u/endringar	Rekneskap 2018
Driftsinntekter				
Skatt på inntekt og formue	561 434	556 200	572 000	540 548
Rammetilskott	472 842	461 200	456 000	445 514
Overføringer med krav til motyting	413 136	317 886	312 729	398 801
Sum driftsinntekter	1 447 412	1 335 286	1 340 729	1 384 863
Driftsutgifter				
Lønnskostnader	950 522	902 004	895 912	916 840
Kjøp til eigen produksjon	132 181	116 832	118 566	134 897
Kjøp frå andre	242 512	234 892	227 411	233 141
Overføringer	63 878	39 118	57 114	68 246
Sum driftsutgifter	1 389 093	1 292 846	1 299 003	1 353 124
Finansinntekter				
Finansinntekter	46 470	43 025	42 675	42 386
Finanskostnader				
Finanskostnader	14	28 826	23 050	23 300
Avdrag	14	50 792	51 800	45 272
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-33 148	-31 825	-32 425	-26 617
Netto driftsresultat	25 171	10 615	9 301	5 122
Disponert slik:				
Overført til investeringsregnskapen		-15 512	-15 240	-12 214
Bruk av tidlegare års mindreforbruk		-	-	14 725
Netto avsetning disposisjonsfond	6	-1 465	204	2 925
Bruk av bundne fond	6	-235	4 021	3 214
Mindre-/meirforbruk	15	7 959	-400	-

Kommunen gjekk med eit samla mindreforbruk på 8 millionar kroner i 2019. I 2018 hadde me eit netto meirforbruk på 8,8 millionar kroner. Meirforbruket i 2018 vart saldert mot avsetting til fond og viser derfor ikkje på resultatlinja.

Driftsmidlane er fordelt mellom tenesteområda som vist i tabellen under. I 2019 viser tenesteproduksjonen eit meirforbruk på 3,1 millionar kroner. Omsorg såg ut til å gå ut med mindreforbruk, men etter ein gjennomgang av utrekningsmodellen for ressurskrevjande tenester, måtte inntektene nedjusterast med 4 millionar kroner i 2019. I 2018 hadde kommunen eit meirforbruk i tenesteproduksjonen på 21 millionar kroner. For meir omtale av dei enkelte kommunalområda viser me til kapittel 5.

Totalt per tenesteområde	Budsjett		Budsjett		
	Rekneskap 2019	m/endringer 2019	u/endringer 2019	Rekneskap 2018	Avvik (B-R) 2019
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)					
Oppvekst	484 930	484 801	475 710	464 831	-129
Omsorg	293 548	290 734	289 419	289 352	-2 814
Samfunn	181 791	180 605	180 918	187 200	-1 186
Stabstenester	68 033	69 052	71 753	67 490	1 019
Sum nettodriftsutgifter	1 028 302	1 025 192	1 017 800	1 008 873	-3 110

Driftsinntekter

Driftsinntektene auka med 4,5 % frå 2018 til 2019. Veksten i fjaråret var på 2,3 %.

Skatteinntektene aukar, men skatteinntekter per innbyggjar går ned frå 94,2 % i 2018 til 93,6 % i 2019. Time kommune har lågare skattevekst enn landet. Skatteinntektene i kommunen har dei siste 6 åra hatt lågare vekst enn veksten i landet. Skatteutjamninga har kompensert for 60 % av mindreveksten i skatteinntekter.

Skatteinntekter	Time	Landet
Skattevekst	3,9 %	4,7 %
Skattevekst pr innbyggjar	3,3 %	4,0 %
Skatteinntekter pr innbyggjar	93,6 %	100 %

Skatteveksten i Time vart i 2019 på 3,9 % og landet fekk 4,7 %. Dette er betre enn fjaråret då Time var på 2,1 % medan landet hadde ein vekst på 3,8 %. Viktige årsaker til låge skatteinntekter er at fleire har gått ned i lønn som følge av oljekrisa. Fleire gjekk også ut av arbeidsmarknaden då det stramma seg til og kommunen har framleis låg folkevekst. Arbeidsløysa er nå låg og kan ikkje forklara kvifor kommunen fortsatt veks mindre enn landsgjennomsnittet.

Time kommune hadde i 2013 skatteinntekter på 106,7 % av landsgjennomsnittet. Kommunen har etter det hatt nedgang kvart år. Samanlikna med ein gjennomsnittskommune har Time kommune i 2019 etter skatteutjamning 29 millionar kroner inntekter enn i 2013.

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld «Betalingar/overføringer med krav om motyting», kjem frå 39,7 millionar kroner i sjuke- og svangerskapsrefusjonar og 23,6 millionar kroner i momskompensasjon. Ingen av desse beløpa er budsjetterte. Refusjonane frå stat, kommunar og private er 8,9 millionar kroner høgare enn budsjettet.

Driftsutgifter


Driftsutgiftene auka med 2,7 % mot ein vekst på 5 % i fjar. Utgiftene auka mindre enn inntektene i 2019 i motsetnad til det som var tilfelle dei to føregåande åra. Dette har betra driftsresultatet i 2019.

Meirutgiftene på lønn skuldast delvis bruk av sjukevikarar som i stor grad vert refunderte frå NAV. Meirforbruk på ekstrahjelp og overtid er i 2019 på 12 millionar kroner mot 13,8 millionar kroner i 2018. Omsorg har redusert bruk av ekstrahjelp og overtid med om lag 4 millionar kroner frå 2018.

Meirforbruket på kjøp frå andre gjeld kjøp av spesialpedagogiske tiltak i skule og barnehage, kjøp av tenester som følge av at NAV er overført til Klepp og auka innkjøp frå IVAR på vatn-, avløp- og renovasjon. Omsorg har redusert sitt kjøp av spesialtiltak med 3 millionar kroner.

Avviket på overføringer gjeld først og fremst momskompensasjon på 28 millionar kroner.

Netto driftsrekneskap



Netto driftsresultat er på 25,2 millionar kroner mot budsjettet 11 millionar kroner. Netto driftsresultat utgjer for 2019 1,7 % av brutto driftsinntekter og tilsvarande tal for 2018 var på 0,4 %. Sjølv om Time sitt resultat er betre enn i fjor ligg me likevel langt under naboane våre, Klepp og Hå. Både Sandnes, Kostragruppe 8 og landet utan Oslo har dårligare resultat enn Time.

Det reelle resultatet for 2019 korrigert for endring i premieavvik og netto bruk av bundne fond, er vist i tabellen nedanfor. Korrigert for premieavvik og bundne fond er resultatet på 20,1 millionar kroner eller 1,4 % av brutto driftsinntekter.

	Rekneskap	Budsjett
Netto driftsresultat	25 171	10 615
Premieavvik pensjon	-4 826	-
Netto bruk av bundne fond	-235	4 021
Korrigert netto driftsresultat	20 110	14 636

Det gode resultatet kjem først og fremst frå auka skatteinntekter og skatteutjamning. Men for at dette skal gje totalt mindreforbruk er det ein føresetnad at tenesteproduksjonen har god økonomistyring. I 2019 går tenesteproduksjonen med eit netto meirforbruk på 3,1 millionar kroner. Viktig årsak til meirforbruket er svikt i inntektene frå Bryne kino og ressurskrevjande tenester. Tenesteproduksjonen vert omtala under dei enkelte tenestene i kapittel 5.

Time kommune fører premieavvik pensjon på eitt år i motsetnad til dei fleste andre kommunar som over tid har nytta maksimal tillate tid på 15/10/7 år. Ulik praksis ved føring av premieavvik har gjeve Time kommune ein utgiftsført meirkostnad på 52 millionar kroner for desse åra. Kommunen kunne alternativt hatt dette som gjeld som skal nedbetalast dei kommande åra.

Finansinntekter/-kostnadar

Rentenivået i 2019 er høgare enn i 2018. Renteutgiftene er 5,5 millionar kroner over budsjettet. Av dette er om lag 2,2 millionar kroner dekka av auka renteinntekter. I tillegg er avkastninga på finansplasseringane 1,6 millionar kroner over budsjettet.

Låneopptaket for 2019 vart teke opp som eit obligasjonslån i desember og me fekk derfor ikkje avdragskostnadar i 2019 og dermed mindreutgifter i forhold til budsjett. Finansresultatet er 1,3 millionar kroner betre enn budsjettert.

Årsoppgjersdisposisjonar

Overføringa frå drift utgjer som budsjettert 1,5 % av sum skatt og rammetilskot. Nytt måltal er 2 %.

I 2019 vart det ikkje sett av midlar til overskotsfond for tenestene, då 2019 må karakteriserast som eit unntaksår. Etter eit betydeleg meirforbruk i 2018, vart bremsene for tenesteproduksjonen sett på i «Revidert budsjett 2019». Overskotsfondet for tenestene er ved utgangen av 2019 på 1,3 millionar kroner mot 4,3 millionar kroner i 2018.

Premieavviket i pensjon for 2019 var på 20 millionar kroner. I samsvar med budsjettvedtaket skal heile denne summen settast av til disposisjonsfond for å dekka tilsvarande utgiftsføring i 2020. Premieavviket for 2018 på 15,2 millionar kroner er utgiftsført i 2019 og dekka av disposisjonsfond.

I 2019-rekneskapen er det retta opp ein feil i sjølvkostrekneskapen for vatn og avløp. Feilen gjeld for åra 2015-2019 og korreksjonen medførte eit redusert mindreforbruk på 1,6 millionar kroner.

Mindreforbruket på 8 millionar kroner vert føreslått avsett til disposisjonsfond.

2.2 Finans- og finansforvaltning

Aksjemarknaden i 2019 viste fin stigning og hovudindeksen steig med 16,5 %. I 2019 har verdien på kommunen sine aksjar og eigenkapitalbevis auka om lag som børsutviklinga.

Indeksen for eigenkapitalbevis auka med 24,6 % og indeksen for sjømat med 20,4 %. Dei sistnemnde indeksane er viktige for kommunen sin aksjeporfølje. Kommunen fekk ei samla avkastning på aksjane på 16,7 % i 2019.

Aktivklasse (i 1000 kr)	Marknads-verdi 31.12.2018	Marknads-verdi 31.12.2019	Realisert tap/gevinst	Urealisert tap/gevinst	Avkastning i prosent	Ramme i finans-reglement
Pengemarknads- og obligasjonsfond						50 mill. kr
Obligasjoner utstedt av finansinstitusjonar						20 mill. kr
Obligasjoner utstedt av norske selskap	1 964		29		3,0 %	
Aksjefond						20 mill. kr
Aksjar/eigenkapitalbevis i norske selskap	10 157	14 366	797	1 375	16,7 %	15 mill. kr
Aksjar i utanlandske selskap						2,5 mill. kr
Sum	12 121	14 366	826	1 375	16,6 %	

Finansporteføljen er auka noko frå 2019. Kommunen har selt obligasjonane og auka noko med aksjar og eigenkapitalbevis. Det er også urealiserte gevinstar på 1,4 millionar kroner per 31.12.2019.

Av samla avkastninga på 16,6 % er 38 % realiserte gevinstar i form av utbytte, renter og gevinstar ved sal av aksjar.

Kommunen har om lag 900 millionar kroner i pensjonsmidlar som vert forvalta av KLP. KLP hadde i 2019 eit godt resultat med ei bokført avkastning på 4,5 %. Av dette skal garantert avkastning på pensjonsmidlane leggast til pensjonsmidlane. Resten mellom 15 og 18 millionar kroner vert avsett på premiefond som kan nyttast til framtidig betaling av pensjonar. Per 31.12.2019 har kommunen 32,4 millionar kroner på premiefond og i budsjettet for 2020 er det budsjettert med å bruka 14 millionar kroner.

Styret i KLP har 23.3.20, etter koronakrisa var eit faktum, endra tildeling til kommunane til ca 25 % av først forventa. Dette er gjort for å styrka tilleggsreserver og KLP som selskap, i ei tid med store utfordingar.

2.3 Balanse per 31.12.2019

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

Anleggsmidlar

Verdien av faste eigedommar, utstyr og maskinar har netto auka med 137 millionar kroner. Dette gjeld nye investeringar i 2019 minus avskrivingar, nedskrivingar og eventuelle sal.

Pensjonsmidlane aukar med 89 millionar kroner i 2019. Det er elles mindre endringar på utlån og aksjar og andalar.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlane er auka med 52 millionar kroner. Bankinnskot er auka med 39 millionar kroner. Kortsiktige fordringar er auka med 6 millionar kroner medan inntektsført premieavvik er auka med 5 millionar kroner.

Balanse	Note	31.12.2019	31.12.2018
EIGENDELAR			
Anleggsmidlar		4 037 035	3 800 924
Faste eigedomar	11	2 047 469	1 918 351
Utstyr og maskinar	11	226 034	217 916
Utlån	12,13	350 623	343 863
Aksjar og andre eigardelar	3, 12	89 236	86 546
Pensionar	4	1 323 673	1 234 248
Omløpsmidlar			
Kortsiktige fordringar		358 046	306 484
Premieavvik	4	128 079	122 476
Aksjar og andelar	10	20 015	15 189
Obligasjonar	10	14 366	10 157
Kasse, bankinnskott		-	1 965
		195 586	156 697
SUM EIGENDELAR		4 395 081	4 107 408
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Av dette:		1 175 990	1 098 545
Disposisjonsfond	6	72 709	71 244
Bundne fond	6	29 802	26 798
Endring i rekn. Prinsipp	9	3 321	3 321
Udekka og udisponert drift og invest.	15	-4 864	
Rekneskapsmessig mindreforbruk	15	7 959	-
Kapitalkonto	7	1 062 199	1 002 046
Gjeld		3 219 091	3 008 863
Kortsiktig gjeld		238 947	191 519
Langsiktig lånegjeld	13,14	1 473 957	1 405 301
Pensjonsforpliktelse	4	1 506 187	1 412 043
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		4 395 081	4 107 408


Gjeld

	Restgjeld pr		Gjennomsnittsrente	
	31.12.2018	31.12.2019	2018	2019
Kommunalbanken	731 928	694 918	1,55 %	2,03 %
KLP Banken	217 500	210 000	1,64 %	2,10 %
Husbanken	255 229	269 037	1,53 %	1,63 %
Sertifikatlån	200 000	200 000	1,14 %	1,58 %
Obligasjon		100 000		2,00 %
Rentesikring	250 000	250 000	1,18 %	0,78 %
Sum lånegjeld	1 404 657	1 473 955	1,71 %	1,98 %

Lånegjelda auka med 69 millionar kroner i 2019. Betalte avdrag var på 51 millionar kroner.

Kommunen har gjennom rentesikring og fastrentelån sikra 25 % av sum lånegjeld ved utgangen av 2019. Av netto renteeksponert gjeld er 40 % sikra. Netto renteeksponert gjeld,

som auka med 52 millionar kroner i 2019, er sum lånegjeld minus utlån, lånegjeld vedrørande vass- og avløpsinvesteringar og lån med statlege rentekompensasjonsordningar jf note 13.



Likviditet og arbeidskapital

Differanse mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gjev eit godt uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er auka med 4,1 millionar kroner i 2019. Likviditeten i kommunen er god.


Fondsmidlar

Disposisjonsfond (i 1000 kr)	Disposisjonsfond - drift		Disposisjonsfond - investering	
	2019	2018	2019	2018
Inngående balanse 1.1.	71 244	58 971		3 355
Avsettingar	24 409	24 028		-
Bruk av avsettingar	-22 944	-11 755		-3 355
Utgående balanse 31.12.	72 709	71 244	-	-

Bundne fond (i 1000 kr)	Bunde fond - drift		Bunde fond - investering	
	2019	2018	2019	2018
Inngående balanse 1.1.	22 037	26 676	4 761	6 418
Avsettingar	8 497	11 123	4 484	9
Bruk av avsettingar	-8 261	-15 762	-1 716	-1 666
Utgående balanse 31.12.	22 273	22 037	7 529	4 761

Disposisjonsfondet kan brukast til både drifts- og investeringsformål. Det er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uventa forhold skulle inntreffa. Kommunen sitt disposisjonsfond inkl. mindreforbruk, er på 5,6 % ved utgangen av 2019. Korrigert for avsetning til skuldig premieavvik og årets mindreforbruk er disposisjonsfondet på 4,2 %. Time kommune har låge frie reservar samanlikna med andre kommunar, sjå figuren under.

Disposisjonsfondet i drift er auka med 1,5 millionar kroner i 2019. Auka avsetting til premieavviksfond på 4,8 millionar kroner er inkludert i denne netto auken. Av dei avsette midlane på disposisjonsfondet er 20 millionar kroner øyremerka til dekning av premieavviket i 2020. Årets mindreforbruk på 8 millionar kroner er ikkje avsett per 31.12.2019.



Bundne drifts- og investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål.

Når det gjeld vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiring så skal desse gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Ved utgangen av 2019 står det netto 5,3 millionar kroner på sjølvkostfond. Alle tenestene har positiv saldo bortsett frå drift av vatn som eit underskot på 0,9 millionar kroner. Det vart netto avsett 0,9 millionar kroner til sjølvkostfonda i 2019.

Kommunen har også vedtatt at delar av plan- og forvaltingstenesta skal gjerast opp mot sjølvkostfond. I 2019 gjekk sjølvkostdelen av desse tenestene med samla overskot på 1,4 millionar kroner. Per 31.12.19 har arealplan eit oppsamla meirforbruk på 2,2 millionar kroner, bygg- og deling eit overskot på 0,4 millionar kroner og kart og oppmåling eit samla overskot på 0,8 millionar kroner.


Investeringsfond er midlar avsette i investeringsrekneskapen og midlane skal nyttast til å fullføra vedtekne prosjekt. Av avsette midlar på bundne investeringsfond gjeld 2,7 millionar kroner Time og Bryne kyrkje. Ubrukt øyremerka tilskot på 3,7 millionar kroner er avsett til bundne investeringsfond.

2.4 Økonomiske nøkkeltal

Nye vedtatte måltal	Rekneskap		Vedtatte mål
	2018	2019	
Netto driftsresultat (korrigert for bundne fond og premieavvik)	-0,2 %	1,4 %	1,5 %
Dispositionsfond inkl årssresultat (korrigert for premieavviksfond og årets mindreforbruk)	4,0 %	4,2 %	6,0 %
Netto renteesponert gjeld 1)	57,8 %	57,6 %	maks 60 %
Lånefinansiering av investeringane	54,0 %	54,9 %	maks 50 %
Av sum skatt og rammetilskot til investeringar	1,2 %	1,5 %	2,0 %

1) Netto renteesponert gjeld er sum lånegjeld minus utlån, lånegjeld vedrørande vass- og avløpsinvesteringar og lån med statlege rentekompensasjonsordningar.

Kommunen har vedtatt måltal for den økonomiske styringa av kommunen. Me viser her i tabellen korleis resultatet for 2018 og 2019 er målt opp mot måltala. Rekneskapsresultatet vert målt opp mot desse og måltala set rammer for framtidig budsjettering i kommunen.



Kommunen klarte nesten målsettinga på netto driftsresultat i 2019 med eit resultat på 1,4 % medan måltalet er på 1,5 %. Budsjettet resultat var på 0,8 %. Årsaka til det gode resultatet i år er innstrammingar i drift, gode skatteinntekter til kommunen men først og fremst gode skatteinntekter i landet. Når landet får høgare skattevekst enn Time kommune, får kommunen skatteutjamningsmidlar. I 2019 var skatteutjamninga 11 millionar kroner over budsjettet og skatteinntektene 5 millionar kroner over budsjettet.

Når det gjeld disposisjonsfondet er målsettinga 6 % av brutto driftsinntekter. Når me korrigerer for premieavviksfond og årets mindreforbruk har kommunen ved utgangen av fjoråret 4,2 % i disposisjonsfond.

Me har sett oss mål for netto renteekspонert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Dette er ein størrelse som ikkje kan samanliknast med andre kommunar då detaljerte opplysingar berre er innrapporterte på konsernnivå til KOSTRA. Me ser at både 2018 og 2019 er innanfor målsettinga. Kostra vil frå 2020-rekneskapen gje samanliknbare tal mellom kommunane.

Lånefinansieringa av investeringane er i overkant av målsetting om maksimalt 50 % lånefinansiering. Lånegjelda er auka med 69 millionar kroner i 2019.

3 Fornya, forenkla og forbetra

3.1 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Innovasjon

Arbeidet med innovasjon er eit leiaransvar i Time kommune. Koordinering av innovasjonsarbeidet på tvers av einingane ligg til innovasjonsgruppa som består av fagsjefane og rådgjevarane i kommunalområda og rådgjevar i stab. Time kommune deltek i gruppa som arrangerer Innovasjonskonferansen i Rogaland.

Den årlige innovasjonsdagen vart arrangert hausten 2019 og Jacob Torfing fra Universitetet i Roskilde hadde eit inspirerande foredrag om samskaping mellom borgarar og tenesteutøvarar.

I 2019 deltok Time kommune på Nordic Edge med felles stand med sju andre kommunar i regionen med fokus på samskaping. Time presenterte fleire av dei gode prosjekta som er gjennomførte. På Nordic Edge starta me også ein samskapingsprosess med elevar frå Bryne ungdomsskule. Elevane vart utfordra på å finna løysingar på ulike problemstillingar kommunen har. Løysingsforsлага til elevane vart så presenterte i leiarforum og det vart etablert grupper på tvers av kommunalområda som skal jobba vidare med testing av forslaga. Dette arbeidet vil fortsetja i 2020.

Time kommune deltok også i gruppa som arrangerer Innovasjonskonferansen i Rogaland og hadde mange deltakrar på konferansen.

Digitalisering

DigiRogaland har i 2019 lagt fram ein felles Digitaliseringsstrategi og eit planverk for gevinstrealisering. Fleire nasjonale prosjekt er nå implementert, som DigiHelse og DigiSos. «Aktiv kommune» er i gang og mange mindre prosjekt er på trappene som til dømes Innbyggerdialog og opne data-prosjekt.

Innan velferdsteknologi er det inngått rammeavtale med Vakt & Alarm på velferdsteknologiplattform. Det er innført medisindispensere og oppgraderte tryggleksalarmer, og Digitalt tilsyn er starta på. Kommunane Time, Klepp og Lund samarbeider om anbod innan velferdsteknologi.

Ny telefonentral «i sky» er på plass og denne gir kommunen betre fleksibilitet, fleire moglegheiter og avlastar Innbyggarservice.

I Oppvekst har den digitale skulen hatt stor progresjon og Time er ein føregangskommune når det gjeld å ta i bruk nye teknologiar og bruksområder. Oppvekst har òg vore pilotar for Office 365 i kommunen.

Time er pilotkommune for kommunen sin leverandør av økonomi- og personalsystem. Det betyr at nye løysingar i systema vert testa ut i Time. Å vera pilotkommune gir læring og moglegheiter for å påverka systemutviklinga slik at det vert ein vinn-vinn-situasjon for alle partar.

4 Folkehelse


Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak. I 2018 reviderte Time sin folkehelseprofil. Gjennom kafedialog og drøftingar med representantar for politisk og administrativt nivå, tilsette og frivillige lag og organisasjonar, kom ein fram til fem prioriterte område. Desse er; psykisk helse barn og unge, inntektsforskjellar, eldreressursen, skulevegar og aktivitetsmangfald. Områda er prioriterte i økonomiplanen for 2019-2022 og markert som «**Folkehelse**».

Det er fleire positive faktorar på folkehelseområdet i Time. Talet på sosialhjelpsmottakarar under 25 år har gått betydeleg ned i 2019 og arbeidsløysa har stabilisert seg på eit lågt nivå.

Folkehelseutfordringane ligg på levekårsområda som fråfall i vidaregåande opplæring, barnefattigdom og at Time, som resten av landet, har relativt mange unge i aldersgruppa 20-29 år som mottek ulike typar stønad frå NAV.

Psykisk helse

Fråfall i vidaregåande opplæring viser positiv utvikling. I Time var det 77,2 % som fullførte vidaregåande opplæring på fem år for 2013-kullet. Gjennomsnittet for fylket var 78 %. For 2012-kullet i Time var det 74,5 % som gjennomførte på fem år. Målsettinga for Time er 80 % innan 2022.



Kjelde: SSB

Det er sett inn mange tiltak for å redusera fråfall. Time er med i forskingsprosjektet «Resilient» i samarbeid med UIS. Lærarar skal testa ut undervisningsopplegget «Robust», som handlar om å trena og gje elevane verktøy for å meistra utfordringar i livet.

Sidan 2017 har kommunen etablert varig samarbeid med Bryne vidaregåande skule. Det er utforma eigen handlingsplan, «Tett på», med tiltak og årshjul for å auka gjennomføring i vidaregåande skule.


Time sitt prosjekt «Laget rundt læraren og eleven» har fått tilslag på midlar i nasjonalt folkehelseprogram.

Mobbing kan gjera stor skade på unge si psykiske helse. Det er færre som opplever mobbing i 10. trinn samanlikna med 7. trinn. Når det gjeld trivsel, er den jann og stabil i Time for begge trinn og på nivå med nabokommunar, fylket og landet. Kommunen satsar stort på å skapa inkluderande barnehage- og skolemiljø.

Ungdata for 2019 viser at ungdommane er mindre fornøgde med mykje, tett knytt opp mot dårlig sjølvbilde og auka psykiske belastningar. Til tross for dette, så kjem Time generelt godt ut når det gjeld sjølvbilde, mindre psykiske plager og mindre einsemd enn gjennomsnittet i Rogaland.

Inntektsskilnadar

Barnefattigdom aukar i Time, og det har vore ein auke frå 2014 til 2018. Den same auken ser me i nabokommunane og gjennomsnittet i Rogaland. Time ligg likevel lågt samanlikna med fylket og landet.




Viktigaste verkemiddel for å redusera barnefattigdom er å få føresette som ikkje er ein del av arbeidslivet, ut i jobb. Talet på mottakarar av sosialhjelp og utbetalt beløp har gått mykje ned frå 2018 til 2019. Brutto utbetalt i 2019 er 17 millionar kroner, mot 21,5 millionar kroner i 2018. NAV har arbeidd målretta for å redusera talet på sosialhjelpsmottakarar, spesielt blant unge under 25 år. Ein del grupper, som for eksempel einslege forsørgarar, uføre med foreldreansvar, deltidstilsette i låglønnsarbeid kjem fram i barnefattigdomsstatistikken, men har ikkje nødvendigvis rett til sosialhjelp. Desse gruppene har avgrensa moglegheit til å auka

inntekta si. Heiltidskultur er eit viktig tiltak for å redusera barnefattigdom for nokre av desse gruppene.

Tiltak som kommunen har per i dag for å redusera konsekvensen av barnefattigdom:

- Opplevelseskort. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå som gjev gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga
- Tilbod om eit gratis medlemsskap i eit idrettslag, samt utstyr, for sosialhjelpsmottakarar med forsørgjaransvar
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som mottek sosialhjelp
- Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehage
- Utstyrssentral for idretts- og friluftsutstyr
- Samarbeidsprosjekt med Rosseland ballklubb for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen («Alle Med»)
- Kommunen lånte ut 21,3 millionar kroner til startlån og 2 millionar kroner til etableringstilskot i 2019, for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden
- Alle elevar får eigen iPad

NAV Klepp-Time har eit auka fokus på barn og barnefamiliar sin totale situasjon og det er gjennomført tiltak for å heva kompetansen på området.



Arbeidsløysa for ungdom viser ein klar nedgang sidan toppåret 2015. Arbeidsløysa for ungdom i Time er nå på 1,8 % og var i 2015 på 4,5 % og dette er ein større nedgang enn det nabokommunane og Rogaland har. NAV Klepp-Time har eit stort fokus på tiltak for å redusera arbeidsløyse blant ungdom, mellom anna ved bruk av aktivitetsplikt, praksisplassar og andre av NAV sine tiltak. Det er auka fokus på samhandling mellom NAV og helsetenestene. NAV Klepp-Time er nasjonalt spydspisskontor når det gjeld satsing på gruppa 18-25 år.

Trygge skulevegar

Time vart re-godkjent som trafikksikker kommune i 2019. Re-godkjenninga betyr at kommunen arbeider systematisk og målretta både med fysiske og haldningsskapande tiltak. Helsestasjonen har barn og trafikksikring som fast tema på dei ulike møtepunkta med foreldra, og er eit viktig haldningsskapande tiltak. Alle barnehagar og skular har utarbeida plan for trafikksikring.

Eldreressursen

Det er gjort ei kartlegging av frivillige ressursar i institusjon. Det er etablert ein møteplass for desse ein gong per månad. Her vert nye frivillige invitert inn og knytte opp mot nye og etablerte aktivitetar. Her er om lag 100 frivillige registrerte.

Frivilligsentralen og Frisklivsentralen har etablert samarbeid om trening og sosialt treff for 60 +.

I samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelse og nabokommunar, har Time arrangert kurs for frivillige som vil vera aktivitetsvenn for personar med demens. I Time er det registrert 10 aktivitetsvennar.

«Ut i Bryne» er eit samarbeid mellom Bryne næringsforening og Time frivilligsentral, og samlar mellom 70-100 eldre kvar gong til middag og sosialt treff. Denne arenaen vert brukt til å rekruttera frivillige og informera om tilbod for eldre.

Aktivitetsmangfald

I samarbeid med grunneigarar, har kommunen i 10 år hatt tuopplegget Ti turar i Time. Det har vorte eit populært tilbod, spesielt blant barnefamiliar. I 2019 var det 474 personar som leverte inn turkort. Det er utført skilting og tilrettelegging av turløypar for å gjera turområda i kommunen meir tilgjengelege.

Alle barnehagane har hatt eit treårig prosjekt med fokus på fysisk aktivitet, psykisk helse og kosthald. Prosjektet har mellom anna stimulert til auka fysisk aktivitet i barnehagane. «Sykle-til-jobben» og «Gå-til-skulen» er begge tiltak som skal stimulera til auka fysisk aktivitet.

5 Tenester

5.1 Hovedtal per tenesteområde

Totalt per tenesteområde	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R)
	Rekneskap 2019	m/endringer 2019	u/endringer 2019	Rekneskap 2018	
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)					
Oppvekst	484 930	484 801	475 710	464 831	-129
Omsorg	293 548	290 734	289 419	289 352	-2 814
Samfunn	181 791	180 605	180 918	187 200	-1 186
Stabstenester	68 033	69 052	71 753	67 490	1 019
Sum nettodriftsutgifter	1 028 302	1 025 192	1 017 800	1 008 873	-3 110

5.2 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar 23 verksemder. Av desse er 9 skular (3 ungdomsskular, 5 barneskular og 1 1-10 skule, med skulefritidsordning), 9 kommunale barnehagar, helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste, familiesenter og open barnehage), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule og Bryne kompetansesenter (vaksenopplæring). I tillegg er det 1 privat skule (1-10) og 11 private barnehagar i Time. Styrka barnehagetilbod og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT) er organiserte i Fagstab oppvekst.

Tenesteområdet skal gje opplæring til barn og unge i samarbeid med foreldre og føresette, driva førebygging og gje hjelpe- og støttetiltak, slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

5.2.1 Økonomi

Oppvekst	Budsjett		Budsjett		Avvik (B-R)
	Rekneskap 2019	m/endringer 2019	u/endringer 2019	Rekneskap 2018	
Administrasjon	8 379	7 840	7 624	7 152	-539
Pedagogisk psykologisk teneste	7 514	7 807	7 879	6 986	293
Barnehagar	179 745	181 475	175 471	175 496	1 730
Undervisning	229 518	228 826	226 241	215 932	-692
Vaksenopplæring	4 721	3 115	2 212	2 467	-1 606
Kulturskule	6 474	6 473	6 622	6 436	-1
Helsestasjons- og skulehelseteneste	14 118	14 423	15 017	13 246	305
Førebyggjande arbeid ungdom	322	582	842	778	260
Barnevern	34 139	34 260	33 802	35 968	121
Tenester utanfor ord. kom. ansvar	0	0	0	370	0
Sum Oppvekst	484 930	484 801	475 710	464 831	-129

Tenesteområdet har samla meirforbruk på 129 000 kroner i 2019, mot eit meirforbruk på 10 millionar kroner i 2018. I revidert budsjett 2019 vart det tilført 6,2 millionar kroner for å dekka underfinansiering knytt til styrka barnehage, redusert foreldrebetaling i barnehagane og kostnadsdekking i barneverntenesta.

Området barnehagar har hatt mindreutgifter på vel 1,7 millionar kroner i 2019, medan områda administrasjon, undervisning og spesielt vaksenopplæring har hatt meirforbruk. Årsakene er nærmere omtalt under 5.2.3.

Tenesteområdet hadde eit samla sjukefråvær på 6,4 % i 2019. Dette er ein nedgang frå 7,0 % i 2018.

5.2.2 Rapportering om tiltak 2019

Tiltak	Merknader
Felles tiltak oppvekst	
Vidareutvikla fargeglobus med opplegg for eldre elevar og SNO-elevar i grunnskulen.	D Ikkje tilbod om fargeglobus frå haust 2019. Midla er mellom anna omdisponerte til auka tilbod i barnehagar.
Kommunal ressursgruppe for «Inkluderande barnehage- og skolemiljø» skal utarbeida ein plan for kunnskapsspreiing i alle einingane.	U
Utvila innovasjonsprosjektet ved Bryne skule og Bryne ungdomsskule med teamet «Laget rundt læraren» i samarbeid med helsestasjonen og PPT på fleire skular.	U
Prosjektsamarbeid mellom fagpersonar i skule og PPT for å utvikla intensivkurs for elevar med behov innanfor rekning, lesing og skriving.	U
PPT skal saman med fagstab testa ut nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og skulane.	I Systematisk endringsarbeid er ikkje sett i gang.
Starta prosjektet «Tidlig innsats koordinator».	D Delvis i gangsett.
Kartlegging og påfølgande vurdering knytt til redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga.	I Tiltak startar haust 2020 for familiar med barn på 1. og 2. trinn, etter nasjonalt vedtak.
Barnehagar	
Private barnehagar må auka bemanninga i barnehagar opp til ny nasjonal norm.	U

Tiltak	Merknader
Ny regional ordning for kompetanseutvikling for barnehagane i Rogaland. Ordning bygger på avtale om partnarskap mellom barnehageeigarar, Universitetet i Stavanger, fagforeiningane og Fylkesmannen i Rogaland.	U
Implementera språkverktøy «Bravo» for å betra det systematiske språkarbeidet på 0-3 års avdelingane i barnehagar i 3 nye barnehagar.	U
Arbeida meir systematisk i det allmennpedagogiske tilbodet for fleirspråklege barn, gjennom å nyta ein fleirspråkleg rettleiar i 60 % stilling.	U
Utarbeida informasjon på fleire språk.	U
Satsing i alle barnehagar knytt til tema; leik og læring, medverknad og inkludering (Del av hovudfokus 2019-22 «Barns trivsel»).	U
To barnehagar skal verta Marte Meo barnehagar. Mål i ein Marte Meo barnehage er å nyta metodikken med å setta fokus på vaksenrolla og utviklingsstøttande læringsmiljø.	U
Utarbeida ein statusanalyse på det spesialpedagogiske området saman med Gjesdal-, Klepp- og Hå kommune. Statusrapporten skal legga grunnlag for tiltak som har som mål å redusera talet på barn som har behov for spesialpedagogisk hjelpe i barnehagane.	D
Kartlegga barnehagen sin digitale praksis som grunnlag for vidare satsing i tråd med strategiplan for oppvekst.	D
Bruka digitale nettløysningar internt i kommunikasjon og i kommunikasjon mellom barnehage og heim.	U
Implementera ny nasjonal rammeplan.	U
Alle barnehagane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde.	U
«Ståstedsanalsen» frå Udir skal nyttast som grunnlag for eigenvurdering og utvikling.	D
Undervisning	

Tiltak	Merknader
Planlegga plassering, organisering og innhald av ny ATO avdeling.	D Endeleg vedtak vert gjort i Skulebruksplanen 2020-2028.
Samskapa med Universitetet i Stavanger og region Sør for kompetanseutvikling gjennom ny ordning med desentraliserte kompetansemiddel knytt til fagfornyinga.	U
Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet».	D Me hadde 48 søkerar frå kommunen, 15 lærarar fekk plass via Udir.
Kartlegga og laga ein plan for vidareutdanning av assistenter til fagarbeidrarar.	U
Revidera «Kompetanseplan skule 2017-2020».	U
Revidera Kvalitetsplan for SFO.	U
Prosess og evaluering av Jærskulen.	U
Implementera rutinar og føringar for organisering og innhald i særskilt norskopplæring for barn på alle skulane.	U
Alle skulane innfører «Rektor sin time med elevrådet» for auka elevmedverknad.	U
Koding skal vera ein del av undervisninga på utvalde trinn på alle skulane.	U
Samskapa med Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og region Sør om kompetanseutvikling knytt til pedagogisk bruk av læringsteknologi.	U
Samskapa med Apple og Microsoft for kompetanseheving og utvikling av utvalde digitale ressurspedagogar.	I Blei ikkje gjennomført grunna kapasitet.
Alle skulane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde.	U
Alle rektorane har teke vidareutdanning i elev- og arbeidsrett.	D 5 av 9 rektorar har gjennomført dette.
PPT, Barnevern, Time Kulturskule, Bryne Kompetansesenter (BKS,) Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)	
Planlegga framtidig løysing av lokalitetar for kulturskulen.	D Vert utforma sak etter at moglegheitsstudie for «Nye Storstova» er gjennomført i 2020.

Tiltak	Merknader
Sjå på framtidige løysingar av lokalitetar for helsestasjonen.	D Endringar i eksisterande lokaliteter utført.
BKS testar ut modulbasert grunnskuleopplæring for vaksne for å oppnå raskare veg til arbeid/utdanning.	U
Sjumilssteg-arbeidet fortsett med to prioriterte tiltak. Det eine er å få til auka medverknad frå barn og unge. Det andre for å få til betre samordning av innsatsen overfor barn og unge.	U
Time kulturskule testar ut ny ordning med betalingsmoderasjon og friplassar.	I Ikkje rom for uttesting, grunna reduksjon i ramma ved rev. budsjett
Barneverntenesta og HSF jobbar vidare på fordelinga av saker, kor målet er at saker av førebyggande karakter skal handterast på familiesenteret.	U
Følga opp Handlingsplan mot vald i nære relasjoner ved å inngå avtale om kjøp av tenester frå ATV eller som eit nytt tiltak i samarbeid med Klepp og Hå.	U
Time kulturskule skal ferdigstilla nytt informasjonsmateriell for kulturskulen.	U
BKS skal utforma ein digital IKT-strategi.	D Under utarbeiding

U = Utført
 D = Delvis utført
 I = Ikkje utført

5.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

Samla viser årsresultat for administrasjon eit meirforbruk på 0,5 millionar kroner. Området omhandlar Fagstab oppvekst og felleskostnadar til barnehagar og undervisning. Om lag 300 000 kroner har samband med innkjøp av felles programvare og felles kompetansetiltak. Resterande er utgifter som er knytt til drift av barnehagane.

Gjennom «Strategiplan for Oppvekst» har leiarane arbeidd med å definera mål og tiltak innanfor dei ulike områda.

I tillegg til hovudoppdrag knytt til dei ulike tenestane i tenesteområdet Oppvekst, har tidleg innsats, samarbeid på tvers og fokus på å inkludera vore viktige fellesnemnarar for arbeidet i 2019.

Grunna reduksjon i folkevekst og demografiske endringar har alle einingane hatt auka fokus på tilpassa drift i forhold til utviklinga. Talet på fødslar i 2019 har vore særskilt lågt. Fortsett denne utviklinga fram i tid, kan dette føra til ytterlegare nedgang i behov for tenester i

oppvekst. I barnehageplan og skulebruksplan som vil verta behandla i 2020, vert det sett søkelys på problemstillingane.

Time kommune har fortsatt ei ung befolkning. Endringar i statlege føringer for behandling av saker for både barnevern- og helsestasjonstenesta, gjer at arbeidstrykket har vore stort. Det har vore brukt mykje tid til å etablera nye rutinar og effektiv bruk av tilgjengelege ressursar.

Hovudområdet tidleg innsats

Tenesteområde Oppvekst har i 2019 jobba aktivt med tidleg innsats, som er eit av kapitla i strategiplanen for oppvekst. Viktige satsingar er:

- Vidareføring og utviding av deltaking i statleg satsing «Inkluderande barnehage- og skolemiljø». Pulje 2 vart avslutta hausten 2019. Tre skular, fire barnehagar og PP-tenesta frå Time starta opp i pulje 4 som skal gå i perioden 2019–2021. Dette er første satsing der både skule og barnehage har delteke og hatt same utviklingsarbeid og fokus over tid.
- Arbeid med etablering av handlingsveiledar for «Betre tverrfagleg innsats (BTI)». Oppstart implementering planlagt frå hausten 2020.
- Vidareføring av «Laget rundt læraren og eleven». Ytterligare utviding av satsinga i samanheng med at prosjektet vart teke inn i fylkeskommunens folkehelsesatsing. Mellom anna er VID Vitenskapelige høgskole kopla på, og satsinga skalert opp. Målsetting er at alle skulane skal vera del av prosjektet i 2020.

Både barnehage og skule har delteke i statlege kompetanseordningar. For barnehageområdet vert ordninga kalla Regional ordning for kompetanseutvikling, medan skuleområdet har Desentralisert ordning for kompetanseutvikling. Begge ordningane er koordinerte av fylkesmannen, og er eit partnarskap mellom kommunar, lokale universitet og høgskular og dei tillitsvalde. Det er ei utfordring at PP-tenesta er del av begge ordningane, og at desse ikkje er samkøyrd.

Satsing knytt til betra sambruk av ressursar på tvers av kommunalområda har ikkje kome godt nok i gang. Kommunen har, i tillegg til eigne midlar, fått støtte frå fylkesmannen til prosjektet. Grunna bemanningsmessige utfordringar, har arbeidet kome kortare enn planlagt. Arbeidet vil fortsetja i 2020 når mellom anna nytilsett koordinator for tverrfagleg arbeid startar opp.

Det har gjennom heile 2019 vore samarbeid mellom PP-tenesta og barnehage og skule. Samtidig ser me fortsatt eit stort potensiale i å knytta tenestene tettare, særleg i systemisk arbeid. St.meld. 6 Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO vart lagt fram hausten 2019, og skal behandlast av Stortinget mot slutten av mars 2020. Me ser at meldinga og eit komande vedtak vil legga tydelege føringer for tettare samhandling mellom tenesteområda.

Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)

Tenesta har hatt eit mindreforbruk på 0,2 millionar kroner. Dette skuldast sjukepengerefusjonar og vakansie i stillingar.

Det har ikkje vore ventetid på PPT i 2019.

Tabellen under viser talet på aktive saker dei siste tre åra, fordelt på alder:

Ved årsslutt	Alder 0-5 år	Alder 6-15 år	Vaksne logopedi	Sum saker
2017	79	408	3*	490
2018	64	336	18	418
2019	64	372	29	465

*talet gjeld ungdom i alder 16-19, ikke logopedi


Det er ein auke i talet på nye saker i 2019 frå skulane. Det er vanskeleg å seia kva dette skuldast. Det kan vera naturlege svingingar i ulike årskull, men og at PPT gjennom prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» er hyppigare ute på skulane.

PPT har i samarbeid med Fagstab oppvekst i 2019 hatt stort fokus på systemarbeid og tidleg innsats. Ein har prøvd ut «Pedagogisk analysemodell» som eit verktøy i fasen før tilvising i både barnehagar og skular. Dette har vist seg positivt, og vil verta vidareført.


PPT fekk i 2019 ei 2-årig og ei 4-årig prosjektstilling for å auka fokus på systemarbeid og arbeid med førebyggande tiltak i prosjektet «Laget rundt læraren og eleven».

Sjukefråværet har gått ned frå 6,0 % i 2018 til 3,5 % i 2019.

Barnehage




Når det gjeld netto driftsutgifter per barn 1-5 år ligg Time på same nivå som Klepp, men høgare enn Hå og Sandnes. Time ligg lågare enn Kostra gruppe 8 og landet utan Oslo. Brutto driftsutgifter per oppholdstime i kommunale barnehagar viser same resultat som netto driftsutgifter.



Veksten i timekostnad frå 2018 til 2019 er på 9 kroner eller 17 %. 2019 var det første heile året med norm for bemanning og pedagogettleik. Også dei andre kommunane har hatt same kostnadsutviklinga.

Barnehageområdet har eit mindreforbruk på 1,7 millionar kroner i 2019. Dette skuldast færre timebarn i private barnehagar i andre kommunar og fleire barn frå andre kommunar i private barnehagar i Time kommune.

Styrka barnehage-tilbodet har eit meirforbruk i underkant av 500 000 kroner. Området fekk ei styrking på 1,7 millionar kroner i revidert budsjett, men det var likevel ikkje nok til å dekka kostnaden. Talet på barn med rett til spesialpedagogisk hjelpe er noko redusert for hausten 2019, og gjev grunn til å tru at området vil gå i balanse i 2020.



Tal henta frå BASIL (nasjonal rapportering) pr 15.desember kvart år

Tabellen viser del av barn i barnehage med enkeltvedtak etter gjeldande lovverk. Høge kostnadar til spesialpedagogiske tiltak i barnehagane har samanheng med auka mengd barn med rett til og auke i tilrådde timer for det enkelte barn. Denne auken gjeld ikkje berre for Time kommune, men ein ser same tendens nasjonalt og i nærliggande kommunar. Det vart i 2018 sett ned ei interkommunal gruppe som består av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og

Time for å kartlegga og å sjå på tiltak som kan føra til reduksjon i talet på barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp. PP-tenesta vart også involvert i arbeidet. I 2019 vidareførte me dette arbeidet og ved årsskifte 2019-2020 har me ein liten nedgang. Time kommune forventar at om lag 3 % vil vera eit realistisk nivå dei komande åra. Det vil vera viktig å ha fokus på kvalitet i det allmennpedagogiske arbeidet for at flest mogleg av barna i barnehagen får hjelp i det ordinære tilbodet.

Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

Årstal	Tal på barn	Familiar med redusert foreldrebetaling	Prosentdel med redusert foreldrebetaling	Del av desse med redusert kjernetid i tillegg	Prosentdel (begge tiltak)
2017	1120	102	9,1 %	62	60,8 %
2018	1182	104	8,8 %	92	88,5 %
2019	1151	104	9,0 %	79	76,0 %

I 2019 har me like mange familiar med redusert foreldrebetaling som i 2018. I august 2019 vart ordninga med redusert foreldrebetaling utvida til å gjelda 2-åringane. Prosentvis har denne endringa ført til ein liten auke i dei som får redusert foreldrebetaling. 14 familiar har fått innvilga friplass grunna låg inntekt.

Ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid kostar 2,2 millionar kroner for barn i kommunale og private barnehagar. Dette er ei auke på 0,4 millionar kroner frå 2018.

Ordninga med søskenmoderasjon kosta i 2019 2,3 millionar kroner for barn i kommunale og private barnehagar.

Barnehagane er dei siste fire åra redusert med 100 plassar. I 2019 er reduksjonen på 31 barnehageplassar, 14 plassar for små barn og 17 plassar for store barn. Hovudgrunnen til nedgangen av store barn er at kullet som starta på skulen i august 2019 var større enn barnekullet som starta i barnehagen. Nedgang for småbarn skuldast lågare fødselskull i 2018 og svak folketalsvekst i aldersgruppa 0-3 år.

Barnehagane i kommunen har overkapasitet og frå august 2020 vert barnehagekapasiteten redusert ved avvikling av Nyland barnehage.


I august 2018 vart det innført bemanningsnorm for barnehagane. Ved årslutt i 2018 hadde 2 private barnehagar ikkje innført ny bemanningsnorm. Det vart gjeve ein overgangsperiode for dei private barnehagane fram til august 2019 for å oppfylla ny bemanningsnorm. Rapportering per 15.12.2019 viser at alle kommunale og private barnehagar har innført ny bemanningsnorm.

Talet på dispensasjonar frå utdanningskravet for pedagogiske leiarstillingar i kommunale barnehagar var ved årsskiftet på 3 årsverk. Dette talet har vore stabilt dei siste 2 åra. For dei private barnehagane er talet på dispensasjonar for utdanningskravet på 5,9 årsverk, ein nedgang frå 12,4 årsverk i 2018.

I 2019 arbeider barnehagane med satsing med fokus på «Barns trivsel». Satsing går over 3 år og har undertema; Leik og læring, medverknad og inkludering.

Sjukefråværet i barnehagane var 7,8 % i 2019 mot 8,6 % i 2018. Landssnittet på fråvær i barnehagesektoren ligg mellom 8 % og 10 %.

Undervisning



Time ligg lågare i netto driftsutgifter per elev samanlikna med Klepp, KOSTRA gruppe 8 og landet utan Oslo. Sandnes ligg noko lågare enn Time. Hå sine tal er låge, men dei kan ikkje direkte samanliknast då dei har fleire barn i private skular.

Området undervisning gjekk med eit meirforbruk på 0,7 millionar kroner. Tenesteområdet har hatt ein meirkostand i 2019 knytt til spesialundervisning for elevar som høyrer heime i Time tilsvarande 4 millionar kroner. Tenesteområdet har dekka det meste av desse innanfor eigne rammar. I budsjettet for 2020 er det tilført tre millionar kroner for å dekka underfinansieringa.

Det har vore meirforbruk ved tre av skulane, noko som skuldast tiltak knytt til elevar med behov for ekstra styrking. To av skulane har hatt eit større mindreforbruk som skuldast vakanse i lærarstillingar.

Evalueringa av Jærskulen hausten 2019 medførte politisk vedtak om at prosjektet skulle gå over til fast ordning. Det var likelydane ordlyd i vedtak frå Hå, Gjesdal og Time kommune. I Klepp kommune var det ønska at dette skulle vidareførast som eit prosjekt i tre år, og at ein skulle gjennomføra ei brei evaluering som lærarar og leiarar skulle medverka i. Klepp er med på dei same vilkåra som dei tre andre kommunane.

Bryne kompetansesenter gav grunnleggande norskopplæring (GNO) for skulebarn i grunnskulealder fram til 2019. Dette tilbodet var i 2018 prega av sterkt nedgang i elevtalet. Kommunen har valt å overføra innføringsklassane til Bryne skule for 1.-7. trinn og Bryne ungdomsskule for 8.-10. trinn.

Skulane viser på utvalde spørsmål knytt til læringsmiljøet for 2019 på 7. og 10. trinn små eller inga endring frå 2018 til 2019. Ser ein utviklinga over tre år er det verdt å merka seg at det er nokre resultat som har utvikla seg negativt. Dette handlar om svar gjevne av elevane på 10. trinn knytt til spørsmåla om støtte frå lærar, vurdering for læring og motivasjon. Nå det gjeld

prosentdel av elevane som oppgjev at dei opplever mobbing ligg dette godt under nasjonalt snitt på 7. trinn, og på nasjonalt nivå på 10. trinn.


Når det gjeld læringsresultata i timeskulen, syner desse for nasjonale prøvar:

- Rett over nasjonalt snitt i engelsk og rekning, og på nasjonalt snitt i lesing på 5. trinn.
- Under nasjonalt snitt på alle dei tre grunnleggande ferdighetene lesing, rekning og engelsk på 8. trinn.
- Under nasjonalt snitt på lesing, og på nasjonalt snitt i rekning på 9. trinn.

Det er sett fokus på, og vil verta sett inn tiltak knytt til arbeidet med dei grunnleggande ferdighetene på mellomtrinnet, og på ungdomsskulane knytt til lesing i skulane i Time.

Det har vore positiv utvikling dei tre siste åra for gjennomføringsgrad i vidaregåande skule målt etter 5 år. Gjennomsnittleg har denne gått frå at 71,5 % av elevane som gjekk ut av 10. klasse i 2011 til 77,2 % av elevane som gjekk ut av 10. klasse i 2013.


Vedteken minstenorm for lærartettleik vart endra til 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, og 20 elevar på 5.-10. trinn i 2019. Den nasjonale føringa styrer kommunen og skulane sitt handlingsrom for ressursutnytting. Alle skulane ligg innanfor lærarnorma på dei ulike trinna.




Kjelde : GSI (berre kommunale skular)

Kommunen har dei siste åra redusert talet på elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning. Også i 2019 var det ein liten nedgang. Time kommune ligg godt under landssnittet, men over Klepp og Hå.

Elevar med enkeltvedtak i kommunale skular i Time, %



Elevar med enkeltvedtak i kommunale skular i Time etter årstimar, %



Tala i tabellen ovanfor syner at sjølv om talet på enkeltvedtak går ned, er det ein auke i omfanget på veda med høge timetal.

Målsettinga er å få til ei dreiling kor ressursane i større grad kan nyttast inn i det allmennpedagogiske arbeidet, slik at flest mogleg elevar får hjelp via tilpassa opplæring, og ikkje får behov for spesialundervisning. Tabellane syner at det er ei positiv utvikling der talet på elevar med enkeltvedtak går ned, og då spesielt på ungdomstrinnet. Det er ein auke på 1.-4. trinn, noko som indikerer at me er på veg til å setta inn ressursar tidleg. Ei stor utfordring kjem fram av tabell nr 3, der det syner ei tydeleg utvikling i retning av stor auke i veda med stort omfang. Konsekvensen av denne utviklinga er at det ikkje vil vera tilgjengelege ressursar. Dette som eit resultat av at færre elevar i timeskulen har enkeltvedtak, sidan desse er bundne opp av enkeltvedtaka med stort omfang.

Innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren og eleven» vart i tillegg til Bryne ungdomsskule og Bryne skule utvida med Rosseland og Frøyland skular i 2019. Ønska effektar med prosjektet er å finna tiltak som kan føra til at fleire elevar enn i dag opplever meistring og tilhørsle i skulen. Deltaking i innovasjonsprosjektet er basert på tverrfagleg samskaping med fokus på førebygging. Ulike profesjonar er del av «Laget rundt læraren og eleven» og består av PPT-rådgjevar, spesialpedagogisk koordinator, helsejukepleiar, sosialrådgjevar og rektor. Bryne ungdomsskule har kome lengst, og funn frå dette prosjektet er stor del av vurderingane som ligg til grunn for vidare oppfølging og utviding. Det vart gjeve 6,7 millionar kroner i folkehelsemidlar frå fylkeskommunen, som medførte at det kunne planleggast for ytterlegare utviding for heile timeskulen i prosjektet.

Hausten 2019 har 15 lærarar starta på vidareutdanninga Kompetanse for kvalitet.

Ei viktig oppgåve i Jærskulesamarbeidet er rekruttering av kvalifiserte lærarar. Talet på søkerar auka frå 2014 til 2019. I 2018 hadde Time 127 søkerar der 114 var kvalifiserte. Dette gjekk litt ned i 2019 til 119 søkerar der 99 var kvalifiserte.

Sjukefråværet i skulane var på 5,7 %, mot 6 % i 2018. Målsettinga for området er på 6,0 %.

Vaksenopplæring – Bryne kompetancesenter (BKS)

Vaksenopplæring (Bryne kompetancesenter) har i heile 2019 hatt store økonomiske utfordringar. Tenesta har gjort eit stort arbeid, med rydding i heimlar og nedbemanning som hovudtiltak. Rekneskapstala etter 1. tertial viste at med uendra drift kunne meirforbruket verta om lag fem millionar kroner ved årsslutt. Endeleg resultat syner eit meirforbruk på 1,6 millionar kroner.

Tenestene er delfinansiert med statstilskot og refusjonar frå samarbeidande kommunar. Drifta skal tilpassast inntektene.

BKS hadde i 2019 to avdelingar:

- BKS gjev opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar etter introduksjonslova for deltakarar frå Klepp og Time kommune. Med bakgrunn i nedgang i talet på brukarar over tid har det vore prosessar med nedbemanning på kompetancesenteret. Hå kommune tok i 2019 initiativ til at Bryne kompetancesenter tek over, og driftar opplæringa for deltakarar i deira kommune tilsvarande avtalen med Klepp kommune. Vedtak i kommunestyret er at Bryne kompetancesenter frå hausten 2020 skal drifta dette for Hå.
- BKS gjev grunnskuleopplæring til vaksne deltakarar frå Klepp, Time og Hå kommunar. BKS er med i prosjektet «FVO (førebuande vaksenopplæring)». I prosjektet er læreplanar tilpassa vaksne innvandrarar, og det er mogleg å få både norsk språkopplæring og undervisning i grunnskulefag samtidig. Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte hausten 2018 nasjonalt tilsyn med FVO-avdelinga på BKS. Kommunen fekk fleire avvik etter tilsynet. BKS saman med fagstab jobba med desse, og alle avvika vart lukka hausten 2019.

Bryne kompetansesenter har delteke i arbeidsgrupper knytt til oppdrag om mogleg samanslåing av flyktningstenesta i Klepp og Time. Oppdraget innebar også vurdering av mogleg organisering saman med Bryne kompetansesenter. Det er vedteke samanslåing og felles organisering av kommunestyret i Time.

Sjukefråværet var i 2019 på 3,2 % mot 6,5 % i 2018.

Time kulturskule

Tenesta kom i balanse for 2019 ved å nytta 127 000 kroner frå avsett fond.

Kulturskulen har lokalitetar i Bryne skule. Det har lenge vore eit ønske om meir tilrettelagde lokalitetar. I påvente av sak som omhandlar moglegheitsstudie kring Storstova, vert kulturskulen verande på Bryne skule.

Det er gjennomført mange konserter, førestillingar og speleoppdrag. Kulturskulen har sjølv arrangert eller delteke på om lag 125 arrangement i løpet av 2019 med ca. 16 000 publikummarar. Kulturskulen har fylt opp alle elevplassane og har framleis mange på venteliste. Den største enkeltsatsinga kulturskulen har er den årlege produksjonen med kulturskuleelevar i 10. trinn. Dette er ei nylaga førestilling «Frå idé til teppefall» med ca. 2000 publikum på 6 førestillingar i Storstova.

Fordjupingsprogrammet «Fredagsskulen» har omlag 30 elevar fordele på musikk, dans og visuell kunst. Dette er i samarbeid med Hå kulturskule og føregår 6 fredagar frå november til januar.


Rammeplanen «Mangfold og kvalitet» med lokale fagplanar ligg til grunn for utvikling og drift av kulturskulen. Time kulturskule er med i 2. runde av Norsk kulturskuleråd sitt rettleiingsprogram i utvikling av kulturskular. Dette går over tre semester frå 01.01.2019. Ein har lokale samlingar og nasjonale samlingar. Lærarane i kulturskulen er involverte i delarbeid undervegs mellom samlingane.

Time kulturskule arbeider for å vidareutvikla samarbeidet på tvers av kommunale einingar. Mellom anna skulle ein i 2019 testa ut eit mor-barn/kvinnegruppetilbod i samarbeid med flyktningstenesta. Dette vart ikkje aktuelt på grunn av få personar i målgruppa. Derimot er det starta opp eit samarbeidsprosjekt med barnehagar.

Time kulturskule har tre lærarar som har ein liten utøvande del i si stilling, dei spelar jamleg på fem ulike institusjonar i kommunen.

Sjukefråværet i 2019 var på 3,6 % mot 3,5 % i 2018.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta



Time kommune bruker meir på helsestasjon og skulehelseteneste enn nabokommunane våre. I forhold til landet utan Oslo, har Time lågare ressursbruk.

Tenesta hadde eit mindreforbruk på 300 000 kroner i 2019. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til refusjon frå staten og inntekt frå «Marte Meo-undervisning» ved Familiesenteret.

Talet på fødslar i 2019 vart 207 mot 246 i 2018. Etter dei nye nasjonale faglege råda vart konsultasjon etter 18 månader innført frå august 2019.

Ved Familiesenteret er det stadig fleire familiar som tek kontakt og krev omfattande innsats. Det er gjennomført 93 fleire familiesamtalar enn sist år, og samtalar grunna vanskelege brot.

I 2019 fekk helsestasjon- og skulehelsetenesta innvilga vidareføring av tilskotsmiddel frå Helsedirektoratet til styrking av barselomsorg knytt til prosjektet «Tidlig heimebesøk til familiar med nyfødt» og styrking med helsesjukepleiar i skulen knytt til prosjektet «Laget rundt læraren og eleven». Dette prosjektet vert og styrka med ei stilling som er finansiert av tildelte folkehelsemiddel frå fylkeskommunen.

Helsestasjonen har i 2019 jobba med å sikra gjennomføring av skulestartundersøkinga, som i hovudsak skal utførast på skulen av helsesjukepleiar og lege.

Tenesta har deltatt aktivt i prosjektet «Familie for første gang» og hatt fokus på å implementera Newborn behavioral observation (NBO) i konsultasjonar ved helsestasjonen.

I 2019 har helsestasjonen jobba mykje med digitalisering og elektronisk samhandling. Rutinar og prosedyre er utarbeida for elektronisk samhandling med SUS, og nettsida er til kvar tid oppdatert med aktuelt og ny informasjon.

Det har vore ei viktig satsing å implementera metode og heva kompetanse for å ta opp temaet vald og overgrep i nære relasjonar, både i konsultasjonar på helsestasjonen og i skulehelsetenesta.

Sjukefråværet i 2019 var på 4,6 % mot 4,7 % i 2018.

Førebyggande arbeid ungdom

Tenesta hadde eit mindreforbruk tilsvarende 260 000 kroner i 2019. Dette skuldast lågare lønns- og driftskostnadar sidan stillinga som SLT-koordinator sto vakant frå september 2019. Ny koordinator for tverrfagleg arbeid er tilsett. Vedkomande vil både følga opp arbeidet som SLT-koordinator og jobba tverrfaglig internt i Oppvekst og eksternt i Time kommune med førebyggande arbeid for ungdom.


Barnevern

Tenesta er i 2019 i balanse med eit lite mindreforbruk, tilsvarende 120 000 kroner.

Kostnadane til plasserte barn er noko større enn budsjettet. I revidert budsjett 2019 vart tenesta styrka for å kunna dekka kostnadene knytt til frivillig og tvungen plassering utanfor heimen.

Barneverntenesta i Time har 21,8 årsverk. 4,7 av årsverka vert finansierte av Klepp og Hå opp mot drift av interkommunal tiltaksavdeling som Time kommune har i si teneste. 0,5 av årsverka vert finansierte opp mot drift av interkommunalt samarbeid kring barnevernsvakt i Sandnes kommune.

Etter Dialogmøte våren 2019, vart barneverntenesta tildelt 0,5 årsverk frå fylkesmannen.



Time hadde i 2019 netto driftsutgifter til barnevern som låg 38 % under snitt i KOSTRA-gruppe 8. Kostnaden til barnevern ligg på nivå med Klepp og Hå medan Sandnes bruker minst.

Barneverntenesta følger opp 50 barn som er plasserte utanfor heimen, i fosterheim, institusjon, beredskapsheim og etterverntiltak. For detaljar vert det vist til kap. 10 Nøkkeltal.

Barneverntenesta har gjennom etablering av Interkommunale tiltaksavdeling (ITA) lykkast i å redusera koststandar til kjøp av hjelpetiltak frå andre. Men det har i 2019 ikkje vore kapasitet til å dekka det auka behovet for tiltak. Det skuldast mellom anna redusert bemanning i periodar. Både Klepp, Hå og Time har hatt behov for å kjøpa tiltak frå Bufetat/private der det har vore

nødvendig å setta i verk tiltak straks eller fordi det har vore lang ventetid på tiltak frå ITA. Tiltaksavdelinga vil verta evaluert i 2020, i tråd med samarbeidsavtalen.

Heile barneverntenesta fullførte i 2019 ei 2-årig kompetanseheving frå RVTS (Ressurssenter om vold, traumatiske stress og sjølvordsførebygging). Fire tilsette nytter Bufdir sitt tilbod for vidareutdanning.

Barneverntenesta har vidareført arbeidet med å legga til rette og møta nye krav som vert sett for behandling av sakar. Arbeidet med å innarbeida anbefalingar frå Forandringsfabrikken sitt «Mitt Liv» i alle rutinar i barneverntenesta har fortsett i 2019. Dette skal visast både i skriftleg arbeid og i den direkte kontakten med familiene og barna. Arbeidet passar godt inn i dei endringane som kom i Barnevernslova 01.07.18. Barnet si stemme, meningar og ønsker, og kontaktpersonen sine vurderingar av desse, skal inn i alle dokument frå igangsetting og gjennom heile prosessen. Nye arbeidsmetodar og krav fører med seg at alle undersøkingar, tiltak og oppfølging vert grundigare og tek meir tid.

Barneverntenesta har eit samla sjukefråvær på 8,5 %, mot 10,1 % i 2018.

5.2.4 Utfordringar framover

Tidleg innsats er eit sentralt innsatsområde for Oppvekst. Det handlar om prioriteringar og samarbeid kor ein på eit tidleg tidspunkt kan oppdaga og setta i verk hensiktmessige tiltak.

Det er fleire utfordringar som må løysast for å nå dei måla som er sette. Blant anna:

- Rekruttering til leiarstillingar i Oppvekst, særleg rektorstilling.
- Etablera eit system som sikrar best mogleg samhandling mellom dei ulike tenestene. Time kommune vil innføra BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) som hjelpe for å løysa denne utfordringa. Det vil krevja mykje arbeid å etablere og implementera modellen.
- Bygga felles kultur og felles forståing mellom barnehage, skule og PPT.
- Koma tidleg i gang med å støtta og rettleia føresette og barn som er risikoutsette. Det vil krevja god samhandling mellom jordmødrane, helsestasjon og barnehagane.
- Etablering av fullelektroniske elevmapper og barnemapper.
- PPT/skulehelseteneste - nytt ansvar i samanheng med oppstart av Vardhei i 2021, som og omhandlar ansvar for elevane som hører til i Klepp kommune.

Utfordringar med økonomiske konsekvensar:

- Stort behov for å auka ressursar knytt til spesialundervisning i skulane. I dag klarer ein ikkje å innfri lovkrav som den enkelte elev har, ut frå økonomisk ramme som er gjeve. Styrking må også gjerast for skuleområdet med tanke på lovfesta krav om tidlig innsats på 1.–4. trinn.
- Ny barnevern-reform vert sett i verk i 2022. Reforma vil medføra auka kostnadane for kommunen mellom anna på grunn av auka finansieringsansvar knytt til

barnevernstiltak og endring av Bufetat sitt betalingsansvar (bortfall av refusjonsordning).

- Auke i krav om pedagogdekking frå 46 % til minimum 50 % for barnehagane. Eit av fleire forslag som ligg i St.meld. 6 Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Meldinga skal behandles våren 2020, og vil få stor innverknad på både innhald og ressursbruk i åra framover.

5.3 Omsorg

Tenesteområdet omfattar teneste og samordningskontor, heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid og institusjonsteneste. Omsorg har fokus på folkehelse, tidleg innsats, kompetanse, brukarmedverknad, kvalitet, effektivisering, heiltid, velferdsteknologi og rett teneste til rett tid. Målet er å gje tenestene i tråd med Omsorgstrappa, demografiske endringar og økonomiske rammer.

5.3.1 Økonomi

Omsorg	Rekneskap 2019	Budsjett	Budsjett	Rekneskap 2018	Avvik (B-R) 2019
		m/endringer 2019	u/endringer 2019		
Administrasjon	8 048	8 154	4 981	4 801	106
Institusjonstenester	90 573	92 514	91 648	91 762	1 941
Heimetenester	61 981	62 652	61 864	61 323	671
Miljøtenester	97 766	91 478	93 570	97 012	-6 288
Psykisk helse og rusarbeid	23 788	25 197	25 511	22 645	1 409
Aktivitets- og servicetenester	8 162	7 369	8 475	8 641	-793
Samhandling	3 230	3 370	3 370	3 168	140
Sum Omsorg	293 548	290 734	289 419	289 352	-2 814

Det økonomiske resultatet for Omsorg 2019 viser at tenesteområdet har eit meirforbruk på 2,8 millionar kroner mot eit meirforbruk i 2018 på 11 millionar kroner.

Omsorg såg ut til å gå ut med mindreforbruk, men etter ein gjennomgang av utrekningsmodellen for ressurskrevjande tenester ved rekneskapsavslutninga, måtte inntektene justerast ned med fire millionar kroner i miljøtenesta for 2019. Den andre årsaken til meirforbruket i miljøtenesta er at det har vorte oppretta to barnebustader på Kvernaland avlastingsheim med behov for seks årsverk. Dei seks årsverka er det teke høgde for i budsjettet for 2020. Omsorg har redusert bruk av ekstrahjelp og overtid med om lag fire millionar kroner frå 2018, og redusert kjøp av spesialtiltak med tre millionar kroner. Netto kostnadene til sjukeheimane er reduserte med 1,4 millionar kroner frå 2018.

Etter revidert budsjett KS-011/19 vart Omsorg sitt budsjett redusert for året 2019. Dei planlagde innsparingstiltaka er følgde opp.

5.3.2 Rapportering om tiltak 2019

Tiltak	Merknadar	
Følga opp rapporten frå den eksterne analysen	D	Under arbeid.
Oppretta tenestekontor	U	
Gjennomføra brukarundersøking i institusjonstenesta (brukarar og pårørande)	U	
Greia ut behovet for institusjonskjøkken	U	
Fornya «Strategiplan Omsorg»	I	Utsett. Oppstart 2020.
Auka leiarressursane	U	
Utvida opningstida for psykisk helse og rusarbeid	U	
Utvida opningstida i dagsenteret for personar med demenssjukdom	D	Under arbeid og vert sett i samanheng med oppfølginga av drifts- og ressursanalyisen.
Ta i bruk heile Kvernaland omsorgssenter	U	
Starta førebyggande heimebesøk og auka folkehelsekompetansen hos eldre innbyggjarar	U	
Styrka fagkompetansen i sjukeheimane	D	Delvis gjennomført då nye årsverk vart dratt inn i revidert budsjett for 2019.
Starta med elektroniske medisindispensarar	U	
Opna ettervernbsustad i Rørvika 15	I	Vedtak omgjort KS 79/19
Tilsetta kommunepsykolog	U	
Auka belegget på Jæren øyeblikkelig hjelpe	U	
U = Utført D = Delvis utført I = Ikke utført		

5.3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg

I 2019 har tenesteområdet Omsorg hatt fokus på å følga opp drifts- og ressursanalyesen. Dei viktigaste oppgåvane har vore å redusera kostnadane på institusjon, auka samdrift og vri tenestene slik at fleire innbyggjarar med helseutfordringar kan bu i eigen heim. På den måten vil ein redusera behovet for institusjonsplassar. Alle verksemder har hatt auka fokus på ressursstyring, samarbeid på tvers og kvalitet i tenestetilbodet. Verksemndene har fått auka kompetansen innan hjarte/lunge- redning, (HRL), velferdsteknologi, leiing og beredskap.


Drifts og ressursanalyse

Arbeidet med Drifts- og ressursanalysen har vore krevjande, men lærerik, med brei involvering og engasjement frå brukarorganisasjonar, politikarar, tilsette, verneombod og

tillitsvalte. Kommunalsjefen la fram ei oppsummeringssak i Utval for levekår i november 2019, ULE -017/19. Arbeidet vil fortsetja i 2020.

Ein av dei viktigaste føresetnadane for god økonomisk styring av kommunale helse- og omsorgstenester er at kommunen har ein tenestestruktur som legg til rette for at tenester vert tildelte og utførte etter Beste Effektive Omsorgs Nivå (BEON).

Omsorgstrapp etter BEON-prinsippet - Beste Effektive Omsorgsnivå



Heiltidskultur

Time kommune ønsker at flest mogleg tilsette skal ha store stillingar. Heiltid vert vurdert til å gje eit robust fagmiljø for dei tilsette og brukarane får færre å forhalda seg til.

Heiltidserklæringa som vart vedteken i ADU – 002/19 hadde eit mål for 2019:

- Del av tilsette med stillingsstørrelse 75 % eller meir skal vera 50 % innan utgangen av 2019

Prosentdelen med stillingsstørrelse 75 % var 46,8 % ved utgangen av 2019. Tilsette i 100 % stilling har gått opp frå 25,5 % til 28,1 %. Dette syner at Omsorg er på rett veg, men må fortsetja å ha fokus på dette arbeidet.

Omsorg hadde ein KICK-off samling for å starta opp dette arbeidet der Utval for Levekår var inviterte. Ressursgruppa for heiltid har vedteke å starta opp med årsturnus som eit prosjekt for å testa ut om det kan føra til meir heiltid. Dette arbeidet er i gang.

Opplæring og praksis

Det har totalt vore 18 lærlingar i Omsorg, fem gjekk opp til fagprøven i haust og alle bestod. Det har vore 55 sjuke- og vernepleiarstudentar fordelt på ulike praksisperiodar. Åtte personar har gått opp til fagprøve som praksiskandidat, og fire menn har hatt praksis i ordninga «Menn i helse».

Omsorg har hatt 75 Vg1- og Vg2-elevar frå Bryne og Tryggheim vidaregåande skular i praksis på ulike avdelingar.

I samarbeid med NAV har Omsorg hatt ni personar i arbeids- og språkpraksis.

Det har vore fleire som har teke vidare- og etterutdanningar i tråd med kompetanseplanen. Dei har fått tilskotsmidlar frå Fylkesmannen.

Velferdsteknologi og digitalisering

Hausten 2019 signerte Time kommune saman med Klepp og Lund kommunar ein rammeavtale for kjøp av velferdsteknologi. Avtalen gjeld digitale og mobile tryggleiksalarmer, GPS, ulike sensorar og detektorar, kamera, elektroniske dørlåsar, responsenter og velferdsteknologisk plattform.

Det er utfordrande å ta inn forventa økonomisk gevinst på velferdsteknologi, då implementeringa har gått seinare enn forventa. Årsaka til dette er vakansar i nøkkelpersonstillingar og ein forsinka anbodsprosess.

Heimetenesta nord har vore pilot for innføring av elektronisk medisineringsstøtte. Bytte av multidoseleverandør førte til ekstraarbeid, då multidosepakkane ikkje var tilpassa systemet i medisindispensarane.

Tidleg innsats

Seminar for pensjonistar og helsefremmende heimebesök vart starta opp i 2019 i regi av kvardagsrehabiliteringsgruppa. Seminaret har fokus på å informera innbyggjarane om kva dei sjølv kan gjera for å laga seg ein god alderdom.

Det er ein auke i yngre personar, under 65 år, som får ein demensdiagnose. Dette kan skuldast større kjennskap til sjukdommen og at fastlegane stiller diagnosen på eit tidlegare stadium. Time kommune samarbeider med seks andre kommunar om kurs for å verta aktivitetsvenn. Ein aktivitetsvenn er ein frivillig som gjer aktivitetar saman med ein person med demens. Dei vert sett saman på bakgrunn av felles interesser. Demenskoordinator har samtalegrupper for pårørande til brukarar med demens for å dela erfaringar. I tillegg vert det saman med andre kommunar og Jæren demens foreining arrangert brukar- og pårørande skule.

Kreftkoordinator gjev råd, rettleiing og støttesamtalar til personar med kreft og deira pårørande. Dette er eit aukande behov.

Frivilligkoordinatorstillinga (15 prosent) i institusjon er implementert i ordiner drift. Ho skal fortsetja arbeidet med å rekruttera, rettleia frivillige og knyta kontaktar med skular, barnehagar, lag og organisasjonar. Frivilligkoordinator har danna eit samlingspunkt for å ivareta og rekruttera frivillige, Frivilligkafè, ein gong i månaden.

Administrasjon

Dette omfattar kommunalsjef og stab, teneste og samordningskontor, omsorgsstønad, fritids-/treningskontakt, private avlastarar og lærlingar.

Veksten i kostnadene frå 2018 til 2019 skuldast at Teneste- og samordningskontoret som vart opna i april, er ført under administrasjon. Verksemda har ansvar for all saksbehandling innan Omsorg, koordinerande eining, samhandling med fastlegane og spesialisthelsetenesta. Utanom leiar er det tilsett fem saksbehandlarar og ein systemkoordinator. Årsverka er overførte frå andre verksemder i Omsorg. Alle tilsette har 100 % stillingar. Målet med omorganiseringa er å sikra at innbyggjarane får rett teneste til rett tid (jamfør Omsorgstrappa), auka kvalitet på saksbehandlinga, samt likebehandling, og eit meir samordna tenestetilbod.

I samarbeid med nærliggande kommunar vart det våren 2019 arrangert eit felles saksbehandlarkurs for alle tilsette. Verksemdleiar deltek i eit interkommunal nettverk med andre leiarar av slike tenestekontor.

Tiltaket «Fornya strategiplan omsorg» er utsett til 2020 grunna arbeidet med drifts- og ressursanalysen og den nye eldrereforma, St.meld. 15 Leve hele livet. Kommunalsjefen si internkontrollgruppe har i 2019 utført kontrollar i legemiddelhandtering, dokumentasjon og der kommunen har ansvar for tenestemottakar sin private økonomi. Alle merknadar og avvik funne i 2019 er lukka.

Omsorg har fått 13 klagesaker i 2019 mot 12 året før. I fem av klagene fekk klagar medhald av kommunen, og dei resterande vart sende til fylkesmannen. Fylkesmannen har stadfestat kommunen sine vedtak utanom eit, som ikkje er ferdigbehandla.

Institusjonstenester

Institusjonstenesta omfattar sjukeheimane Sivdamheimen og Bryneheimen. Bryneheimen har langtidsplassar og Sivdamheimen har korttids-/rehabiliteringsavdeling, ei avdeling for demensomsorg, og Vibå dagsenter for personar med demens.

Sjukeheimane har hatt eit mindreforbruk, og grunnen til dette er sal av plasser til Sandnes kommune, god økonomistyring og tiltak som følge av drifts- og ressursanalysen.

Eit av tiltaka for 2019 var å styrka fagkompetansen i institusjon. Legetenesta er derfor utvida til full stilling på Bryneheimen. Den planlagde auken av sjukepleiestilling vart teken ut i revidert budsjett, men kompetansen vert ivaretaken framover med endringar av eigne årsverk.

Den ledige kapasiteten har også gjort at ein har kunna gjeve korttids- og avlastingstilbod til heimebuande. På den måten har ein fått utsett behovet for langtidsplass i institusjon.

Brukundersøking i langtidsavdelingane vart utført i slutten av året. Politisk sak kjem våren 2020.

Hausten 2019 vart det arrangert pårørandesamling for pårørande til personar som bur på sjukeheim. Temaet var å kartlegga kva kommunen kan gjera for å utsetta behovet for institusjonsplass.

Behovet for å utvida opningstidene i dagsenter for personar med demens vart undersøkt i 2018. Det var eit planlagt tiltak for 2019 å få meir fleksible opningstider etter brukar og pårørande sine behov. Dette har vore sett på i eit av prosjekta i arbeidet med drifts- og


ressursanalysen, og er ikkje heilt ferdig utgreia. Det er sett ned ei gruppe som jobber med transportutfordringar, som må løysast for å få dette prosjektet gjennomført.

Kreftkoordinator har vore med på implementeringa av «livets siste dagar», som er ein plan for sluttfasen i livet på institusjon.

Omsorg skulle greia ut behovet for institusjonskjøkken. Det har vore samtalar om samarbeid med nærliggande kommunar. Det vil koma ei politisk sak om dette våren 2020.

Tre av fire avdelingar har teke i bruk helsefremmande turnusar, og to av tre fløyar i 1. etasje på Bryneheimen har gått over til langvakter. Dette kan vera ein av grunnane til redusert sjukefråvær.

Institusjon totalt har redusert sjukefråværet til 9,6 % i 2019 mot 11,2 % i 2018.



I 2018 låg kostnadane til institusjon i Time over dei me samanlikner oss med. I 2019 har både Klepp og Kostragruppe 8 høgare kostnadar, medan Sandnes og landet utan Oslo har betydeleg lågare kostnadar. Inntektene (brukarbetaling, refusjonar og sal av sjukeheimspllassar) for 2019 er på 21,5 millionar kroner mot 17 millionar kroner i 2018.

Heimetenester

Tenestene omfattar heimesjukepleie og praktisk bistand, Kvernaland omsorgssenter, Sivdamsenter bukollektiv, tryggleiksalarmer, matombringning til heimebuande, dagsentertilbod, velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og helsefremmande heimebesøk.

Mindreforbruket i Heimetenesta skuldast i hovudsak god økonomistyring, overgang til tenestekontor og at budsjettet for omsorgsstønad ikkje har vorte flytta til området Aktivitets- og servicetenester.

Det har vore auke i behovet for heimesjukepleie dei to siste åra. Talet på personar som har praktisk bistand har ikkje auka, men dei som har tenesta har fått eitt større hjelpebehov som utløyer fleire vedtakstimar.

Alle bustadane på Kvernaland omsorgssenter vart tekne i bruk i løpet av våren 2019.

På Kvernaland omsorgssenter har dei omorganisert måltidsserveringa til ei felles «Edeståvå» i staden for å dela det opp i tre serveringsstadar. Dette har effektivisert drifta, samtidig som dei legg til rette for eit fellesskap rundt måltida.

Heimetenesta har redusert sjukefråværet til 7,6 % i 2019 mot 8,5 % i 2018.

Miljøtenester

Tenesta er for personar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne og unge med tilknytings- og åferdsvanskar. Tenesta inneheld heildøgnomsorg, nødvendig helsehjelp, praktisk bistand og opplæring i daglege gjeremål, aktivitetssenter, tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT), brukarstyrt personleg assistanse (BPA), avlastings- og barnebustad og kjøp av eksterne heildøgnplassar utanfor kommunen.

Miljøtenesta har hatt meirforbruk i 2019. Hovudårsaka til dette er behovet for å oppretta to nye barnebustader samt reduksjon av tilskot på grunn av ei endring i utrekningsmodellen på ressurskrevjande tenester. Grunnen til at meirforbruket ikkje er større, er at fleire tiltak i tråd med drifts- og ressursanalysen er sette i verk. Auka fokus på ressursstyring og heiltid, helsefremjande turnus og samarbeid på tvers med optimal nytte av ressursane. Det har vorte utarbeida gode rutinar slik at dei tilsette hjelper til på tvers av avdelingane ved sjukdom, ferie og liknande.

I 2018 gjorde Miljøtenesta endringar i leiarane sin portefølje, men likevel ser ein at nokre avdelingar ennå har behov for tiltak for å sikra god leiarstøtte.

Tendensen er at kommunen får brukarar med større hjelpebehov. Omsorg ser at bustadane ikkje er godt nok tilrettelagde for brukargruppa og det auka behovet for tilsette som det fører med seg.

Kommunen har hatt dialog med ni familiar med barn med større hjelpebehov som ønsker å organisera bustadtilbod som eit burettslag saman med kommunen.

Avdelinga Røyrvika omsorgsbustader med heildøgns omsorg er flytta frå verksemda Miljøtenesta til verksemda Psykisk helse og rusarbeid. Flyttinga vart gjort for å fordela porteføljen til verksemdleiarane. Det vart tilsett ny verksemdleiar for Miljøtenesta i mai 2019.

Miljøtenesta har BRA MAT-prosjekt i samarbeid med Klepp kommune. Prosjektet har fokus på ernæring, og opplæring er gjeve til både brukarar og tilsette. Det er ønskeleg å få med pårørande i denne opplæringa. BRA MAT-prosjektet har fått tilskot frå fylkesmannen.

Sjukefråværet totalt i Miljøtenesta er gått opp til 11,2 % i 2019 mot 7,4 % i 2018. I samarbeid med NAV arbeidslivssenter, bedriftshelsetenesta og organisasjonsavdelinga arbeider ein med å finna årsakene og å få ned sjukefråværet.

Psykisk helse og rusarbeid

Tenesteeininga består av psykisk helse- og rusarbeid på dagtid, døgnbemannsbufellesskap i Kolhei og Svertingstad, lågterskel dagtilbod i Svendsenhuset, og treningskontakt.

Mindreforbruket i 2019 skuldast vakante stillingar og redusert innleie ved sjukdom og feriar.

Hausten 2019 flytta dagtenestene inn i nye lokale, Røyrvika 2, saman med Teneste- og samordningskontoret. Nye lokale, med god plass og betre innemiljø har ført til eit betre arbeidsmiljø. Psykisk helse og rusarbeid, dagteneste, har skifta namn til Meistringssenteret.

Meistringssenteret har starta opp med gruppetilbod på ettermiddagane, og endra opningstidene slik at tilboden vert meir fleksibel og tilgjengeleg for innbyggjarane. Dei har og eit tett samarbeid med Familiesenteret, politikontakten og Bryne vidaregåande skule.

Dei har og starta opp eit samarbeid med No Limitation. No Limitation vert drive av personar med ruserfaring. No Limitation kan gje tilbod om ulike aktivitetar på gard til ulike brukargrupper i Time kommune.

Psykisk helse- og rusabeid skal bidra til å betra levekår og fremja brukaren si meistring av eige liv som for eksempel bustad, arbeid, økonomi og sosial inkludering. For å få til gode tenester er brukarmedverknad ein viktig faktor. Det vert brukt systematisk brukarmedverknad i arbeidet med «Feedbackinformerte tjenester (FIT)». Det handlar om systematisk tilbakemelding frå brukarar og tenestene vert tilpassa desse tilbakemeldingane.

Tiltaket «Opna ettervernbsbustad i Røyrvika 15» er ikkje utført. I KS- 079/19 vart vedtaket omgjort til at ettervernarbeidet skulle utførast i brukar sin heim. Ettervernarbeidet er godt i gang og dedikerte tilsette arbeider med å utvikla tilboden.

Time kommune har ikkje nok døgnbemanna omsorgsbustader for personar med alvorlege psykiske helseplager. Derfor vert det kjøpt fire butilbod i Hå kommune. Ein ser at det er ein auke i dette behovet. Det same gjeld for personar med rusutfordringar. Derfor ser Omsorg på korleis kommunen kan planlegga utbygging for å dekka behovet. I Kolheiabufellesskap er det ein plan på å utvida med fire bustader. Ei gruppe arbeider med å finna behovet for omsorgsbustader og institusjonsplasser for alle brukargruppene i Omsorg. Planen for bygging av omsorgsbustader og institusjonsplasser vil koma som ei politisk sak i løpet av 2020.

Sjukefråværet i psykisk helse- og rusarbeid har i 2019 auka til 10,9 % mot 8,7 % i 2018.

Aktivitets- og servicetenester

Her inngår sjåførar, vaskeri, sysselsettingstiltak, omsorgsstønad, lønn til fritidskontaktar og private avlastarar.

Det har vore eit meirforbruk på desse tenestene. Grunnane til dette er at vaskeriet har fått meir arbeid og budsjettet på omsorgsstønad, fritidskontaktar og private avlastarar ikkje har vorte flytta frå Heimenesta. Det er utfordrande å skaffa fritidskontaktar (støttekontaktar) og private avlastarar.

Omsorg har to heiltidstilsette sjåførar som transporterer brukarar til dag-/aktivitetssenter, middag frå JDPS og tøy til og frå vaskeriet. Transportlogistikken er utfordrande og ei prosjektgruppe ser på dette.

Vaskeriet har plassutfordringar, så det er vanskeleg å få inn hjelpemiddel som kan gje ein ergonomisk arbeidsplass. Det er sett av midlar i 2020 til konsulent som skal sjå på

mogelegheita for ombygging eller bygga nytt. Grunna auka aktivitet er arbeidsmengda vorte større i vaskeriet, og det kan verta behov for fleire tilsette.

Ved utgangen av 2019 hadde ikkje Time kommune venteliste for varig tilrettelagd arbeid (VTA) på Jæren Industri Partner (JIP). Det var to ledige VTA-plasser i tredje tertial.

Samhandling

Time kommune har i siste tertial av 2019 nytta 98 % av tildelte liggedøgn ved Jæren øyeblikkelig hjelp (JØH) mot 50 % i same periode i fjar.

Omsorg har hatt to kafé-dialogar med folkevalte, frivillige lag og organisasjonar der kommunalsjef og leiarar bad om innspel på arbeidet med drifts- og ressursanalysen.

Direktøren på Jæren distriktspsykiatriske senter (JDPS) har faste samarbeidsmøte med kommunalsjefane i Omsorg frå Time-, Hå, Klepp og Gjesdal kommune. Dei drøftar felles utfordringar og deler erfaringar.

I LEV-056/18 fekk rådmannen mandat til at kommunalsjefane i Omsorg i Klepp og Time kommunar saman skulle greia ut behovet for eit interkommunalt institusjonstilbod for innbyggjarar med demens og store skjermingsbehov. I tillegg skulle dei vurdera eit interkommunalt tilbod for eldre innbyggjarar med nedsett buevne på grunn av sine rus- og/eller psykiske vanskar. Politisk referatsak vert lagt fram mars 2020.

5.3.4 Utfordringar framover

Innbyggjarane sine forventingar kan gje utfordringar med å få kommunisert ut BEON-prinsippet. Innbyggjarane må i større grad vera motiverte til å ta grep om sitt eige liv, og legga til rette for sin eigen alderdom.

Omsorg har også desse utfordringane framover:

- Redusera dekningsgraden på institusjon.
- Dekka det auka behovet for helse- og omsorgstenester
- Sikra at velferdsteknologi vert teke i bruk med gevinst
- Dekka behovet for avlasting for pårørande med sjuke barn/ektefelle og andre pårørande
- Fleire yngre personar med demens
- Dekka behovet for tilrettelagte/funksjonelle omsorgsbustader med heil eller delvis døgnbemanning
- Manglande IKT-vakt 24/7 med tanke på velferdsteknologiske løysingar
- Auka talet på heiltidstillingar og rekruttera og behalda kompetanse

5.4 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgåve å驱iva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsophald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

5.4.1 Økonomi

Samfunn	Budsjett Rekneskap 2019		Budsjett m/endringer 2019		Avvik (B-R) 2019
	Rekneskap 2019	Budsjett m/endringer 2019	Rekneskap 2018	Budsjett u/endringer 2019	
Administrasjon	1 931	2 050	3 538	3 316	119
Plan og utbygging	4 181	3 795	3 251	2 641	-386
Samfunns- og landbruksforvaltning	4 965	4 145	4 298	4 124	-820
Brannvern	10 319	10 488	10 488	8 842	169
Helse og rehabilitering	32 704	32 744	31 744	30 615	40
Flyktningtenesta	10 511	11 578	9 823	14 948	1 067
Sosialtenester	27 541	28 398	28 398	32 398	857
Kultur	22 564	20 926	21 624	20 859	-1 638
Eigedom	45 930	45 928	47 333	44 589	-2
Vegar og grøntanlegg	21 145	20 553	20 421	24 868	-592
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0
Sum Samfunn	181 791	180 605	180 918	187 200	-1 186

Tenesteområdet har samla meirforbruk på 1,2 millionar kroner. Det er særleg Kultur, Samfunns- og landbruksforvaltning og Vegar/grøntanlegg som har hatt meirforbruk. Årsakene er nærmere omtalt under 5.4.3.

Flyktningtenesta har hatt mindreforbruk på vel ein million kroner i 2019, og samla nettoutgifter er i 2019 om lag 4,4 millionar kroner lågare enn i 2018. Sosialtenester (NAV Klepp-Time) har i 2019 hatt mindreforbruk på 860 000 kroner, og det er verd å merka seg at samla nettoutgifter til sosialtenester i 2019 er om lag 4,8 millionar kroner mindre enn i 2018. NAV Klepp-Time har arbeidd målretta for å redusera talet på sosialhjelppsmottakarar, spesielt blant unge mellom 16-29 år.

Tenesteområdet hadde eit samla sjukefråvær på 5,4 % i 2019 mot 7,7 %, i 2018.

5.4.2 Rapportering om tiltak 2019

Tiltak	Merknadar	
Folkehelse, plan og landbruk		
Laga handlingsplan for bruk av partnarskapsmidlar	U	
Beredskap		

Tiltak	Merknadar	
Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarane i to verksemder	D	Gjennomført for tenesteområdet Omsorg.
Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for krieseleiringa	U	
Avklara forventningar og rapportering på beredskapsarbeid på verksemdnivå	U	
Få på plass framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i akuttmedisinforskrifta	D	Utsett i påvente på endeleg statleg rettleiar til akuttforskrifta. Politisk sak våren 2020.
Plan og utbygging		
Følga opp konkrete overordna planar og områdeplanar i tråd med planstrategien	D	3 av 4 planlagde områdeplanar er utførte i 2019. Arbeidet med områdeplan for området mellom Jernbanegata og Ola Barkveds veg er ikkje starta.
Få godkjent revidert arealdel til kommuneplanen	D	Fase 2 Kvernaland/Kalberg er ikkje ferdigstilt. Arealdelen til kommuneplanen for alle andre område er godkjent i 2019
Utarbeida gatebruksplan for Bryne og regulera Storgata til gågate	D	Arbeidet er starta, men utsett til 2021 i samband med ny løysing for parkering i sentrumsplanen.
Følga opp årleg prioriteringssak for private reguleringsplanar frå Lokal utvikling	U	
Gjennomføra brukarundersøking «private reguleringsplanar»	I	Tenesta vart omorganisert seit i 2018. Det vart derfor ikkje prioritert eller sett av ressursar til brukarundersøking i 2019.
Realisera bygge- og anleggsprosjekt som er eller vert sette i gang i 2019 i tråd med investeringsdelen i økonomiplanen	U	
Utarbeida internkontrollsistem for arealplanlegging	D	Pågår
Samfunns- og landbruksforvaltning		
Få godkjent ny «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp	I	Ikkje godkjent. Planlagt forarbeid startar opp i 2020.
Følga opp godkjent «Tiltaksplan for Håeleva» saman med Hå	D	Gjennomføring av del 1 i Hå kommune er starta opp.
Utfordrande forvaltingssaker skal handterast i positiv og klargjerande dialog med søkerar	U	
Saksbehandlingstida for byggsak og geodata skal ligga godt innanfor føringane i nasjonale lovar og forskrifter	U	
Ny godkjenning som «Trafikksikker kommune»	U	

Tiltak	Merknadar	
Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen	D	Dei fleste tiltaka er gjennomførte.
Legga fram sak om klimarekneskap for kommunen	I	Dette er tiltak som skal prioriterast i 2020 i forbindelse med revisjon av Miljø- og klimaplanen.
Veg-, grønt- og eigedomsdrift		
Fortsetja med reasfalteringsarbeidet av kommunale vegar og gater	U	
Systematisera og digitalisera drift av overvass-, veg- og grøntanlegg	D	Arbeidet pågår kontinuerleg
Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde	D	Arbeidet pågår
Fortsetja oppgraderingstiltaka av kommunale leikeplassar	D	Arbeidet pågår kontinuerleg
Sluttføra innføringa av ny reinhaldsstandard i kommunale bygg som naturleg del av gjennomført omstillingsprosjekt	U	
Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg	U	
Vurdera husleigesatsane for utleigebustadane i forhold til marknadsleigesatsane for leigebustader på Jæren	U	
Vatn, avløp og renovasjon		
Få alle resterande abonnentar over på vassmålar	D	Arbeidet pågår og er venta avslutta i perioden 2020-21
Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningssystemet	D	Arbeidet pågår kontinuerleg
Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnettet	D	Arbeidet pågår kontinuerleg
Syta for førebyggande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne	D	Arbeidet pågår. Delar av arbeidet vart avslutta i 2019 og noko vert avslutta i 2020. Høvesvis Dronning Mauds gate opp mot Kjeldevegen og Kjeldevegen.
Gjennomføra samankopling av vassforsyninga mellom Klepp og Time i Vardheia/Nordlysvegen	D	Prosjektet pågår. Vert utført i samband med bygginga av nye Vardheia ungdomsskule.
Ha tilbod heile året om henting av grov-, hage- og farleg avfall frå hushalda	U	
Avslutta «bleiedunkordninga» og samla inn alle dunkar brukte i ordninga	U	Vert nå fortløpande samla inn via bestilling på nett. Tømming er avslutta frå 01.01.20.
Ta i bruk tekniske verktøy for handtering av tømmingar og serviceoppdrag i renovasjonstenesta.	I	Ikkje begynt. Gjeld primært elektronisk kommunikasjonsverktøy mellom renovasjonsbil og Innbyggarservice.
Helse-, sosial- og flyktingteneste		

Tiltak	Merknadar	
Rettleia minimum tre fastlegar i tråd med føringane i ny forskrift om spesialistordning	U	
Frisklivsentralen prøver ut prosjekt «Friskliv Ung» i samarbeid med nabokommunane Hå, Klepp og Gjesdal	U	
Fysio- og ergoterapitenesta greier ut behovet for auka teknisk teneste til montering og reparasjonar av hjelpemiddel	I	Det er ikkje gjort systematisk utgreiing av behovet grunna prioriteringar. Me vil fortsatt la det stå som eit tiltak i tenesta og legge fram forslag om auke ved eventuelt behov.
Utarbeida tiltak for å auka overgang til arbeid eller utdanning for personar med flyktningsbakgrunn som har sosialhjelp som hovudinntekt	D	Arbeidet pågår
Systematisk arbeidsretta oppfølging av alle langtidsmottakarar av sosialhjelp som har dette som hovudinntekt	D	Arbeidet pågår kontinuerleg
Utarbeida nye samarbeidsavtalar med kommunale, fylkeskommunale og statlige tenester i forbindelse med samanslåinga med NAV Klepp	D	Arbeidet pågår
Tilpassa drifta av flyktningetenesta til reduksjonen i mottak av flyktingar	U	
Utvikla og tilpassa introduksjonsprogrammet meir individuelt for å få flyktingar raskare ut i utdanning eller arbeid	U	
Kultur		
Avklara konsept for framtidas Storstova–profil, bygg, driftsopplegg og framdrift	I	Ikkje begynt grunna den økonomiske og personalmessige situasjonen, jf. KS-011/19 Revidert budsjett og KS-036/19.
Gjennomføra brukarundersøking av kinoen og kulturhuset	I	Ikkje begynt grunna den økonomiske og personalmessige situasjonen, jf. KS-011/19 Revidert budsjett.
Gjera biblioteket endå meir brukarvennleg ved å innføra nytt biblioteksystem og vurdera grep for å gjera lokalet «meirope»	I	Ikkje begynt grunna tekniske utfordringar og andre personalmessige forhold.
Gjennomføra brukarundersøking av biblioteket	U	
Inngå avtale med Jærmuseet og Time historielag om forvalting og drift av Time bygdemuseum	I	Ikkje begynt grunna den økonomiske situasjonen, jf. KS-011/19 Revidert budsjett 2019.
Gjennomføra innovasjonsprosjektet «Smart organisering av frivillig innsats»	U	

Tiltak	Merknad	
Gjennomføra innovasjonsprosjektet «Velferdssenteret mot 2030 – møte med morgondagens eldre»	U	
Etablera utstyrslager for idretts- og friluftsutstyr	U	
Vidareføra prosjekt «ALLE MED»	U	
Utarbeida ein strategi for samhandling med frivillig sektor	D	Det er utarbeidd ei kartlegging av frivillige organisasjonar i Time. Mellom anna basert på denne skal det i 2020 utarbeidast ein strategi for frivillig arbeid.
U = Utført	D = Delvis utført	I = Ikke utført

Det er mange tiltak som er delvis utførte, jamfør gul fargekode. Årsaka til dette er at mange av tiltaka er omfattande og treng fleire år for å verta gjennomførte.

5.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

Beredskap og folkehelse

Kommunen sette krisestab seks gonger i 2019, ut i frå ein beredskapsmodell med lågare terskel for å sette krisestab. Det er gjennomført beredskapsopplæring og øving for leiarane i Omsorg og for kommunen si kriseleiing inkludert vara og tilsette i IVAR IKS. Kommunen gjennomførte beredskapsøving saman med IVAR IKS.

Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte tilsyn på kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Det vart ikkje funne avvik frå lov og forskrift, og kommunen får ros for sitt systematiske og heilskaplege arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Sak om framtidig legevaktarbeid vart utsett til hausten 2019 i påvente av høyring av rettleiar til akutforskrifta. Den kom i juni, og Klepp og Time utarbeidde felles og politisk behandla høyringsuttale. Politisk sak om framtidig legevakt kjem våren 2020.

Folkehelseprofil for Time kommune er revidert for perioden 2018-2021. Eit omfattande kunnskapsgrunnlag ligg til grunn og viser både kva som er positivt og kva utfordringar kommunen har på området. Folkehelseprofilen har gjeve innspel til arbeidet med økonomiplan 2020-2023 og har vore eit av grunnlagsdokumenta i arbeidet med planstrategi 2019-2023.

Kommunen kjøper brannverntenestene i Rogaland brann og redning IKS. Det er om lag 170 000 kroner i mindreforbruk i 2019.

Plan og utbygging

Arealplan har eit meirforbruk på om lag 390 000 kroner. Dette skuldast mindreinntekter på arealplan på om lag 660 000 kroner. Tenesta vart hausten 2019 redusert frå 5 til 4 tilsette. Gebyrinntektene varierer med mengde saker, type tiltak og fastsette gebrysatsar.

I 2019 vart det lagt fram sju private og kommunale forslag til detalj- og områdereguleringar til første gongs behandling. Tre detaljreguleringsplanar og ein områdeplan er lagde fram til andre

gongs behandling og godkjenning i kommunestyret. Alle private detaljreguleringsplanar er behandla av Utval for lokal utvikling innan 12 vekers fristen.

Det er vidare lagt ned betydelege ressursar i arbeidet med ny arealdel til Kommuneplan for Time 2018-2030, utbyggingspakke Jæren og gatebruksplan for Bryne sentrum.

Høyringsutkastet for arealdelen vart lagt ut på høyring før sommaren 2019, med politisk godkjenning i desember 2019. Arbeidet med fase 2 for Kvernaland/Kalberg fortset i 2020.

Seks utbyggingsprosjekt med ei totalramme på 186 millionar kroner vart avslutta i 2019.

Samla sjukefråvær var 3,8 %. I 2018 var sjukfråværet 6,2 %.

Samfunns- og landbruksforvaltning

Samfunns- og landbruksforvaltning ivaretok lovpålagte oppgåver/myndighet og forvaltning knytt til lover og reglar på områda byggesak, geodata, kart og oppmåling, landbruk, kommunale vegar, parkering, trafikk og grøntanlegg, tekniske planar og klima/miljøvern.

Samla resultat for alle tenestene er eit meirforbruk på 820 000 kroner. Gebyrinntektene på byggesak og oppmåling var om lag 1,7 millionar kroner høgare enn budsjettet. Byggsak sletta om lag 600 000 kroner av negativt sjølvkostfond, og har nå positivt fond på 350 000 kroner. Oppmåling hadde samla meirinntekt på 570 000 kroner i 2019 og har nå eit positivt sjølvkostfond på 800 000 kroner.

Landbruksforvaltning har hatt noko meirforbruk som mellom anna er relatert til utgifter ved samarbeidstiltaket «Frivillege tiltak i landbruket» med nabokommunane Hå og Klepp, samt miljøundersøking og oppfølging av ei stor forureiningssak på Høylandsfjellet.

Det er særleg parkering som har hatt betydeleg meirforbruk, om lag 700 000 kroner. Her må me i 2020 ha ei samla vurdering av utgiftssida. Samla gebyrinntekter for parkering er om lag 2,25 millionar kroner.

Byggesak ferdigstilte om lag 300 byggesaker i 2019, ein god del større tiltak, noko som gjev større inntekter. I tillegg kjem ferdigattestar, mellombels bruksløyve og eit stort tal på andre førespurnadar. Geodata gjennomførte mellom anna 124 oppmålingsforretningar, 94 seksjoneringar og 144 nye adresseringar. Drifta har vore god med høg aktivitet. Landbruks- og miljødata ligg ved i eigen tabell, jf. nøkkeltal for 2019.

Å rekruttera og behalda kompetanse er avgjerande for å kunna levera gode tenester til rett tid. Tilgangen på kvalifiserte søkerar til ledige stillingar er tilfredsstillande. Tenesteproduksjonen i driftseiningane er sårbar ved lengre fråvær.

Samla sjukefråvær var 3,8 %. I 2018 var sjukfråværet 4,9 %.


Helse og rehabilitering

Drifta av tenesteeininga gjekk i økonomisk balanse i 2019.

Arbeid med utgreiing av legevakttenesta som i dag er eit interkommunalt samarbeid med Klepp og Sandnes pågår. Politisk sak om framtidig legevaktsamarbeid er venta våren 2020.

Framtidig dimensjon på lege-, fysio- og ergoterapitenestene har i stor grad samanheng med folkeveksten. Auke i arbeidsoppgåver frå fastlegane som følge av nasjonale reformer og føringar, gjer at fastlegane har stort arbeidspress. I forbindelse med dette er og rekruttering til ledige heimlar ei utfordring nasjonalt og lokalt. Samhandlingsutvalet mellom fastlegar og kommunen har sett behov for å gjera tiltak, både å auka talet på legar og legga til rette for rekruttering. Kommunen har i 2019 fått tilskot til ei opplæringsstilling for allmennlegar i spesialisering, ALIS, gjennom prosjektet ALIS Vest. Stillinga er planlagt å starta opp i mars 2020 på Sandtangen legesenter med eit tidsperspektiv inntil 5 år.

Kvernaland legesenter søkte kommunen om overgang frå privat næringsdrift til kommunalt drifta legesenter, jf. KS-078/19 «Kvernaland legesenter: Søknad om endra driftsform frå privat verksemد til kommunalt eigd og drifta legesenter». Kommunen vil ikkje godkjenna ei endring av driftsform for fastlegane før tiltaks- og handlingsplan for fastlegeordninga nasjonalt er lagt fram frå regjeringa våren 2020. Dei tre fastlegane på legesenteret ønsker ikkje å halda fram og sende oppseiring i november. Dialog med fastlegane om avvikling er starta og held fram i 2020, og rekrutteringsprosess av tre fastlegar er begynt.



Kostra-tal viser at Time kommune har netto driftsutgifter til helseteneste per innbyggjar på 1542 kroner. Det er lågare enn gjennomsnittet for landet og kostra-gruppa, men høgare enn nabokommunane Klepp og Sandnes. Talet omfattar fastlegetenesta inklusiv legevakt og fysio- og ergoterapitenesta.

Ventetid hos både den kommunale fysio- og ergoterapitenesta er inntil tre månadar. Privat fysioterapitenesta har ventetid inntil to månadar. Låg ventetid til tenestene er viktig med tanke på kvalitet på tenesta, og særleg i eit førebyggande perspektiv. Tidleg intervension kan ha stor betydning for å unngå negativ utvikling av helseutfordringar for den enkelte person og unngå følger som mellom anna sjukemelding. Ein stor del av brukarane er kronisk sjuke og eldre, og det betyr mykje for livskvaliteten til den enkelte å få hjelp så tidleg som mogleg.

Helse og rehabilitering deltek i prosjektet «Greia ut framtidig behov for tenestene rehabilitering og habilitering» i samarbeid med Omsorg. Hensikta er å finna robuste

samarbeidsformer og arbeidsmetodar som kan møta framtidas behov, jf. KS-090/19 «Drifts- og ressursanalyse innan helse og omsorg – oppfølging av rapport».


Frisklivsentralen i Time, Klepp, Hå og Gjesdal har samarbeid på tvers av kommunane og har etablert eit robust og godt samarbeid med bredt tilbod til innbyggjarane, Friskliv Jæren. Av tilbod som er haldne i 2019 er sju ulike kurs à 2-3 gonger, innan kosthald, tobakk, søvn og psykisk helse. Tal på deltakarar har variert frå 12-25 og i alt om lag 130 innbyggjarar på tvers av kommunane. I tillegg har det vore tilbod innan fysisk aktivitet med sju ulike gruppetreningar kvar veke gjennom året. Om lag 550 innbyggjarar er registrerte kvar veke som deltakarar på treningsgruppene i Friskliv Jæren. Tal på årsverk er 1,4 i Time frisklivscentral.

Samla sjukefråvær var 3,4 %. I 2018 var sjukfråværet 2,5 %.


Sosialtenesta – NAV Klepp og Time

Tenesteeininga har samla sett eit mindreforbruk på 857 000 kroner i år. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til reduserte utgifter til sosialhjelp i forhold til tidlegare år.

NAV Time vart vedtatt slått saman med NAV Klepp av kommunestyret våren 2018. Kontoret fekk ny samla organisering vinteren 2019, og dei tilsette vart overførte til Klepp kommune gjennom ei versemđsoverdraging 1. april 2019. Samlokaliseringa av dei to kontora vart fullført i november 2019.



Prosentdelen innbyggjarar mellom 18-66 år som får sosialhjelp er redusert frå 3,8 i 2018 til 3,4 i 2019. Klepp ligg betydeleg lågare og Sandnes og landet utan Oslo noko høgare.



Netto driftsutgifter til sosialtenester per innbyggjar er for Time redusert med 567 kroner i 2019 i forhold til i fjor. Driftsutgiftene er nå under alle nabokommunane. Grunnen til at Klepp har høgare netto driftskostadar enn Time trass i betydelege lågare tal på sosialhjelprmottakarar, er at dei bruker meir på sosialkontor og på flyktningtenesta.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp var på 16,2 millionar kroner i 2019 som er 4,2 millionar kroner mindre enn i 2018. Det var 446 brukarar, inkludert 38 i Kvalifiseringsprogrammet. I 2018 var det 474 brukarar inkludert 35 i Kvalifiseringsprogrammet.

I 2019 var talet på deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet i gjennomsnitt 20 per månad. Utgiftene i 2019 var på 5,1 millionar kroner, som tilsvarar talet for 2018. Dei fleste ville alternativt fått utbetalt sosialhjelp.

Resultata i Kvalifiseringsprogrammet er gode. Av dei 25 brukarane som gjennomførte og avslutta programmet i 2019, avslutta 17 grunna arbeid. Fleirtalet av deltakerane i Kvalifiseringsprogrammet i Time kommune har flyktningbakgrunn.

NAV Klepp-Time har eit program for aktivitetsplikt som kallast ViA, med god kartlegging av ungdommane og tett individuell oppfølging. Det har vore 163 unge innom programmet frå Klepp og Time i 2019, og 116 som avslutta programmet i løpet av året. Av desse gjekk 63 til arbeid, utdanning eller arbeidstrening i ordinær bedrift. 29 vart avslutta av forskjellige årsakar som eksempelvis rus, soning i fengsel eller språkvanskar. Talet på unge under 25 som fekk sosialhjelp i Time vart redusert frå 111 i 2018 til 82 i 2019.

NAV Klepp-Time har eit aktivitetstilbod for ei mindre gruppe brukarar i regi av Time kommune. Dei har ein arbeidsleiar og utfører forskjellig arbeid for kommunen. Av dei som har vore deltagarar i tiltaket, har alle fått tiltak og tiltakspengar via NAV stat og såleis fått mindre sosialhjelp.

Det har lenge vore arbeidd med å legga til rette for at flyktningar kjem ut i arbeid. NAV Klepp-Time har sett av ei eiga stilling til dette arbeidet, finansiert av midlar frå fylkesmannen. Det har gjennom 2019 vorte arbeidd med nye rutinar for dei som vert overførte frå

flyktningtensta til NAV for å sikre betre overgang og raskare igangsetting av arbeidsretta tiltak.

Samla sjukefråvær var 1,8 %. I 2018 var sjukfråværet 5,2 %.

Flyktningtenesta

Tenesteeininga hadde eit mindreforbruk på vel 1 million kroner i 2019.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) tildelte kommunen ein kvote på 20 flyktningar i 2019. Dette er ein auke på 10 personar i forhold til året før. Det er busett i alt 20 personar der alle kom frå asylmottak. Fem av dei busette var barn. I tillegg vart to barn familiesameinte med familien sin. Kommunen får såleis statleg integreringstilskot for 22 nye personar i 2019.

Totalt 59 flyktningar har i løpet av året delteke i kommunen si introduksjonsordning. Det kom 13 nye deltakarar i 2019, medan 27 personar fullførte og avslutta programmet. Av desse gjekk 81 % over i arbeid eller utdanning mot tilsvarande 76 % året før. Dette er eit godt resultat og over nasjonal målsetting på 65 %.

Dei to siste åra har flyktningtenesta redusert drifta frå seks til fire årsverk på grunn av nedgang i talet på flyktningar. Reduksjonen har ført til utfordringar knytt til krava om oppfølging og dokumentasjon i forbindelse med introduksjonsprogrammet, og arbeidet med buseetting og integrering.

I 2019 har det vore særleg fokus på å utvikla og tilpassa introduksjonsprogrammet individuelt til kvar deltakar, og sikra eit heilårleg program på fulltid. Dette har tenesteeininga i stor grad lukkast med. Behova er i stadig endring, og eininga må vera fleksibel for å gje deltakarane eit godt og kvalifiserande tilbod.

Kommunestyret vedtok i KS-072/18 at flyktningtenestene i Klepp og Time skal samorganiserast og samlokaliseras med Bryne kompetansesenter innan 01.01.2020. Av ulike årsaker vart ikkje dette gjennomført i 2019. Det er ennå usikkert når ei slik samorganisering og samlokalisering vil skje.

I 2019 fekk flyktningtenesta, i samarbeid med Bryne helsestasjon, tilskot frå Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet (Bufdir) for å heva kompetansen i foreldrerettleiing blant dei tilsette. Det er gjennomført rettleiing etter foreldrerettleiingsprogrammet International Child Development Program (ICDP) som er tilpassa minoritets-foreldre, for to ulike grupper flyktningforeldre gjennom året.

Drifta av kvinnegruppa Femira held fram i samarbeid med Bryne Røde Kors, og har i overkant av 21 besøkande på kvart møte.

Samla sjukefråvær var 3,1 %. I 2018 var sjukfråværet 0,1 %.

Kultur

Kulturtenestene (Bibliotek, Kulturhus, Fritid og Kulturvern) hadde eit samla meirforbruk på 1,6 millionar kroner i 2019. Det skuldast meirforbruk på om lag 1,3 millionar kroner på kinodrifta og meirforbruk på om lag 300 000 kroner på kulturhusdrifta.

Norsk kulturforum kåra i 2019 Time som Årets kulturkommune i Rogaland (2019-2020). Utmerkinga vart gjeven på grunn av kommunen si langsiktige satsing på kultur, vektlegginga av kultur i byutviklinga på Bryne, samt arbeidet med ny Kulturplan 2019-2027 som kommunestyret vedtok i februar.

Kino og Kulturhus

Besøket på nye Bryne kino kom i 2019 opp i snautt 90 000, ein auke på mest 30 % målt mot 2018. Dette er eit godt resultat i eit svakt kinoår, med ein publikumsnedgang nasjonalt på 7,4 %. Utfordringa er likevel at besøket må opp på om lag 100 000 for å få drifta til å gå i balanse.

Storstova og Bryne Mølle hadde i 2019 eit samla besøk på litt over 21 000 som er på nivå med året før. Med ei halvering av staben på grunn av vakant kulturhussjefstilling og langvarig sjukemelding blant driftspersonalet, var 2019 eit krevjande år med eit redusert programtilbod. Mange førestillingar hadde ekstern arrangør. Ein slik programprofil gjev relativt låge billettinntekter, men gode leigeinntekter.

Livsgledefestivalen vart arrangert i mars. Festivalen spring ut av etableringa av Fritz Røed skulpturpark. Skulpturparken var i 2019 15 år, og dette vart markert under festivalen. Fleire lokale aktørar var med på arrangørsida dette året, og festivalen får for kvart år fleire arrangement og større besøk.

Bibliotek

Biblioteket hadde 90 000 besøkande i 2019, ein nedgang på 4,4 % frå året før (talet på besøkande inkluderer Garborgsenteret og kafèen).

Samla utlån var 101 720, ein auke på 7,6 % frå året før. Utlån av faglitteratur for barn og vaksne har auka med 20 % kvar. Auken i utlån av skjønnlitteratur til barn er 22,4 %, medan auken i utlån av skjønnlitteratur for vaksne er 11,7 %. Auken i utlån av barnebøker må mellom anna knytast til den årlege Sommarles-aksjonen som stimulerer svært mange barn mellom 1. og 7. trinn til lesing. Biblioteket satsar mykje på litteraturformidling i ulike former til både barn og vaksne. Det vert elles vist til kap. 10 Nøkkeltal for øvrig delverksemd i biblioteket.

Biblioteket avvikla 336 arrangement i 2019 mot 313 året før. I alt møtte 10 686 besøkande på dei ulike arrangementa.

Biblioteket tilbyr god digital opplæring for alle som treng det. Personalaet gjev i tillegg dagleg digital hjelp over skranken til lånarar som treng dette.

Biblioteket er ein naturleg arena for innbyggjarar som søker kunnskap og som treng ein sosial møteplass. Biblioteket har fast samarbeid med barnehagar og grunnskulane i kommunen om lesestimulerande tiltak.

Garbordagar 2019 vart arrangert i januar. På programmet stod foredrag, debattar, Slam – konkurranse i framføring av sjølvskrivne tekstar, konsertar, forfattarbesøk til skuleklassar og barneførestillingar. Dei fleste arrangementa var godt besøkte. Samla sett auka besøket til

Garborgdagar frå året før. 2019 var første året Garborgdagar fekk festivalstøtte frå Kulturrådet og Rogaland fylkeskommune.

Fritid

Ungdomshuset Møllekjellaren hadde 15 406 besökande i 2019. Besøkstalet er om lag på same nivå som året før. Møllekjellaren er ein populær samlingsplass for ungdom både frå Time og andre kommunar i området. Gjennomsnittleg besøk per kveld er ca. 90 personar.

Møllekjellaren har ope fire kveldar i veka.

Prosjektet «Alle med i Rosseland Ballklubb/Time» starta i februar 2018, med prosjektleiar i 50 % stilling. Prosjektet vert vidareført med kommunale midlar og statlege midlar frå Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet (Bufdir). Tiltaket gjev framleis gode resultat når det gjeld integrering og inkludering av nye barn og unge inn i ulike fritidsaktivitetar i kommunen. Prosjektet omfattar heile kommunen.

Det er arbeidd med innovasjonsprosjektet «Velferdssenteret mot 2030», kor målet er å sjå eldre både som brukarar av kultur- og fritidstilbod og som ein viktig frivillig ressurs.

Sommaren 2019 konkluderte prosjektgruppa med å rá til at Sivdammen velferdssenter, Sivdammen catering og Time frivilligsentral vert samordna på ein betre måte. Dette arbeidet vert følgt opp i 2020.

Det er innført betalingsordningar med bankkort og Vipps for brukarar av symjehallane. Det er nå mogleg å førehandsbestilla badetid ved Sivdambassenget på laurdagar. Publikum er særskilt godt nøgd med denne ordninga.

Kontaktkonferansen vart gjennomført hos Bryne Røde Kors den 14. februar. Det var om lag 50 deltakrar.

Kulturvern

Kulturvernfeltet, inkludert drift av museumsanlegga, sorterer under Kultur. Det er Jærmuseet som forvaltar og driv Garborgheimen og Knudaheio etter avtale med Time kommune.

Besøket i Knudaheio var på 877 i 2019, ein tilbakegang på 37 % frå året før, medan besøket i Garborgheimen var på 657, ned med 19,5 %. Tilbakegangen skuldast mellom anna færre besökande frå busselskap med guida turar. Garborgsenteret (Jærmuseet) hadde 13 641 besökande, ein framgang på 27 % frå året før.

Fotland mølle samla om lag 1000 besökande, ein nedgang på 23 % frå året før. Det skuldast mellom anna reduksjon i talet på utstillingar og at ein i sommarsesongen hadde ope berre sundagar, medan ein tidlegare har hatt museet ope kvar dag i juli og halve august. Denne innsparinga vart vedteken i revidert budsjett 2019, jf. KS-011/19.

Samla sjukefråvær i Kultur var 8,6 %. Det er langtidssjukefråværet som trekker opp totalen. I 2018 var sjukfråværet 6,7 %.


Eigedom


Tenesteeininga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og reinhald av kommunale bygg. Tenesta gjekk i økonomisk balanse i 2019, trass auka forsikringskostnadane på bygg på om lag

500 000 kroner og kostnadene i forbindelse med ei rettssak på om lag 250 000 kroner. Det er eit aukande vedlikehaldssetterslep på den eldre bustadmassen i kommunen som bør ha fokus i framtidig økonomiplanarbeid.

Felles administrasjon av bygg er ein administrasjonskostnad. Her var i 2018 ført seks årsverk på administrasjon. I 2019 er dette korrigert slik at bokføringa kjem meir i samsvar med Kostra-regelverket og det betyr at om lag fire årsverk nå vert fordelt på drift av dei ulike kommunale bygg og inngår i driftskostnadene for bygg jf. figurane under.

Samla sjukefråvær var 7,1 %. I 2018 var sjukfråværet 9,6 %.





Kostnadane til institusjonsbygg og barnehagebygg har gått ned med forholdsvis 7 og 39 kroner per kvadratmeter fra 2018 til 2019. Kostnaden for skulebygg har auka med 104 kroner per kvadratmeter.

Kostnaden per kvadratmeter er om lag som for Klepp og Hå på nemnde bygg ovanfor. Når me samanliknar med landsgjennomsnittet bruker Time mykje på institusjon og lite på barnehagebygg.

Vegar og grøntanlegg

Tenesta som omfattar drift av vegar, gatelys, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar og kyrkjegardsdrift. Tenesta hadde meirutgifter på om lag 600 000 kroner i 2019 som i hovudsak er relateret til vintervedlikehald og vedlikehald av samla grønt- og parkanlegg.

Kommunen har rammeavtale med Lyse as når det gjeld gatelys. Det omfattar både investering, drift og vedlikehald. Kommunen har litt over 4050 gatelys og av desse er 2380 ledlys med betydeleg lågare forbruk enn dei gamle lampene. Dei gamle lampene (1670 stykk inkludert over 100 halogenlamper) står nå for 80 % av straumforbruket til gatelys. Vidare utskifting av gammal gatelysarmatur vil føra til betydeleg lågare energiforbruk.

Det har i 2019 fortsatt vore fokus på systematisk tömming av vegslukar, terrengslukar, bekkeinntak og fordrøyingsanlegg for å unngå overvass-skadar på tredjepart sin eigedom. Talet på leikeplassar og friområde aukar framleis og det er krevjande å møta stadig høgare krav frå publikum, både i forhold til standard og skjøtsel. Arbeidet med sanering og rehabilitering av leikeplassar på Lyefjell fortset i 2020. Kommunen har sett i gang arbeidet med ein tilsvarende plan for Bryne og dette arbeidet vil halda fram også i 2020.

Sjukefråværet var 3,2 %. I 2018 var sjukfråværet 5,5 %.

Vatn, avløp og renovasjon

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon viser ikkje sluttresultatet for 2019. Vatn og avløp gjekk samla sett i balanse etter bruk av 1,8 millionar kroner av avsett vassfond og overføring av 1,4 millionar kroner i mindreutgifter til avsett avløpsfond. Ved utgangen av året er då sjølvkostfondet for vatn negativt på 877 000 kroner og for avløp positivt på 2,9 millionar kroner.

Tømming av slamavskiljarar og septiktankar gjekk samla sett i balanse ved bruk av 260 000 kroner av sjølvkostfondet. Ved utgangen av året er då fondet på 215 000 kroner.

Renovasjonstenesta hadde mindreutgifter på om lag 100 000 kroner i 2019. Sjølvkostfondet er då på 2,9 millionar kroner ved utgangen av året.

Det er over fleire år gjennomført ei omfattande hydraulisk undersøking av overvass-systemet på Bryne. Undersøkinga har vore grunnlaget for kartlegginga av moglege tiltak som skal løysa utfordringane med overvatn. Tiltak vart sett i gang i 2016 og har fortsett fram til utgangen av 2019. Nå er det meste av kartleggingsarbeidet ferdig, men der gjenstår to delfelt. Endeleg rapport er venta levert i første halvdel av 2020.

Ved årsskiftet har om lag 96 % av abonnentane installert vassmålar og om lag 57 % har installert tilbakeslagssikring. Det er ved årsskiftet registrert 303 abonnementar utan vassmålar. Nokre av desse er abonnementar som har hus/eigedommar under oppgradering eller liknande. I perioden 2020-21 vil alle som ikkje har installert vassmålar verta følgde opp.

Vassforbruks i 2019 var på 2,0 millionar kubikkmeter og er gått ned med 8,2 % i forhold til i 2018.

Det er fortsatt alt for høgt tap/lekkasje av vatn i nettet. Det betyr høgare pris på fakturert vassmengd. Det er registrert om lag 30 %, det vil seia 594 000 kubikkmeter, tap/lekkasje i 2019. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet.

Det 25 % meir avløpsvatn til reinsing enn den mengda som vert kjøpt. Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder, noko som betyr at ei god del overflatevatn går til reinsing. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast, og sikra at meir av dette går i overvassnettet.

Den offisielle avfallsstatistikken for 2019, som inkluderer både innsamla hushaldsavfall og avlevert avfall på gjenvinningsstasjonane, viser at kommunen samla har levert inn 6395,7 tonn og har ein sorteringsgrad på 68,6 %. Samla sett leverte kvar timebu 338,6 kg avfall i 2019. Dette er 3,4 kg mindre enn i 2018.

Sjukefråværet i 2019 var 3,2 % i driftseininga. I 2018 var sjukefråværet 4,7 %.

5.4.4 Utfordringar framover

Arbeidsmarknaden har stabilisert seg på eit lågt nivå, også blant unge under 30 år. Per 30.11.19 er 1,8 % av ungdommar i alderen 16-29 år arbeidsledige. Utfordringa framover er å halda nåverande ungdommar i alderen 16-29 år i arbeid eller utdanning og å syta for at dei som står utanfor arbeid eller utdanning kjem inn på arbeidsmarknaden eller i utdanning. NAV Klepp-Time er nå lokalisert i felles kontor i Kleppekrossen, og resultata frå første heile driftsår er positive. Tett samarbeid mellom kommunen og NAV vert viktig framover for å lukkast i arbeidet med å få flest mogleg av innbyggjarane i arbeid.

Samfunn har mellom anna følgande utfordringar framover:

- Få på plass ei robust og framtidsretta interkommunal legevakt

- Sikra framtidig drift av Kvernaland legesenter
- Etablera felles flyktningteneste for Klepp og Time i Bryne kompetansesenter
- Arbeida for at kinoen over tid i snitt skal ha over 100 000 besøkande kvart år
- Revidera Kulturminneplanen
- Avklara modell og driftskonsept for framtidig bruk av Storstova
- Utarbeida forslag til strategi for samhandling med frivillig sektor
- Revidera Miljø- og klimaplanen
- Ha ei tettare oppfølging av tiltaksplanarbeidet i Håvassdraget og saman med Klepp utarbeida tiltaksplan for Orrevassdraget
- Få avklart mogleg felles interkommunal løysing for kommunane i Sør Rogaland for skogbruks- og viltforvaltninga
- Sluttføra arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, fase 2
- Revidera samfunnsdelen av kommuneplanen
- Revidera Kommunedelplanen for Bryne sentrum, primært føreseggnene, må justerast i forbindelse med kommuneplanen sin nye arealdel, vedtaket i «Fjellhallsaka» med meir
- Ferdigstilla ny felles ungdomsskule og idrettshall med Klepp, samt turnhall, hausten 2021
- Plan-, prosjekterings- og bygggearbeid med ny idrettshall og symjehall på Bryne
- Vidareføra arbeidet med gjennomføring av prioriterte overvasstiltak i Bryne og nødvendige saneringstiltak for vass- og avløpsnettet fleire stadar i kommunen
- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet
- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast og sikra at meir av dette går i overvassnettet.

Det er generelt sett forventningar til høg standard på dei etablerte kommunale vegane, parkane, friområda, idrettsanlegga og kyrkjegardane. Det same gjeld for mest mogleg miljøvennleg skjøtsel av områda. Med dei store utbyggingane som har funne stad dei siste 10 åra, har kommunen store utfordringar med omtalte forventningar og avsette ressursar til å møta dei. Desse utfordringane må få auka merksemrd i åra framover då det ligg betydelege investeringsbeløp i dei aktuelle områda.

5.5 Stabstenester, næring og trussamfunn

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles administrasjons- og stabsfunksjonar som omfattar heile kommunen. Dette gjeld politisk sekretariat, dokumentsentar, Innbyggarservice og kommunikasjon, kommuneadvokaten, digitalisering og utvikling, økonomi og rekneskap, lønn og personal og næring. Jæren kemnerkontor omfattar kommunane Klepp, Hå, Gjesdal og Time. Tilskotet til Time kyrkjelege fellesråd og ulike trussamfunn vert også ført her.

5.5.1 Økonomi

Stabstenester	Rekneskap 2019	Budsjett m/endringer 2019	Budsjett u/endringer 2019	Rekneskap 2018	Avvik (B-R) 2019
Politiske organ	7 266	7 603	7 683	6 870	337
Administrasjon	43 314	43 864	46 128	43 841	550
Jæren kemnerkontor	1 985	2 289	2 181	1 801	304
Trussamfunn	9 441	9 288	9 588	9 171	-153
Diverse fellesutgifter	3 251	3 301	3 549	3 089	50
Næring	2 776	2 707	2 624	2 718	-69
Sum stabstenester	68 033	69 052	71 753	67 490	1 019

Stabane har ei netto mindreutgift på ein million kroner. Stab og kemnerkontor har auka gebyrinntekter og sal av tenester. Politiske organ har lågare driftsutgifter enn budsjettet. Meirforbruket på trussamfunn gjeld tilskotsutbetaling per medlem i andre trussamfunn.

5.5.2 Rapportering om tiltak 2019

Tiltak	Merknadar	
Politiske organ		
Gjennomføra val	U	
Auka valdeltakinga opp mot 65 % deltaking i kommune- og fylkestingsvalet	U	
Greia ut ungdomsråd som verktøy for medverknad	U	
Kommunikasjon		
Kjøpa inn og ta i bruk bildearkiv	U	
Vidareføra klart språk-arbeidet og gje opplæring i klart språk for alle saksbehandlarar	D	Arbeidet er i gang og vil verta sett i samanheng med innføring av KS læring som er eit stort kompetancesystem
Ta i bruk grafisk profil i alle tenesteområda	U	
Utvikla gode kanalar for internkommunikasjon	D	Arbeidet vert sett i samanheng med innføring av Office 365 som vil verta implementert i heile Time kommune

Tiltak	Merknadar	
Administrasjon		
Delta i DigiRogaland og KS sitt nasjonale digitaliseringsprosjekt	U	
Ny og fulldigital telefonentral	D	Blir implementert første kvartal 2020
Nytt lagringssystem og ny serverpark	U	
Innføra Digital signatur, Ebygg sak/søk, samt oppgradera Acos Websak	U	
Kjøpa inn og ta i bruk elektronisk rekrutteringsmodul	U	
Starta innføringa av store nasjonale digitaliseringsprosjekt (digisos, digihelse, digibarnevern og aktiv kommune)	D	DigiSos vert sett ivert i mars 2020 og DigiHelse er under arbeid
Revidera etiske retningslinjer	I	Tiltaket er ikke prioritert i 2019.
Revidera innkjøpsstrategien	I	Kjem i 2020
Vidareføra prosjektet «Innbyggarservice 2026» med utgangspunkt i rapport og pilot frå 2018	U	Dette prosjektet vart avslutta i 2019.
Oppretta personvernombod og implementera ny personvernlov	U	
Næring		
Legga fram sak om kommunen sitt handlerom knytt til offentlege og-/eller private næringsområde	I	Planleggast gjennomført hausten 2020.
Bidra til vekst i reiselivsnæringa og etablering av fleire reiselivsprodukt for reiseliv- og turistnæringa i kommunen	D	Kontinuerlig arbeid. Eige samarbeid mellom Klepp og Time.
Arbeida for at bedrifter skal finna det attraktivt å etablira seg i kommunen	D	Kontinuerlige innlegg i ulike fora.
Avklara framtidig løysing for parkering i regionbyen Bryne	D	Sak skal behandlast i 2020.
Støtta opp under arbeid som skjer innan landbruks- og matsektoren, som vidareføring av det regionale Matmanifestet for Rogaland	D	Løypande arbeid, mellom anna gjennom møte og kontakt med Time bondelag og aktiv dialog med NIBIO.
Bidra til å gjera næringslivet i kommunen attraktiv for eksport og internasjonalt samarbeid, forsking og utvikling	D	Time kommune har arrangert fleire Eksportdagar saman med GIEK og Eksportkreditt og Innovasjon Norge. Har saman med Greater Stavanger initiert framstøyt mellom anna mot Hannover-messen (Alloyance bedriftene - avanserte mekaniske bedrifter på Jæren).

Tiltak	Merknadar		
Bidra til at Time kommune deltek i aktuelle regionale «smartby»-utviklings- og samarbeidsprosjekt	D	Aktiv deltakar i ulike Nordic Edge Expo arrangement, bidreg på samlingar med Smarte byer Norge og promoterer Bryne som testcenter. Time kommune har søkt om ulike forskings- og utviklingsprosjekt.	
U = Utført D = Delvis utført I = Ikke utført			

5.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon

Politisk organ

Dei politiske organa i kommunen består av kommunestyre, formannskap, utval for levekår, utval for lokal utvikling, administrasjonsutval og senior- og brukarrådet.


I Time har ordfører, varaordfører og kommuneadvokatane vigselsrett. Det vart i 2019 gjennomført 28 vigslar i kommunen.

Kommunestyre- og fylkestingsvalet vart gjennomført med auke i valdeltakinga på 6,4 prosentpoeng. Den totale valdeltakinga i kommunen vart på 69,6 %.

Ungdomsråd er vedtatt oppretta og det er lagt til rette for å styrka arbeidet med 20 % stilling.

Det vart lagt til rette for politikaropplæring med ein dag rett etter kommunestyrevalet og to dagar i 2020.

Stabstenester



Time har låge administrasjonskostnadar. Det er i 2019 føreteke nedbemanning, men det er også føreteke ein kritisk gjennomgang av vår bokføringspraksis i forhold til administrative kostnadar. Den største endringa frå i fjor er at ein større del av felles it-kostnadar og fellesadministrasjon av bygg, nå er fordelt på dei rette tenestene og ikkje lenger vert ført som administrasjon.

Innbyggarservice og kommunikasjon

Kommunikasjonsavdelinga og Servicetorget vart slått saman til ei avdeling 01.01.2019.

Samanslåinga vart gjort som ein del av prosjektet «Omfasing 2017», og den nye avdelinga har namnet Innbyggarservice og kommunikasjon.

Som kommunen si førstelinje mottok avdelinga om lag 30 000 telefonar og om lag 12 000 møtte i ekspedisjonen i 2019.

Sosiale media vert ein stadig viktigare del av kommunikasjonen med innbyggjarane våre, og i løpet av 2019 runda me over 4 000 følgjarar på Facebook-sida til kommunen. Bilde og film er viktig i sosiale media, og i 2019 laga me fleire små filmar som vart publisert på Youtube, Facebook og nettsida vår.

Nettsida er ein viktig plattform for informasjon til innbyggjarane. I slutten av 2018 fekk me ny nettside, og denne er utvikla og forbetra i 2019. I løpet av 2019 var det 514 132 treff på nettsida. Det tilsvarar eit snitt på over 42 000 treff kvar månad (dersom me inkluderer tilsette si bruk av nettsida vert dette talet over 66 000 per månad).

Dokumentsenter

Dokumentsenteret skal sikra kommunen sine dokument for nåtid og framtid. I 2019 har fokuset vore å fortsetja innføringa av fullelektroniske arkiv (papirlaust) og innføra nye digitale måtar å senda dokument til innbyggjarane og andre (SvarUt/SvarInn). Det er fokusert på å læra opp og følga opp saksbehandlarar og leiarar i systema dei skal bruka for å bevare dokumentasjonen. Dokumentsenteret har bidrige til innføring av nytt system for byggjesak og plan. Lærlingen me har hatt, fekk godkjent fagprøven. SvarInn er innført i barnevern.

Kommuneadvokaten

Kommuneadvokaten sitt arbeid kan for året 2019 fordelast på følgjande hovudoppdrag; 50 % av kapasiteten går til barnevernssakar av ulik kompleksitet, 20 % til hjelp i plan- og byggesaker, 20 % til arbeidsrettslege problemstillingar i kommunen, resterande 10 % utgjer alkoholsakar, hjelp til barnehagar innanfor for eksempel erstatningsrett og andre saker frå kommunen sine ulike tenesteområde.

Digitalisering og utvikling

Digitalisering- og utviklingsavdelinga har driftsansvaret for IKT i kommunen og driv utviklingsarbeid innan digitalisering.

I 2019 har arbeidet med å utbeta kommunen sin infrastrukturen, slik at ein er klare til å ta imot større endringar som kjem innan digitalisering, fortsatt. Samarbeidet gjennom DigiRogaland er viktig for arbeidet. I 2019 er det tilsett ny digitaliseringsrådgjevar med særleg ansvar for Omsorg. Av særskilte prosjekt som ein har arbeidd med kan det nemast ny telefonsentral, digital booking av saksbehandlarar på byggjesak og kommunale bygg.

Personal og lønn

Time kommune har tatt i bruk nytt rekrutteringssystem i desember 2019.

Systemet er web-basert og lett tilgjengeleg og brukarvennleg for både leiarar og søkerar. Nytt rekrutteringssystem er eit steg på vegen til full digitalisering av driftsfunksjonane i personal-

og lønnsavdelinga. Det var viktig å få eit system som er tilgjengeleg på alle typar digitale flater, og som ein enkelt kan dele data frå.

Økonomi og rekneskap

Økonomiavdelinga gjev opplæring, rettleiing og anna hjelp til både nye og røynde leiarar i deira økonomistyring.

Aktivitet i avdelinga kjem dels frå behandlinga av om lag 60 000 inn- og utgåande fakturaer sjå tabell 10.4.1. Det er også her avdelinga har hatt mest effekt av digitaliseringa som har føregått over mange år, men ennå er det noko å jobbe med for å bli betre og meir effektiv.

Økonomiavdelinga bruker i liten grad inkassoselskap for å krevja inn uteståande krav. I 2019 hadde økonomiavdelinga om lag 1000 saker som ikkje vart betalte etter purring. Desse sakene er arbeidskrevjande.

Kommunen lånte ut 21 millionar kroner i startlån og vidareformidla 2 millionar kroner i tilskot til etablering og tilpassing av bustad. Etter nytt regelverk er det berre vanskelegstilte som kan tildelast lån. Kommunen har ved utgangen av 2019 samla utlån av startlån på 231 millionar kroner.

Jæren kemnerkontor

Jæren kemnerkontor har 9,5 årsverk der 5 årsverk vert brukte til arbeidsgjevarkontroll og resten til tvangsinnekrevjing og føring av skatterekneskap. Me har i 2019 også oppfylt alle resultatkrava på innkrevjing. Når det gjeld restskatt 2017 har me oppnådd å innkrevja 97,8 %, resultatkravet var 96,8 %.

Når det gjeld arbeidsgjevarkontroll har me gjennomført 120 kontollar. Dette samsvarer med kravet for alle dei fire kommunane.

Arbeidsoppgåvene til Jæren kemnerkontor var først planlagt overført til staten fra 01.06.2020. Dei tilsette følger med ved ei verksemどoverføring. Arbeidet med overføringa er i rute. På grunn av koronakrisa er overføringa utsett til hausten 2020.

Kyrkja og andre trussamfunn

Time kyrkjeleg fellesråd har fått tilskot og tenester for 8,9 millionar kroner i 2019. Det er i tillegg utbetalt 1,2 millionar kroner til andre registrerte trussamfunn med medlemmar frå Time kommune. Tilskotet til andre trussamfunn vert utbetalt med same sum per medlem som Den norske kyrkja får.

Nærings

Kommunen sitt næringsarbeid handlar om å legga til rette for næringsverksemd i Time, og vert koordinert av næringssjefen.

I 2019 har det mellom anna vore arbeidd med etablering av datasenter, utgreiingar av moglegheita for parkeringshall under jorda og pilotprosjekt innan reiseliv på Jæren saman med Hå og Klepp. Det største einskilde prosjektet er Kalberg Valley der ein greier ut potensialet for ei større etablering av kraftkrevjande industri på Kalberg.

Generelt

Sjukefråværet i stabstenestene var i 2019 på 3,1 % mot 3,4 % i 2018.

5.5.4 Utfordringar framover

Stabstenestane har redusert bemanninga og må sørga for å oppretthalda produksjonsnivået ved hjelp av auka digitalisering. Dette er utfordrande då reduksjonen i bemanning har skjedd noko raskare enn ein har klart å få på plass kompenserande digitale verktøy.

- Turnover og omrokking av tilsette medfører auka behov for kompetansebygging dersom stabane skal vera i stand til å gje dei råd og den rettleiinga tenestene etterspør.
- Få til ein god prosess for dei tilsette ved overføring av Jæren kemnerkontor til staten.
- Ta ut effektiviseringsgevinst med ny telefonsentral.

Stabane skal vera pådrivar for digitalisering av administrative arbeidsprosessar ute i tenestane.

6 Kommunen som arbeidsgjevar

6.1 Rapportering om tiltak 2019

Tiltak	Merknadar	
Utarbeida og vedta ny arbeidsgjevarstrategi	I	Er utsatt då kommunen skal vurdera samanslåing av planar
Profesjonalisera rekrutteringsprosessen – særleg rekruttering av leiarar	U	
Time kommune skal utreda behovet for eit nytt rekrutteringssystem	U	
Time kommune skal gjennomføra profesjonelle og effektive rekrutteringsprosessar og vera synlege i ulike digitale flater i rekrutteringssamanheng	U	
Legga fram ei sak om tiltak for å betra kjønnsbalansen i barnehagar og på barnetrinnet	D	Me har starta med enkle tiltak, men ikkje klart å prioritera nok tid til å legga fram ei god sak
Gje opplæring til alle leiarar og tilsette i ny personvernlov	U	
Kurs i Qm+	U	
Fire interne kurs i ros-analyse for leiarar, verneombod og tillitsvalte kvart år	U	
Interne tilsyn av kvalitetsarbeidet i einingane	U	
Sjukefråvær under 6,5 %	I	Samla sjukefråvær i 2019 vart 7,1 %
Handlingsplanen vert evaluert av Arbeidsmiljøutvalet 2. kvartal 2019	U	
Kartlegga behov knytt til HMS-system	U	
Utarbeida ny HMS-strategi	U	
Utarbeida ny IA-handlingsplan	U	
Handlingsplanen for likestilling, inkludering og mangfold skal implementerast i HMS-arbeidet	U	


U = Utført D = Delvis utført I = Ikke utført

6.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Tilsette i kommunen

Årsverk	2019	
	Budsjetterte årsverk	Tilsette i faste stillinger
Oppvekst	570	632
Omsorg	388	541
Samfunn	176	201
Stab	63	61
Sum	1 197	1 435

Budsjetterte årsverk auka med 15 frå 2018. Talet på tilsette i fastestillingar er redusert med 43 og det kan tyde på at den gjennomsnittlege stillingsprosenten går opp.



Seniorpolitikk og pensjon

Seniorar per 31.12.	Tilsette aktive		Senioravtale		AFP 1)		Uttak alderspensjon		Pensjonistvilkår	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019	2018	2019
62-64 år	61	57	33	0	11	10	4	4	3	4
65-66 år	25	27	13	0	14	17	0	0	4	4
67 år og over	3	5	0	0	0	0	18	27	32	31
Sum	89	89	46	0	25	27	22	31	39	39

Pensjon	2016	2017	2018	2019
Innmelde medlemmar	1884	1784	1833	1818
Personar med heil/delvis AFP	38	37	25	27
Personar med heil/delvis uførepensjon 1)	144	140	138	110
Gjennomsnittleg uføreandel per årsverk % 2)	6,88	6,18	6,32	7,49


1) Dette inkluderer både varig og midlertidig uførepensjon og eksklusive oppsette rettar

2) Prosent av innmelde medlemmar i KLP fellesordning 1412 personar og personar med

2019: Rogaland 8,97 %, Norge 10,29 %

Likestilling og likebehandling

Handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald vart evaluert i AMU i mai 2019. Kommunen har særleg fokus på å rekruttera menn til Oppvekst og Omsorg, og oppmodar spesielt menn om å søka ledige stillingar her. Kvalifiserte menn vert alltid kalla inn til intervju for stillingar i desse kommunalområda, og kommunen nyttar positiv diskriminering for kvalifiserte menn ved tilsetting innanfor Omsorg og Oppvekst. Den lovfesta aktivitetsplikta til å kartlegga risiko, årsak og tiltak mot diskriminering eller andre hinder for likestilling i verksemda, er implementert i HMS-arbeidet ved at kartlegginga inngår som ein del av HMS-handlingsplanane som vert utarbeidde i verksemdene.



Leiarar per 31.12.	2016		2017		2018		2019	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Rådmannen si leiargruppe	50 %	50 %	50 %	50 %	33 %	67 %	33%	67%
Øvrige leiilarar	75 %	25 %	75 %	25 %	74 %	26 %	77%	23%
Totalt tal leiilarar	59	22	55	21	52	21	61	18
Prosent leiilarar/årsverk	5,0%	10,3%	4,6%	9,9%	5,4%	12,7%	6,3%	11,0%

Tabellen viser ei stabil fordeling av leiarstillingar basert på kjønn. Han speglar den generelle kjønnsfordelinga i kommunen på menn og kvinner. Rundt 80 % av dei tilsette er kvinner.

Rekruttering

I 2019 har Time kommune implementert nytt rekrutteringssystem. Rekrutteringssystemet sikrar ein fulldigital rekrutteringsprosess. Systemet er intuitivt for både søkerar og leiilarar, og vil kunna forenkla og sikra kvaliteten i gjennomføringa av rekrutteringsprosesser. Det var viktig å få eit system som er tilgjengeleg på alle typar digitale flater, og som ein enkelt kan dela data frå.

I 2019 har HR-rådgjevar delteke i alle leiarrekrutteringar og det er teke i bruk test for personlegheitskartlegging i relevante prosessar.

Time kommune har også hatt fokus på å testa ut ulike kanalar for annonsering, og i større grad enn tidlegare brukt sosiale media til å fremja ledige stillingar.

Faste tilsette som har slutta	2015	2016	2017	2018	2019
Turnover	4,7 %	5,4 %	5,1 %	4,7 %	5,8 %
Årsverk	53,8	63,0	59,1	56,5	68,4
Tilsette	83	97	85	94	107
Av desse, pensjonerte	19	17	16	15	14
Prosent slutta tilsette som gjekk ut med pensjon	22,9 %	17,5 %	18,8 %	16,0 %	13,1 %

HMS og sjukefråvær

I 2019 vart 40 timars grunnkurs i HMS gjennomført for nye verneombod, AMU-medlemmer og leiarar. Det vart vidare gjennomført faste fellessamlingar for verneomboda. Fokuset på å styrka HMS-kulturen har vore høgt, særleg på arbeidet med å førebygga og følga opp vald og truslar mot tilsette. Her har kommunen utarbeidd rutinar og retningslinjer, og etablert eit godt system for å melda frå om hendingar, kartlegga risiko og gjennomføra nødvendige tiltak.

HMS-systemet er under vurdering. Ei gruppe har kartlagt behov og er i sluttfasen av ei evaluering.

I 2019 var totalt samla sjukefråvær på 7,1 %. Dette er ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå året før. Det er korttidsfråværet som går ned, medan langtidsfråværet har auka.

Korttidsfråværet var 1,7 %, medan langtidsfråværet var 5,4 %. Målsettinga for Time kommune er 6,6 %, jf. nasjonal IA-avtale.

Kommunen utarbeidde ny IA-handlingsplan i samarbeid med NAV, vernetenesta og tillitsvalde. Denne vart drøfta i AMU i april 2019.

Internkontroll

Satsingsområda for kvalitetsarbeidet i 2019 var auka generell kompetanse på statistikk, tal og analyse, samt melding og oppfølging av avvik, vernerunde, HMS-handlingsplan og kvalitetsteam innnan HMS-arbeidet.

I arbeidet med å følga opp satsingsområda har kommunalsjefane følgt opp behov i eigne tenesteområde, og stab har gjeve opplæring og leiarstøtte. Kommunen har vorte flinkare til å dela kompetanse på tvers av kommunalområda, noko som viser att i kvalitetsarbeidet.

Innanfor HMS-området har me forbetra meldemoglegheitene for ulike avvik i QM+, og gjort ulike justeringar i prosessen rundt utarbeiding og oppfølging av HMS-handlingsplanar som me tenker vil styrka HMS-arbeidet gjennom heile året.

På bakgrunn av resultata etter internkontrollrapporteringa 2019, vert overordna fokus for kvalitetsarbeidet i 2020 beredskap og økonomi. Me ser i rapporteringa for 2019 at dei ulike tenesteområda har ulike felt kor dei har forbetringspotensial. Tenesteområda vil derfor arbeida med eigne forbetningsområde i tillegg til beredskap og økonomi.

Personvern

Alle tilsette har fått tilsendt e-læringskurs i personvern. Kurset består av fleire modular dei tilsette fekk sendt på e-post over fleire veker. Svarprosenten ligg på om lag 60 %.

Me har gjennomført eit kurs over to dagar for leiarane i kommunalområda. Kurset bestod av ein teoretisk del og ein praktisk del kor me utarbeidde ein protokoll på ein behandlingsaktivitet. På den praktiske opplæringa bruker me eit dataprogram kor protokollen vert lagt inn.

Lærlingar

I 2019 ønska 87 søkerar lærepllass i kommunen og 16 av desse fekk tilbod om lærepllass.

Fagfordelinga for inntak 2019 var slik:

- IKT-servicefag(1)
- Barne- og ungdomsarbeidarfaget(5)
- Helsefag(8)
- «Menn i helse»(2)

I tillegg kom to lærlingar tilbake frå fødselspermisjon.

Fagbrev 2019:

- 10 tilsette tok fagbrev i helsefag som praksiskandidat
- 12 tilsette tok fagbrev i barne- og ungdomsfaget som praksiskandidat
- 14 ordinære lærlingar tok fagbrev i ulike lærefag (IKT, kontor, helsefag og barne - og ungdomsarbeidar)

Lærlingar i Time kommune	2016	2017	2018	2019
Inntak	12	16	18	16
Sum etter inntak	23	28	33	34
Per 31. 12.	20	28	33	33

Kompetansebygging

I 2019 fortsetter arbeidet med å styrke kompetansen for tilsette og leiarar. Blant anna fullførte me opplæring i personvern for alle tilsette. Me har også gjennomført lyn-kurs, som er korte kurs for leiarar, om utvalte relevante tema (rekryttering, personalsaker og HMS). Samtidig har me fokusert på kompetanseheving innan HMS og blant anna gjennomført fleire kurs i ros-analyse.

I 2019 skaffa kommunen KS-læring, som er ein nasjonal løysing, utvikla av KS, for deling av kompetanse og kompetanseheving for tilsette i kommunen. Dette er eit godt verktøy som vil gje oss tilgang til relevante kurs og bidra inn i det strategiske kompetansearbeidet.

6.3 Utfordringar framover

Arbeidet med nærvær og heiltid vil verta den viktigaste satsinga framover. For tenesteområdet Omsorg er det utarbeidd heiltidserklæring. Omsorg har fokusert på heiltidsutfordringa lenge og jobbar med tiltak. I perioden må rådmannen retta fokuset på dei andre kommunalområda. Framover vil me jobba mot ein heiltidskultur for Time kommune generelt.

Rekruttering av sjukepleiarar er vanskeleg. Det er sterk konkurranse mellom kommunane og i forhold til sjukehuset. Time kommune ønsker å vera ein attraktiv arbeidsgjevar og må derfor ha gode tiltak for å tiltrekka seg og behalda kritisk kompetanse.

Time kommune erfarte i 2019 at det er svært vanskeleg å rekruttera fastlegar til ledige heimlar. Fastlegeordninga er under vurdering. Det har nok ført til at legar ikkje søker fastlegestillingar før dei veit korleis ordninga vert. Men marknaden for fastlegar er generelt därleg.

Det er vanskelegare å tilsetta i ledige leiarstillingar nå enn før. Me får færre søkerar og konkurransen om gode kandidatar er hard.

Kommunen si evne og vilje til omstilling er sett på prøve dei siste åra. Me har vist at Time kommune kan omstilla ved behov. Time kommune samarbeider med mange aktørar og nettverk for å lukkast. Kravet frå innbyggjarane om å kunna løysa oppgåver og utfordringar sjølv på nettet, vert høgt prioritert. Digitalisering og innovasjon vil verta ei utfordring som vil krevja innsats og investering i ressursar. Time kommune innrettar organisasjonen for omstilling og innsats mot desse utfordringane.

7 Investeringar

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2019. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år. Jamfør tabellane nedanfor.

	Rekneskap				Budsjett 2019
	2016	2017	2018	2019	
Investeringar i nybygg og nyanlegg	231 672	330 431	189 552	225 355	246 623
Finansiert slik:					
Investeringsinntekter	41,5 %	32,6 %	23,7 %	34,9 %	35,0 %
Eigenkapital	14,0 %	10,9 %	22,3 %	9,5 %	13,5 %
Låneopptak	41,3 %	56,5 %	54,0 %	55,6 %	51,5 %
Ikkje finansiert	3,2 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

I 2019 er investeringane finansierte med 55,6 % låneopptak. Kommunen har tatt opp 125,3 millionar kroner i nye lån til investeringsformål.

Investeringsinntektene er refusjonar frå Klepp for Vardheia ungdomsskule, - idrettshall og – turnhall på 37,5 millionar kroner, spelemidlar, statstilskot og refusjonar frå private utbyggjarar. Momskompensasjonen i 2019 var på 28,2 millionar kroner.

Eigenfinansieringa inkluderer overføring frå driftsrekneskapen, motteke avdrag frå Lyse, sal av fast eigedom på 15,7 millionar kroner og bruk av fond. Andelar og utlån er eigenkapitalinnskot til KLP på 2,6 millionar kroner og netto utgifter til startlån (mottekne avdrag minus betalte avdrag). Store netto avdragsutgifter dei siste åra har medført at rådmannen har, for å koma meir i balanse, forlenga nedbetalingstida for kommunen sine startlån i Husbanken til 30 år.

	Rekneskap				Budsjett 2019
	2016	2017	2018	2019	
Investeringar i nybygg og nyanlegg	231 672	330 431	189 552	225 355	246 623
Finansiert slik:					
Tilskot/refusjonar/sal	63 205	60 851	22 368	50 422	49 650
Momskompensasjon	32 881	46 754	22 477	28 234	36 660
Eigenkapital	32 451	36 161	42 260	21 298	33 200
Bruk av investeringslån	95 610	186 665	102 447	125 401	127 113
Sum finansiering	224 147	330 431	189 552	225 355	246 623
Avvik investering/finansiering	7 525	0	0	0	0
Bruk av eigenkapital:					
- overført frå drift	20 750	15 146	12 214	15 512	15 240
- netto bruk av tidlegare avsetningar	3 577	6 359	5 730	-7 632	
- mottatte avdrag	5 832	5 832	5 832	5 830	5 830
- årets salsinntekter	6 958	25 240	24 064	15 695	16 130
- avdrag					
- andelar og utlån	-4 666	-16 416	-5 580	-8 107	-4 000
Sum	32 451	36 161	42 260	21 298	33 200

I investeringsrekneskapen vert også utlån av startlån ført. I 2019 lånte kommunen ut 21 millionar kroner mot 29,3 millionar kroner i 2018 og 45,9 millionar kroner i 2017. Regelverket for utlån av startlån er endra slik at me nå berre kan låna ut til vanskelegstilte og ikkje slik som før, også til førstegongsetablerarar. Nå er det slik at kommunen fullfinansierer lån medan me tidlegare hadde lån til toppfinansiering.

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me budsjettjusterer seint på året vert det avvik mellom budsjettet løyving og forbruk kvart år. I 2019 er det fleire investeringar som ligg etter den budsjetterte planen slik at me får eit budsjettet mindreforbruk. Kommunen har ei udekka finansiering frå tidlegare år på 4,9 millionar kroner som er dekka inn i årets rekneskap.

Investeringsrekneskapen vert gjort opp samla og ikkje for kvart prosjekt, og er i 2019 gjort opp med eit mindreforbruk på 2,2 millionar kroner. Dette mindreforbruket er saldert mot låneopptak. Kommunen har derfor ubrukte lånemidlar på 5,6 millionar kroner og desse vert nytta til å finansiera investeringar i 2020.

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2019, kolonne 2 viser budsjett 2019, og for fleirårige prosjekt viser kolonne 3 rekneskapsført hittil og fjerde kolonne viser samla prosjektløyving.

Det er ikkje alle prosjekta som er med her. Berre prosjekt med store kostnadar i 2019 eller andre forhold som gjer prosjektet spesielt interessant. For å sjå detaljane om alle prosjekta viser me til rekneskapsdokumentet.

Investeringsprosjekt som det i 2019 er avglat eige rekneskap for i eiga politisk sak, vert her ikkje kommentert.

7.1 Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
1101 IKT investeringar – felles	3 676	4 500		
1110 Skatt vest, endra bruk etter utleige	1 646	500	1 646	950
1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg	2 921	3 000	19 500	22 270
1214 Revisjon av elektriske anlegg	782	500	2 200	3 600
1500 Beredskap	91	400		
1905 Eigenkapital KLP	2 690	3 000		
3219 UU-prosjekt kommunale bygg	245	2 000	1 200	3 500
Administrasjon og fellesprosjekt	12 052	13 900		

1101 IKT Investeringar – felles

Prosjektet viser eit forbruk på om lag 3,7 millionar kroner i 2019. Det er mellom anna investert i følgande utstyr i 2019: Nytt SAN (lagringssystem), utbygging av fiber til fleire lokasjonar og kontinuerleg oppgradering av nettverka våre, ny løysing på møterom og kursrom, nytt system for overføring av kommunestyremøta på nett og elles normal oppgradering av all infrastruktur og system.

1110 Skatt vest, endra bruk etter utleige

Det er brukt 700 000 kroner meir enn budsjettet til rehabilitering, oppgradering og innkjøp av møblar/utstyr for å kunna ta lokala i bruk til omsorgstenestene i 2019.

1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg

Over fleire år og fram til og med 2021 er det sett av 22,27 millionar kroner til oppgradering og rehabilitering av ventilasjonsanlegg i den samla kommunale bygningsmassen. Ved utgangen av 2019 er det brukt om lag 19,5 millionar kroner.

1214 Revisjon av elektriske anlegg

Over fleire år og fram til og med 2020 er det sett av 3,6 millionar kroner til revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen. Ved utgangen av 2019 er det brukt om lag 2,2 millionar kroner.

1500 Beredskap

Prosjektet gjeld innkjøp av nødvendig utstyr, jf. godkjend beredskapsplan, og utgifter til beredskapsopplæring og øving.

1905 Eigenkapital KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

3219 UU-prosjekt kommunale bygg

Fram til og med 2019 er det sett av 3,5 millionar kroner som del av første fase i arbeidet med å gjera alle kommunale bygg universelt tilgjengelege. Ved utgangen av 2019 er det brukt om lag 1,2 millionar kroner.

7.2 Skular og barnehagar

Skular og barnehagar	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
2203 Mindre ombyggingar - Oppvekst	1 784	1 600		
2204 Bryne skule - rehab gamal del	1 642	1 250	3 149	2 500
2236 Avfallskonteinarar	255	1 500		
2239 Rehabilitering Time vgs	2 695	1 500	15 284	13 000
2241 Bryne ungdomsskule	97			
2242 Vardheia ungdomsskule	38 811	48 450	61 500	169 689
2243 Frøyland skule inkl Kvernallen prosjekt 2248	3 829	4 500	89 001	93 000
2246 Brannsikring/oppgradering skulebygg	271	500		3 500
2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter	884		884	7 500
2317 Trollongane barnehage	27 731	28 150	50 315	50 000
2321 Maurtua barnehage - nytt uteområde	2 187	2 250		
Skular og barnehagar	80 187	89 700		

2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar er i hovudsak utført og omtala i ULK-sak 011/20. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2019.

2204 Bryne skule – rehabilitering av gamal del

Utvendig rehabilitering av den eldste delen av Bryne skule er gjennomført i to etappar i 2018-2019. Prosjektet har meirkostnadar på 650 000 kroner.

2236 Avfallskonteinrarar

Det er brukt 255 000 kroner av avsett løyving i 2019 til etablering av nedgravne avfallskonteinrarar ved skular og barnehagar.

2239 Rehabilitering Time vidaregåande skule

I tråd med føringar frå «Omstilling 2017» vart Time vidaregåande skule bygd om i 2018 for å dekka elevkapasiteten på Rosseland skule. I tillegg vart delar av Timehallen sett i stand til å husa Frivillegsentralen, Frisklivsentralen og fysioterapitenesta for barn. Prosjektet har samla meirkostnadar på vel 2 millionar kroner.

2242 Vardheia ungdomsskule

Prosjektet viser samla rekneskapsførte kostnadar ved utgangen av 2019.

2243 Frøyland skule inkludert Kvernallen (prosjekt 2248)

Det vert vist til byggerekneskapa i KS-sak 093/19.

2246 Brannsikring/oppgradering skulebygg

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i skulebygga over fleire år.

2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter

Prosjektet gjeld bygningsmessige tilpassingar for lokalisering av felles flyktningtenester i Klepp og Time. For å kunna nytta areala i heile «Sukkerbiten», eldste delen av tidlegare Bryne gymnas, må det mellom anna leggast til rette for heis i denne delen av bygget.

Gjennomføringa av prosjektet er noko utsett i tid.

2317 Trollongane barnehage - nybygg

Ny barnehage med utvida barnehagekapasitet er ferdigstilt i 2019 med vel 300 000 kroner i meirutgifter. Byggerekneskap vert lagt fram i løpet av 2020.

2321 Maurtuå barnehage – nytt uteområde

Nytt uteområde vart tatt i bruk i 2019. Prosjektet er ferdigstilt innanfor avsett økonomisk ramme.

7.3 Omsorg

Omsorg	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
3101 Velferdsteknologi - Omsorg	485	1 000		
3202 Mindre ombyggingar - Omsorg	2 074	1 500		
3213 Kommunale bustadar	-5 015	-9 800		
3220 Senger og møbler institusjon	465	400		
3232 Rehabilitering Kommunale utleigebustader	1 363	1 000		
3240 Bjønnholen - 4 bustader	-2 349	-4 600	4 999	5 500
3244 Hognestadvegen 39 - 2 mannsbustad	94	500	1 051	1 000
3261 Foren burettslag	343		3 229	2 900
Omsorg	-2 540	-10 000		

3101 Velferdsteknologi – Omsorg

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg.

3202 Mindre ombyggingar – Omsorg

Mindre oppgraderingstiltak i Omsorg er i hovudsak utført og omtalt i ULK-sak 011/20. Utval

for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2019.

3213 Kommunale bustader

Rekneskapsførte inntekter i 2019 gjeld sal av tre kommunale utleigebustader/leilegheiter og Eikeland skule. Det er kjøpt ein ny bustad i slutten av desember som er årsaka til avviket mellom budsjett og rekneskap. Bustaden skal finansierast ved sal av to utleigebustader der den eine er seld for 2,4 millionar kroner i 2020.

3220 Senger og møblar i institusjon

Prosjektet gjeld kjøp av senger og møblar til omsorgsinstitusjonar i 2019.

3232 Rehabilitering kommunale utleigebustader

Prosjektet gjeld utføring av større rehabiliterings- og vedlikehaldstiltak i den kommunale utleigebustadmassen.

3240 Bjønnholen - 4 bustader

På kommunal tomt i Bjønnholen, Undheim, er eldre utleigebustader erstatta med fire nyoppførte i 2018. Tilskotet frå Husbanken er utbetalt i 2019 og vart noko lågare enn budsjettet. Byggerekneskap vert lagt fram i løpet av 2020.

3244 Hognestadvegen 39 - tomannsbustad

Eit eldre hus på tomta er rive i 2018. Rekneskapsførte utgifter i 2019 er rivingskostnadane. Det er ikkje planar om å bygga nytt hus på tomta dei første åra.

3261 Foren burettslag

Det vert vist til byggerekneskapen i KS-sak 094/19.

7.4 Samfunn

Kulturbrygg og kulturanlegg	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
4309 Mindre ombyggingar kulturbrygg	982	850		
4454 Storstova rehabilitering	3 053	2 850		
4463 Bryne kino - utstyr	417		11 788	11 300
4480 Kunstnernleg utsmykking	387	750		
4503 Bryne kyrkje - rehabilitering				
4510 Time kyrkje - rehabilitering	500	500		
4511 Time kyrkje gravplass	2 082	1 000	45 666	46 482
4515 Bryne kyrkje - grøntområde	750	750		
Kulturbrygg og kulturanlegg	8 171	6 700		

4309 Mindre ombyggingar kulturbrygg

Mindre oppgraderingstiltak i Kultur er i hovudsak utført og omtalt i ULK-sak 011/20. Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2019.

4454 Storstova rehabilitering

Det er brukt vel tre millionar kroner til nødvendig rehabiliteringsarbeid, samt utskifting og oppgradering av nødvendig teknisk utstyr i 2019.

4463 Bryne kino – utstyr

Det er kjøpt inn nytt kinoteknisk utstyr til nye Bryne kino for i alt 11,8 millionar kroner i 2018–2019. Mykje av utstyret er kjøpt frå utlandet og då får ikkje kommunen momskompensasjon.

4480 Kunstnarleg utsmykking

Prosjektet gjeld innkjøp av kunst til utsmykking av ferdigstilte bygg eller anlegg i tråd med politisk godkjende retningslinjer for ordninga.

4503 Bryne kyrkje, 4510 Time kyrkje og 4515 Bryne kyrkje - grøntområde

For desse tre prosjekta vert ubrukte løyvingar over fleire år sett på bundne fond og nytta til finansiering av aktuelle tiltak føreslått av Time kyrkjelege fellesråd når tiltaka vert gjennomførte.

4511 Time kyrkje – gravplass

Det vert vist til anleggsrekneskapen i KS-sak 095/19.

Idrett og friluftsliv	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
2249 Vardheia idrettshall	7 115	9 900	7 115	21 400
3801 Symjehall	1 391	950	1 417	104 000
3802 Turnhall - Vardheia	3 325	4 400	3 325	8 300
5903 Utbedring leikeplassar	2 339	2 750		
5904 Friluftsliv	790	1 500		
5915 Nærmiljøanlegg	306	200		
5922 Bru - Sandtangen	2 799	3 000	2 950	3 000
5924 Kartbasar og ortografi	203		698	750
5925 Åsvatn - friluftsformål	289	300	952	1 000
Idrett og friluftsliv	18 557	23 000		

2249 Vardheia idrettshall

Prosjektet gjeld rekneskapsførte utgifter ved utgangen av 2019.

3801 Symjehall

Rekneskapsførte utgifter ved utgangen av 2019 gjeld plan- og førebuingsarbeid for området der ny idrettshall og symjehall er planlagt lokalisert på Bryne.

3802 Turnhall - Vardheia

Prosjektet gjeld rekneskapsførte utgifter ved utgangen av 2019.

5903 Utbetring leikeplassar

I ULK-sak 011/20 er det gjeve statusoversikt over utbetring av leikeplassar/ballbingar i 2019. Fleire av dei utførte tiltaka dei siste åra er det så langt ikkje utbetalt og rekneskapsført spelemidlar for.

5904 Friluftsliv

Gjennomførte og påbegynte tiltak i 2019 er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026».

5915 Nærmiljøanlegg

Gjennomførte og påbegynte tiltak i 2019 er i samsvar med handlingsprogrammet for anlegg og område for idrett og friluftsliv i godkjend økonomiplan.

5922 Bru Sandtangen
 Brua er ferdigstilt i 2019 innanfor avsett løyving.

5924 Kartbasar og ortografi
 Prosjektet gjeld kostnadar til periodisk vedlikehald og oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i Geovekst-samarbeidet i Rogaland.

5925 Åsvatnet - friluftsformål
 Det er etablert badestrand og tilkomstveg til denne ved Åsvatnet i 2018-2019.

Utbygging	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
5200 Anna Tomtesal	-695	-3 500		
5209 Lyefjell BL3	-1 281		-48 382	-47 600
5211 Sal av kommunal tomt Austre Håbakken	-4 472	-4 000		
Utbygging	-6 448	-7 500		

5200 Anna tomtesal
 Rekneskapsførte inntekter gjeld sal av fleire mindre tilleggsareal til 4-5 ulike grunneigarar i løpet av 2019.

5209 Lyefjell BL3
 Det vert vist til anleggsrekneskapen i KS-sak 096/19.

5211 Sal av kommunal tomt, Austre Håbakken
 Rekneskapsførte inntekter frå aktuelt tomtsal i 2019.

Veg og parkanlegg	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
5600 Bilar/maskiner	99	1 500		
5605 Sentrumstiltak	258	300		
5610 Trafikksikring	1 533	300		
5645 Utskifting av gatelys	2 980	2 500	9 567	11 250
5646 G/S-veg langs fv.208 Line - Hognestad	54		22 222	13 450
5648 Stemmen - mudring	307	500	410	1 500
5656 Ny parkeringsordning Bryne	37		5 795	6 700
5661 Kaizersplassen	31		9 335	7 000
5662 Mølledammen nord og sør	1 016	443	30 016	28 118
5663 Shared space Reevegen	15		15 494	13 469
5664 Asfaltering kommunale vegar	1 761	2 500		
5665 Storgata - gågate - gatebruks- og reg.plan	815	500	2 520	22 000
5667 Parkeringsplassar for lading (6%)	772	1 500	760	2 000
Veg og parkanlegg	9 678	10 043		

5600 Bilar/maskinar
 Det er kjøpt inn nye bilar og anleggsmaskinar for 100 000 kroner i 2019.

5605 Sentrumstiltak
 Aktuelle gjennomførte sentrumstiltak i 2019 er omtalt i ULK-sak 011/20.

5610 Trafikksikring
 Gjennomføringa av aktuelle trafikksikringstiltak følger i hovudsak godkjend handlingsdel av «Trafikksikkerheitsplan 2016–2025» kvart år, jf. godkjend økonomiplan. Handlingdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen kvart år.

Samla utgifter i 2019 har vore 1,5 millionar kroner. Refusjonar frå fylkeskommunen er ikkje rekneskapsførte ved utgangen av året.

5645 Utskifting av gatelys

Arbeidet med utskifting av gamal gatelysarmatur med LED-teknologi som følgje av krav frå vegstyresmaktene er i rute. Ved utgangen av 2019 er det nytta 9,6 millionar kroner netto til arbeidet av ei fleire års løyving på i alt 11,25 millionar kroner.

5646 G/S-veg langs FV 208 Line–Hognestad

Det vert vist til anleggsrekneskapen i KS-sak 098/19.

5648 Stemmen, mudring

Det er utført mudring både i Stemmen på Kvernaland og i Sivdammen ved bruva inn til Sandtangen i 2019. Samla rekneskapsførte kostnadar er 410 000 kroner så langt.

5656 Ny parkeringsordning Bryne

Til innkjøp og oppsetting av skilt og betalingsautomatar for parkeringsordninga er det gått med 5,8 millionar kroner ved utgangen av 2019. Samla løyving er på 6,7 millionar kroner.

5661 Kaizersplassen

Det vert vist til anleggsrekneskapen i KS-sak 099/19.

5662 Mølledammen nord og sør

Det vert vist til anleggsrekneskapen i KS-sak 099/19.

5663 Shared space Reevegen

Det vert vist til anleggsrekneskapen i KS-sak 099/19.

5664 Asfaltering kommunale vegar

Aktuelle vegar som er reasfalterte i 2019 framgår av ULK-sak 011/20.

5665 Storgata – gågate – gatebruksplan og reguleringsplan

Planarbeidet for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate er i hovudsak ferdig ved utgangen av 2019. Planane heng saman med framtidig parkeringsløysing i Bryne, og vert lagde fram for politisk godkjenning dei komande åra.

5667 Parkeringsplassar for lading

Seks p-plassar for lading av el-bilar er på plass mellom rådhuset (bygg C) og Storstova.

Prosjektet er utført i samarbeid med Lyse og mellom anna tilskot frå Enova. Samla sett er det brukt 760 000 kroner av ei løyving på to millionar kroner.

Vann, avløp og renovasjon	Regnskap 2019	Budsjett 2019	Regnskap hittil	Prosjekt budsjett
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	468	3 000		
5520 Vass- og avløpsanlegg Line-Hognestad	1 466	1 370	29 482	25 419
5535 Ny renovasjonsordning	198	1 800	523	3 600
5550 Overvasstiltak - Bryne	2 385	2 000	10 808	10 078
5553 Overvasstiltak Elisberget aust og Tjødnavegen	9 092	18 780	10 639	21 001
5554 Overvasstiltak Rosseland - Kjeldevegen	13 812	18 000	14 700	19 000
5555 Trykkauke og reduksjonsstasjonar for vatn Mossige - Kvernaland	2 461	2 400	6 467	6 300
5557 Vassmålarar - innkjøp av husstandsmålarar	84	500	667	1 500
5559 Sanering VA og OV leidningar - Markvegen, Kvernaland	5 096	2 800	5 435	3 000
5566 Samankopling til Klepp - Tinghaugvegen, Bryne	7 212	3 500	7 273	8 000
Vann, avløp og renovasjon	42 274	54 150		

5500 VA strakstiltak og vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått vert defekt, samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet. Det er brukt 468 000 kroner av ei løyving på tre millionar kroner i 2019. I løpet av 2020 vil me starta arbeid med iverksetting av sonemåling av vassforbruket.

5520 Vass- og avløpsanlegg Line-Hognestad

Det vert vist til anleggsrekneskapen i KS-sak 097/19.

5535 Ny renovasjonsordning

Det er i perioden 2017–2019 brukt 523 000 kroner av ei samla løyving på 3,6 millionar kroner til innkjøp av nye større avfallsdunkar som følge av at plastemballasjen frå 2019 skal inngå i restavfallet. Noko digitalisertingsverktøy innan renovasjonstenesta er også kjøpt inn i 2019. Dette mellom anna for å få ei meir serviceretta renovasjonsteneste for innbyggjarane og renovatørane.

5550 Overvasstiltak - Bryne

Dei siste åra er det utført nettanalyse på Bryne og utarbeidd ein foreløpig oversikt over høgst nødvendige overvasstiltak. Tiltaka er vurderte, kostnadsrekna og er prioriterte i handlingsdelen av ny hovudplan for vatn og avløp. I 2018 vart det utført ein omfattande analyse av overvassutfordringar i heile kommunen, noko som mellom anna har danna betydeleg skjerpa føresegner i ny arealdel av kommuneplanen. I 2019 er det utført undersøkingar av infiltrasjonskapasiteten i ulike område i kommunen. Sluttrapport vil føreligga 1. halvår 2020.

Det er dei tre siste åra skifta ut om lag 80 felleskummar på Rosseland som strakstiltak for å møta overvassutfordringane i området. Dette delprosjektet er nå ferdig og har hatt ein kostnad på 7,5 millionar kroner. Arbeidet med kartlegging og utskifting av felleskummar (spillvatn og overvatn) på Bryne vil fortsetja.

5553 Overvasstiltak Elisberget aust og Tjødnavegen

Prosjektet pågår og er venta ferdigstilt våren 2020.

5554 Overvasstiltak Rosseland - Kjeldevegen

Prosjektet pågår og vert ferdigstilt tidleg i 2020.

5555 Trykkauke og reduksjonsstasjonar for vatn Mossige – Kvernaland

Prosjektet gjeld etablering av to trykkaukestasjonar og ein reduksjonsstasjon på Mossige og Kvernaland i tråd med føringane i hovudplanen for vatn og avløp. Prosjektet vart ferdigstilt ved årsskiftet 2019/2020.

5557 Vassmålarar – innkjøp av husstandsmålarar

Det er kjøpt inn nye vassmålarar for utleige til husstandar for vel 600 000 kroner dei to siste åra. Samla sett er det avsett 1,5 millionar kroner til formålet over to år.

5559 Sanering VA og OV leidningar – Markvegen, Kvernaland

Prosjektet har samanheng med inngått utbyggingsavtale mellom kommunen, Øster Hus AS og Kruse Smith Eigedom AS i høve bustadutbygginga langs Frøylandsvegen på Kvernaland, jf. plan 0459.00. Utbyggjarane skulle mellom anna dekka anleggskostnadane for gang- og sykkelvegen langs Markvegen og kryssløysinga mot Fjermestadvegen. Kommunen skulle dekka kostandane ved utskifting av vass-, avløps- og overvassleidningane. Under anleggsarbeidet i Markvegen viste det seg at heile leidningsnettet i den tilstøytande Porsvegen var brote saman, i hovudsak grunna elde, og måtte skiftast fullstendig ut. Årsaka til meirutgiftene her er då relatert til alt anleggsarbeidet langs Porsvegen som i utgangspunktet ikkje var tenkt å gjera noko med.

5566 Samankopling til Klepp – Tinghaugvegen, Bryne

Prosjektet gjeld gjennomføring av siste etappe for å kopla vassleidningen frå Bryne sentrum via Torggata, Brynevegen og Tinghaugvegen til Kleppnettet. Tiltaket sikrar forsyningstryggleiken av vatn til Bryne. Arbeidet vert utført i forbindelse med anleggsarbeidet for ny ungdomsskule i Vardheia. Samla prosjektkostnadar er 9,8 millionar kroner der 1,8 millionar kroner skal rekneskapsførast over ungdomsskuleprosjektet.

7.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2019

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad	
	Tilsett klimateknikkar	0,8 millionar kroner/år		2012
1209	<i>Redusera spesifikk energibruk i rådhuset med 15 %</i>			
	Ombygging i C-bygget med skifte av vindauge	42 millionar kroner		Ferdig
	Omlegging til bioenergibasert varme	5 millionar kroner		Ferdig i 2017. Manglar litt tilpassingar/justeringer
	Sivdamsenteret og Sivdamheimen			Bytta aggregat som har roterande gjenvinnarar i 2017
	Ombygging i A-bygget med m.a. skifte av vindauge	17 millionar kroner		Ferdig i 2017
1213	<i>Installert/sentralisert SD-anlegg* i kommunale bygg</i>	20 millionar kroner		Løyvinga går over 10 år frå 2011
	Omsorgsbustader Svertingstad			
	Kvernaland omsorgssenter			

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad
	Bryne skule		
	Frøyland skule		Utvila skule og fleirbrukshall i 2017
	Lye skule		
	Rosseland skule		
	Hognestad skule		Bytta ut aggregat i sløydsal i 2016
	Rådhuset		Installert energimålar i 2016
	Sivdamsenteret		
	Sivdamheimen		Bytta ut bassengaggregat i 2016
	Bryneheimen		Bytta ut tre aggregat til eitt i 2016
	Storstova		Installert energimålar i 2016
	Bryne Mølle		SD-anlegg i 2016
	Bryne kompetansesenter		
	Bryne ungdomsskule		
	Vesly idrettsbarnehage		
	Kvernaland barnehage		
	Ådalen barnehage		
	«Skatt Vest» bygget		SD-anlegg i 2016
	Bryne brannstasjon		SD-anlegg i 2016
	Ny energisentral		SD-anlegg i 2016
1212	Garderobar i rådhuset for sykling til arbeid	1 million kroner	2016
	Maurtua barnehage		SD-anlegg i 2017
	Undheim skule		SD-anlegg i 2017
	Røyrvika bufellesskap		SD-anlegg i 2017
	Monsanut barnehage		SD-anlegg i 2017 (manglar nett)
	Austbø barnehage		SD-anlegg i 2018
	Nyland barnehage		SD-anlegg i 2018
	Undheim skule		SD-anlegg i 2018
	Rosseland bygg D		SD-anlegg i 2018
	Timehallen		SD-anlegg i 2018
	Sivdamsenteret		Varmestyring i 2018
	Lyefjell barnehage		SD-anlegg i 2018
	Rådhuset/Sivdamområde		Energimålarar i 2018
	Undheim skule		Bytta aggregat heimkunnskap i 2018
	Bryne Mølle		Bytta aggregat kafè/utstilling i 2018
	Bryne Mølle		Ny brannventilasjon i 2018
	Kontorbrakke på Håland		Ny ventilasjon i 2018
1213	Enøkt tiltak Timehallen	1 million kr	Installert ventilasjonsanlegg i 2019
1213	Enøktoltak Rådhuset	700.000 kr	Ny gasskjel i 2019
1213	Storstova	150.000 kr	Nytt ventilasjonsanlegg i 2019
1213	Røyrvika 2	20.000 kr	SD-anlegg i 2019
1213	Rådhus bygg C	100.000 kr	SD-anlegg i 2019
			<i>Det vert montert SD-anlegg i alle nye bygg</i>
	Etablera 6 P-plassar for lading av elbilar ved rådhuset	1 million kroner	Etablert i 2018

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad	
	<i>Deponigasssanlegg Re fyllplass</i>	300.000 kr delt mellom Hå, Klepp og Time.		I 2019 vart anlegget oppgradert etter 20 års drift. Dette var nødvendige tiltak for å sikra fortsatt drift av gassuttaket som er pålagt av Fylkesmannen fram til 2030. Gassmengda som nå vert teken ut og fakla av har auka til over 60 %. Noko som estimatet i planen var, dersom anlegget vart oppgradert.
	<i>ENØK-tiltak</i>			Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2
	<i>Tiltak innanfor plan og forvaltning</i>			Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2

*SD-anlegg = Sentraldriftsovervakingsanlegg for m.a. ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg, samt lys og anna teknisk infrastruktur.

Det er også utført installasjon av energimålarar til bygg i rådhusområdet som vert vist i SD-anlegget og kan brukast i energioppfølgingssystemet (EOS). Utviding av EOS er også utført i 2016.

Time kommune deltek i «Klimanettverk Jæren». Dette er eit forum for utveksling av idear og samarbeid om rullering av nye klimaplanar.

8 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Resultat med tilhøyrande kommentar til følgande undersøkingar:

Undervisning

	Snitt Time 2019	Snitt Rogaland 2019	Snitt Norge 2019
Elevundersøking	3,9	3,9	3,9
Foreldreundersøking	4,3	4,1	4,2

Kjelde: Utdanningsdirektoratets rapportportal, 5 best, 1 därlegast.

Tala i framstillinga representerer eit snitt av fleire ulike indikatorar. Elevundersøkinga syner elevane si subjektive oppleving av eige læringsmiljø. Tilsvarande syner foreldreundersøkinga eit bilde av føresette si oppleving. Begge undersøkingane er sentrale kjelder til kunnskap om læringsmiljø i arbeid med skuleutvikling, og skal gjennomførast årleg om hausten.

Tala visere god utvikling på dei fleste områda. Time kommune opprettheld låge tal knytt til mobbing og opplevd krenking, noko som støttar vidare satsing.

Sjå til Tilstandsrapport for Jærskulen 2019 for fleire detaljar kring elevane sitt læringsmiljø.

Helsestasjon 0-5 år 2019

Undersøkinga vart gjennomført i løpet av 3 veker i mai 2019, ved alle helsestasjonane i kommunen. Alle foreldre med barn i alderen 0-5 år som kom innom helsestasjonane i løpet av denne perioden vart spurde om å delta. Me brukte standard spørjeskjema til bedre.kommune.no som me og har brukt ved tidligare brukarundersøkingar i 2010, 2012, 2014 og 2017. Foreldra vart oppmoda om å fylla ut skjemaet på helsestasjonen. Dei vart tilbudd å låne nettbrett på helsestasjonen og alle svarte elektronisk.

Helsestasjon

	Snitt Time 2019	Snitt Rogaland 2019	Snitt Norge 2019
Brukarsøking	5,4	5,4	5,2

Kjelde: Bedrekommune. 6 best, 1 därlegast

Av 188 brukarar vart det levert inn 167 tilbakemeldingar. Det gjev ein svarprosent på 89 %.

Helsestasjonen er godt nøgd med tilbakemeldingane brukarane gjev på helsestasjonsarbeidet i Time. Undersøkinga stadfestar at det vert arbeidd godt og at ein over fleire år har klart å halda eit stabilt høgt nivå og levera eit tilbod som kommunen sine brukarar er veldig tilfreds med. Dei siste åra har helsestasjonen hatt høgt fokus på psykisk helse og førebygging av vald/overgrep. Dette vil me fortsetja med. Brukarundersøkinga viser at det og er viktig å halda seg oppdatert på tradisjonelle tema som ernæring og søvn.

Klepp og Time legevakt

I perioden 4.-23. november 2019 sende Klepp og Time legevakt ut elektronisk spørjeskjema via SMS til alle som var i kontakt med legevakta. Det elektroniske verktøyet Qualtrics vart nytta i undersøkinga. Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin (NKLM) har utført registrering av data og gjennomført enkle, deskriptive analysar. 742 personar fekk spørjeskjema tilsendt. Det var 202 personar som svarte på undersøkinga, noko som gjev ein svarprosent på 27 %. Når svarprosenten ikkje er høgare enn 27 % er grunnlaget for å nytta informasjonen noko svakt. For store konklusjonar skal ein derfor vera varsame med på dette grunnlaget.

Resultata i undersøkinga viser at fleirtalet av dei som har svart opplever å verta møtt og verta behandla på ei velfungerande og velorganisert legevakt. Undersøkinga viser gjennomgåande positive erfaringar frå dei brukarane som svarte. 89 % av respondentane rapporterte at dei i stor eller svært stor grad opplevde at hjelpa frå legevakta var tilfredsstillande. Dei aller fleste (85 %-95 %) svarte at både sjukepleiar og lege i stor eller svært stor grad tok pasienten på alvor, var interessert i beskrivinga av tilstanden, snakka slik at pasienten forstod og var fagleg dyktige. Fleire brukarar kommenterte også gode tilbakemeldingar i rubrikk for «fritekst» i undersøkinga.

Time bibliotek

	Snitt Time 2019	Snitt Rogaland 2019	Snitt Norge 2019
Brukarundersøking	5,0	5,0	5,0

Kjelde: Bedrekommune. 6 best, 1 dårligast

Renovasjon

	2014	2018
Hvor fornøyd er du alt i alt med renovasjonstjenestene i din kommune?	5,2	4,9
Hvor fornøyd er du med dagens system for utlevering av matavfallsposene?		5,2
Hvor fornøyd er du med dagens system for utlevering av plastsekkene?		5,3
Dunkene tømmes til avtalt tid.		5,5
Dunkene tømmes ofte nok til at de ikke blir for fulle.		4,4
De som tømmer dunkene setter de fint på plass etter tømming.		5,0
De som tømmer dunkene er serviceinnstilte.		5,1

Kjelde: Time kommune. Skala 1 - 6, hvor 6 er best.

Brukarundersøking for renovasjon i 2018 vart ikkje rapportert i Årsrapport 2018.

Vatn og avløp

	2011	2015	2019
I hvilken grad opplever du at vann- og avløpstjenesten leverer det de skal?	5,0	5,5	5,6
I hvilken grad har du tillit til vann- og avløpstjenesten?	5,0	5,4	5,5
I hvilken grad er du fornøyd med den informasjonen du får fra vann- og avløpstjenesten i kommunen?	3,9	4,7	4,7
Alt i alt, hvor fornøyd er du med vannforsyningstjenesten?	5,0	5,5	5,5
Alt i alt, hvor fornøyd er du med avløpstjenesten?	5,0	5,3	5,6

Kjelde: Vann og avløpsundersøkelsen utført av Epinion.

Skala 1 - 6, hvor 6 er best.

Dagsenter

	Snitt Time 2019	Snitt Rogaland 2019	Snitt Norge 2019
Brukundersøking	5,6	5,6	5,4

Kjelde: Bedrekommune. 6 best, 1 dårligast

Pleie og omsorg, institusjon

	Snitt Time 2019	Snitt Rogaland 2019	Snitt Norge 2019
Brukundersøking	5,2	5,3	5,1

Kjelde: Bedrekommune. 6 best, 1 dårligast

SFO

	Snitt Time 2019	Snitt Rogaland 2019	Snitt Norge 2019
Brukundersøking	4,6	4,6	4,7

Kjelde: Bedrekommune. 6 best, 1 dårligast

9 Status politiske vedtak og planstrategi

9.1 Politiske vedtak 2019

Oversikten nedanfor viser eit utval av politiske vedtak i 2019. Det som førte til særskilt oppfølging frå administrasjonen si side, men som ikkje vart fullført i løpet av året, er teke med i oversikten. For desse sakene vert det rapportert på status ved utgangen av 2019.

Saksnummer/sak	Status
KS-031/19 Evaluering av Jærskulesamarbeidet	
3. Jærskulen gjev ein årleg rapport i tillegg til tilstandsrapporten.	Tilstandsrapport for Jærskulen «Kvalitet og utvikling i Jærskulen», vert lagt fram for kommunestyret i møte 5.mai. Årsrapport er arbeida inn i denne som del 4 i rapporten.
KS-033/19 Plan 0481.00: Detaljregulering for fortetting nord for Frøylandsbekken, Kvernaland	
2. Det er avtalt i oppstartsmøte og planvarsling at det skal inngås utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen.	Utkast til utbyggingsavtale føreligg, og forhandlingar pågår.
KS-075/19 Nytt forslag til realisering av idrettshallar på Bryne stadion	
2. Kommunestyret ber rådmannen legga fram sak om bygging og finansiering av ny idrettshall på Time vidaregåande skule-tomta så snart som råd. 3. Kommunestyret ber rådmannen starta utarbeiding av ein områdeplan for dei kommunale eigedommane mellom Rosseland skule og Hetlandsgata på Bryne.	Sak om val av tomtealternativ for ny idrettshall og symjehall vert behandla av kommunestyret i mars 2020. Områdeplan for området vert 1. gongs behandla av Utval for lokal utvikling 05.03.20.
KS-077/19 Avtale om vertskommunesamarbeid med Hå kommune knytt til norsk og samfunnsfag for innvandrarar og grunnskule for vaksne	
2. Kommunestyret sett som vilkår for inngåing av avtale at Hå kommune må sikra at talet på tilsette som følger over til Bryne kompetansesenter ikkje er større enn behovet som er avtalt på førehand mellom kommunane. Endeleg vertskommuneavtale skal leggast fram for kommunestyret for godkjenning.	Administrativ prosess gjennomført saman med Hå. Avtale om at talet på tilsette som følger med ved overføring av verksemda til Time inngått. Siste gjennomgang for endeleg fastsetting skjer i skifte mai/juni 2020. Sak om vertskommuneavtale leggjast fram for kommunestyret i juni.

Saksnummer/sak	Status
KS-090/19 Drifts- og ressursanalyse innan helse og omsorg - oppfølging av rapport	
2. Det skal utarbeidast halvårlege rapportar om vidare oppfølgingsarbeid til utval for levekår og senior- og brukarrådet. Avgjersle av prinsipiell karakter skal òg fremmast for relevant politisk utval. 3. Plan for institusjonsplassar, omsorgsbustader og evt. sjå på private mindre husvære tilpassa eldre skal leggast fram for kommunestyret hausten 2020.	Rapport er planlagt å leggja fram i juni og desember 2020. Arbeidet er i gang.
KS-092/19 Søknad om tilskudd til etablering av reiselivsselskap på Jæren	
2. Næringsssjefene bes arbeida vidare saman med initiativtakarane, og saman med Region Stavanger, fylkesmannen, Rogaland Fylkeskommune og Innovasjon Norge for å avklara alternative løysingar for å løfta reiselivsnæringa på Jæren.	Næringsssjefane arbeider saman med reiselivet og regionale partar. Fleire nye initiativ er tekne, og ny politisk sak er planlagt medio 2020.
KS-093/19 Prosjekt 2243 og 2248: Frøyland skule og Kvernhalen - Byggeregnskap	
4. Ber om at administrasjonen kjem tilbake med sak om uteområdet og tar med FAU i prosessen.	Sak til politisk behandling er under arbeid og vert lagt fram 1. halvår 2020.
FSK-011/19 Orientering vedrørande felles fyrverkerioppskyting nyttår 2018 i regi av Kvernaland Vel	
2. Kvernaland Vel leverer evalueringsrapport på nyåret 2020. 3. Arbeid med å vurdera innføring av forbodssone for oppskyting av fyrverkeri på Kvernaland vert utsett til 2020.	Kvernaland Vel har levert evalueringsrapport for felles fyrverkeri nyttår 2019/2020. Det vert utført ein ROS-analyse våren 2020 som grunnlag for vurdering om innføring av forbodssone på Kvernaland.
LEV-015/19 Kollektivtransport på turar som er arrangert av skular og barnehagar	
Administrasjonen tek initiativ til å gå i dialog med NSB og Kolumbus om ein avtale der alle grunnskuleelevar og barnehagebarn kan reisa gratis med kollektivtransport i regi av skular/barnehagar.	Administrasjonen har sendt førespurnad til leverandørane. Følges opp vidare våren 2020.
LEV-048/19 Vidareføring av arbeid med framtidig legevaktsamarbeid	
2. Sak om framtidig legevakt vert lagt fram for politisk behandling etter at den nasjonale rettleiaren er ferdigstilt.	Legevaktsaka vert behandla av kommunestyret i mars 2020.
ULE-005/19 Brukarundersøking i skulefritidsordninga	
4. Time kommune skal sjå på moglegheita for redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon. Målet sjåast i samanheng med arbeidet mot barnefattigdom.	Redusert foreldrebetaling vert effektuert som statleg ordning, etter vedtak i statsbudsjett for 2020. Ei innføring av søskenmoderasjon må verte vurdert i samanheng med heilskapleg arbeid mot barnefattigdom.
LOK-022/19 Plan 0507.00: Områdeplan for S12 og S15, Bryne sentrum	

Saksnummer/sak	Status
Planen vert utsett. Administrasjonen arbeider vidare ut frå signala gjevne av Lokal utvikling.	Nytt planforslag er under arbeid og vert lagt fram i løpet av 2020.
LOK-044/19 Plan 0487.00: Områdeplan for Brynehaugen vest, Bryne	
Lokal utvikling vedtar å avvise forslag til Områdeplan for Brynehaugen vest, Bryne, plan 0487.00 med tilhøyrande bestemmingar, begge datert 13.08.2019. Planen må gjennomførast i dialog med grunneigarane for å utarbeida ein gjennomførbar plan.	Føresegne i ny arealdel til kommuneplanen 2018-2030 vert lagt til grunn for fortetting i området.
ULK-002/19 Plan 0515.00: Detaljregulering for tjenesteyting i Gamle Bryne Mek, Bryne	
2. Det er avtalt i oppstartsmøte og planvarsling at det skal inngås utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen.	Reguleringsplanen vart godkjend av kommunestyret i februar 2020. Det pågår forhandlingar om utbyggingsavtalen.
ULK-014/19 Plan 0454.00: Detaljregulering for forretning og bustad i Storgata 19-23, Bryne sentrum	
3. Det er i oppstartsmøte og planvarsling avtalt at det skal inngås utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen.	Utkast til utbyggingsavtale ligg føre, og forhandlingar pågår.
ULK-015/19 Plan 0516.00: Detaljregulering for bustad og næring i Tralfavegen 7, Bryne	
3. Det er i oppstartsmøte og planvarsling avtalt at det skal inngås utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen.	Utkast til utbyggingsavtale ligg føre, og forhandlingar pågår.
ADU-002/19 Heltidserklæring i tenesteområdet Omsorg	
Ber arbeidsgjevar om å prioritera å setta ned formelt utval for å oppretthalda fokus på dette.	Styringsgruppe for heiltid er oppretta.
SBR-028/19 Brukermedvirkning og universell utforming i plan-og bygningssaker	
